




STRYN KOMMUNE

# Handlings- og økonomiplan for 2023 — 2026 og budsjett 2023

Kommunestyret sitt vedtak KS 107-22, 13.12.2022



## Innhold

|  |    |
|--|----|
| Rettleiing til økonomiplanen .....       | 4  |
| Kommunedirektøren si innleiing .....     | 10 |
| Budsjettvedtak .....                     | 12 |
| Plangrunnlaget .....                     | 23 |
| Status og rammevilkår .....              | 31 |
| Folketalsutvikling .....                 | 40 |
| Investeringar i økonomiplanen .....      | 49 |
| Økonomisk utvikling i planperioden ..... | 56 |
| Kommunen sine tenestoområde .....        | 59 |
| Sentraladministrasjon .....              | 59 |
| Beskriving av dagens verksemd .....      | 59 |
| Utfordringar og strategi .....           | 59 |
| Overordna mål .....                      | 60 |
| Måltabell .....                          | 60 |
| Driftsbudsjett med endringar .....       | 61 |
| Investeringsbudsjett .....               | 62 |
| Skule og kultur .....                    | 64 |
| Beskriving av dagens verksemd .....      | 64 |
| Utfordringar og strategi .....           | 66 |
| Overordna mål .....                      | 71 |
| Måltabell .....                          | 71 |
| Driftsbudsjett med endringar .....       | 72 |
| Investeringsbudsjett .....               | 73 |
| Helse og sosial .....                    | 74 |
| Beskriving av dagens verksemd .....      | 74 |
| Utfordringar og strategi .....           | 74 |
| Overordna mål .....                      | 75 |
| Måltabell .....                          | 75 |
| Driftsbudsjett med endringar .....       | 77 |
| Investeringsbudsjett .....               | 80 |
| Samfunnsutvikling .....                  | 82 |
| Beskriving av dagens verksemd .....      | 82 |
| Utfordringar og strategi .....           | 82 |

## Økonomiplan for 2023-2026

|  |    |
|--|----|
| Overordna mål.....   | 83 |
| Måltabell .....  | 84 |
| Driftsbudsjett med endringar.....                            | 85 |
| Investeringsbudsjett.....                                    | 87 |
| Vedlegg.....   | 91 |
| Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd ..... | 91 |
| Budsjett Kontrollutvalet .....                               | 98 |

## Rettleiing til økonomiplanen

Her kan du lese meir om kva ein økonomiplan er og korleis ein finn fram. I tillegg finn du forklaringar på nokre ord og uttrykk som blir brukt i økonomiplansamanheng.

### Kva er ein økonomiplan?

Det er lovfesta at kommunane skal ha ein økonomiplan som visar korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgast opp. Økonomiplanen skal vise prioriteringar og løyvingar, og dei mål og vilkår som økonomiplanen er bygd på. I økonomiplanen er det år 1 (2023) som er det bindande budsjettet til kommunen.

Den gir altså eit hovudoversyn over det økonomiske handlingsrommet i planperioden. Den syner dei sentrale rammeføresetnadene på inntekts- og utgiftsida (Sentrale kapittel). Vidare gir den oversyn over viktige lokale utviklingstrekk med relevans for drift og investeringar (Tenesteområde).

Når økonomiplanen no skal reviderast er det gjort ei vurdering av rammevilkåra som:

- Skatt og rammetilskot
- Renter/avdrag
- Avgifter
- Egedomsskatt
- Endringsbehov i tenesteområda

Ut i frå dette vil ein sjå kva økonomisk handlingsrom kommunen har i åra framover, prioriteringar og utfordringar.

### Framsikt – eit verktøy for budsjett og rapportering

Stryn kommune er glade for å kunne gjere budsjett og økonomiplan meir tilgjengeleg for innbyggjarar, politikarar og andre interesserte. Frå og med budsjettåret 2020 gjekk vi over til å nytte Framsikt som verktøy til Handlingsdel med økonomiplan og budsjett samt rapportering til kommunestyret. Dette inneber at budsjettet ikkje vert gitt ut i papirform, men det vil bli publisert ein versjon i PDF som kan lastast ned.

Dette innebar ein annan måte for dei folkevalde å orientere seg i budsjettet på enn tidlegare. Budsjettet og økonomiplanen vert no presentert i ei web-løysing, der ein kan gå inn på dei ulike delane av budsjettet, og gå vidare inn i dei ulike rammeområda. Sjølv om budsjettet no vil innehalde meir detaljinformasjon på einingsnivå, er det viktig å huske at dei politiske vedtaka vert gjort på rammenivå.

### STRUKTUR I BUDSJETTDOKUMENTET

Du kan enten orientere deg ved å nytte lenker på framsida av budsjettdokumentet. Alternativt nyttar du "Meny" øvst i skjermbilete for å orientere deg i dei ulike kapitla i dokumentet.

2

1

## Handlings- og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023 Kommunedirektøren sitt framlegg

### 3 Introduksjon

#### Rettleiing til økonomiplanen →

Her kan du lese meir om kva ein økonomiplan er og korleis ein finn fram. I tillegg finn du forklaringar på nokre ord og uttrykk som blir brukt i økonomiplansamanheng.

### 4 Grafikk og nøkkeltal

Driftsramme for 2023 →

Investeringar i 2023 →

Endring driftsbudsjett →

Utvalde nøkkeltal →

### 5 Kommunen sine tenesteområder

Sentraladministrasjon →

Skule og kultur →

Helse og sosial →

Samfunnsutvikling →

Skattar, rammetilskot og finans →

### 6 Sentrale kapittel

## 1. MENY

I menyen øvst til høgre finn du alle delane av dokumentet. Dei generelle og overordna delane av dokumentet øvst, og kapittel per tenesteområdeområde nedst.

## 2. SØKEFELT

Her kan du søkje etter ting du vil lese meir om i Handlings- og økonomiplanen og budsjett.

## 3. INTRODUKSJON

Introduksjon til økonomiplanen, samt forklaring på nokon ord og begrep som blir nytta i budsjett og økonomiplan.

## 4. GRAFIKK OG NØKKELTAL

Grafisk framstilling av drift og investering per tenesteområde, samt finansielle hovudtal.

## 5. TENESTEOMRÅDER

Her vert budsjettforslaget for dei enkelte rammeområda, med underliggende einingar, utdjupa. I tråd med gjeldande budsjettreglement, skal kommunestyret vedta ei netto driftsramme for kvart enkelt rammeområde.

Dei enkelte rammeområda er spesifisert med følgjande informasjon:

- Beskriving av dagens verksemd
- Utfordringar og strategi
- Mål
- Driftsbudsjett med endringar\*)
- Innsparingstiltak
- Ønska tiltak og ytterlegare innsparingar (dette er tiltak som ikkje er med i kommunedirektøren sitt framlegg)
- Investeringsbudsjett
- Ønska investeringar

*\*)Kort forklaring til driftsbudsjett med endringar:*

*Vedtatt budsjett: Vedtatt ramme i økonomiplanen som vart vedteken i desember 2021*

*Sum vedtak førre periode: Vedtak i økonomiplanperioden som får ytterligare verknad i 2023*

*Konsekvensjustert ramme: Vedteken ramme frå desember 2021, inkludert tidlegare tiltak som påverkar i økonomiplanperioden*

*Sum nye tiltak: Summen av alle ny tiltak i kommunedirektøren sitt budsjettframlegg*

*Ramme 2023-2026: Sum forslag Ramme frå kommunedirektøren*

*Under denne tabellen er dei ulike tiltaka omtala nærare med tekst.*

## 6. SENTRALE KAPITLER

### **Kommunedirektøren si innleiing**

Innleiande ord om Handlings- og økonomiplanen frå kommunedirektøren.

### **Budsjettvedtak**

Her ligg framlegget til vedtak.

### **Plangrunnlag**

Her finn du visjon, verdiar, overordna mål og strategiar.

### Status og rammeføresetnader

Her kan du lese meir om den økonomiske status i kommunen og kva føringar vi får gjennom til dømes statsbudsjettet.

### Folketalsutvikling

Forventa folketalssutvikling i Stryn kommune som vi må ta omsyn til i vår planlegging av tenestetilboda i Stryn kommune, og som også påverkar våre inntekter.

### Investeringar i økonomiplanen:

Oppsummering av investeringane i økonomiplanperioden og utviklinga av lånegjelda til Stryn kommune. Her kan ein klikke på namnet til investeringa for å lese meir om kvart enkelt tiltaket.

### Økonomisk utvikling i planperioden

Ei kort oppsummering av den økonomiske utviklinga i kommunen i økonomiplanperioden.

### Vedlegg

Her ligg "Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd", og budsjett frå "Kontrollutvalet".

## Forklaring av ord og omgrep

Budsjett og økonomiplan kan vere vanskeleg. Her forklarar vi nokre av dei orda og omgrepa vi brukar i økonomiplanen.

### Avdrag

I kommunal sektor ser vi avskrivningane som er gjort i driftsrekneskapen, men dei får ikkje effekt for driftsresultatet. Derimot vert avdrag på lån ført som ein kostnad i driftsrekneskapen. Stryn kommune lånefinansierer det aller meste av investeringane i anleggsmidlar som kan avskrivas. For å sikre at verdiane til kommunen ikkje minkar, er det etablert ein handlingsregel: Eit prinsipp om at avdraga skal betalast i takt med avskrivningane på anleggsmidlane.

### Størrelsen på låneopptak

Stryn kommune vil gjennom økonomiplanen ha ei auke i langsiktig gjeld.

Kostra brukar indikatoren "Netto lånegjeld", som er brutto lånegjeld med frådrag av utlån (startlån og andre utlån). Stryn kommune sin handlingsregel knyter seg til Kostra si netto lånegjeld med frådrag av låneopptak til vatn og avløp (VA), som blir sett på som sjølvfinansierande.

### Kommunelova

I kapittel 14 i Lov om kommuner og fylkeskommuner ([kommunelova](#)) finn ein føresegnene for økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap, finansforvaltning og rapportering.

### Kommunale resultatomgrep

Bruken av ulike mål på kommunalt rekneskapsresultat kan forvirre. I forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunar og fylkeskommunar vert begrepet "rekneskapsmessig meir- og mindreforbruk" omtalt, medan det i den obligatoriske hovudoversikten over drifta i kommunen er innført omgrepa "brutto-" og "netto driftsresultat". Nedanfor vert desse og andre resultatformuleringar omtalt.

### **Rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk**

Når ein kommune har høgare utgifter eller lågare inntekter enn budsjettet, blir det gjerne sagt at kommunen går med underskot. Meir presist er det å seie at kommunen har eit rekneskapsmessig meirforbruk.

Frå 2020 legg forskrift om årsbudsjett, økonomiplan etc. opp til at eit meirforbruk skal reduserast mest mogleg ved at overføring til investeringsrekneskapan vert redusert, fondsmidlar vert nytta osv. Eit mindreforbruk skal setjast av til disposisjonsfond.

I realiteten tyder dette at frå 2020 vil resultatomgrepa "meir-/mindreforbruk" ha mista tydinga si. Eit attståande meirforbruk vil berre vere eit uttrykk for eit attståande framført underskot til inndekning seinare år.

### **Brutto driftsresultat**

Brutto driftsresultat er differansen mellom driftsinntekter og driftsutgifter, der driftsutgiftene også inkluderer avskrivningar. Dette er såleis eit mål på om driftsinntektene til kommunen over tid held tritt med driftsutgiftene. Eit positivt brutto driftsresultat vil vere nødvendig dersom finansutgiftene (renteutgifter og avdrag) er større enn finansinntektene (renteinntekter og utbytte). Omgrepet blir relativt lite nytta.

### **Netto driftsresultat**

Netto driftsresultat er det mest brukte resultatomgrepet i kommunesektoren. Dette resultatet kjem fram som ein differanse mellom driftsinntekter, driftsutgifter og netto finansutgifter. Resultateffekten av avskrivningane er her eliminert. Om kommunen har halde seg innanfor budsjettet er derimot ikkje eit tema for dette omgrepet. Eit positivt netto driftsresultat er ei forutsetning for å kunne eigenfinansiere investeringar (reducere nye låneopptak) og bygge opp disposisjonsfond (etablere bufferar). Ei svakheit ved netto driftsresultat er at det ikkje gir eit godt nok bilde av den meir langsiktige økonomiske utviklinga i ein kommune. Eit lavt vedlikehaldsnivå vil for eksempel påverke driftsresultatet positivt. Ei anna innvending er at avdrag, og ikkje avskrivningar inngår i resultatbegrepet, slik at det ikkje blir teke nok omsyn til kapitalslitet.

Dette er eit argument for at kommunane bør ha eit netto driftsresultat som tilsvara minimum 1,75 % av driftsinntektene. Ein annan ting er at avsetningar til bundne fond (øyremerka formål) vil bidra til positive driftsresultat i det året pengane vert sette av i rekneskapan, men vil svekke resultatet tilsvarande når midlane skal brukast i drifta seinare år. Endringar i pensjonspremieavvik og dekning av tidlegare års underskot vil også påverke driftsresultatet, utan at dette bidrar til å gi et bilde på den reelle økonomiske situasjonen i det aktuelle rekneskapsåret.

### **Premieavvik og pensjon**

Pensjonskassene bereknar ein premie som skal innbetalast med utgangspunkt i reglar og kriteria gitt av Finanstilsynet. For å berekne storleiken kommunen skal kostnadsføre i rekneskapan, er det reglar gjevne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som gjeld. Dersom innbetalt premie er høgare enn tillate kostnadsnivå, må kommunane inntektsføre mellomverande, *premieavviket*, i rekneskapsåret. Er kostnaden høgare enn premien, vert premieavviket behandla som over, men med motsett fortegn. Balanseført, akkumulert premieavvik skal inntekts- eller kostnadsførast over anten 1 eller 7 år. Stryn kommune har no 7 års amortisering, og denne endringa er teken omsyn til i økonomiplanen.

### **Inntektssystemet for kommunar og fylkeskommunar**

Det overordna målet med inntektssystemet er å jamne ut føresetnadane til kommunane for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane. Ved fordelinga av rammetilskotet vert det teke omsyn til strukturelle skilnader i kostnadar i kommunen (utgiftsutjamning) og forskjellar i skatteinntektene (skatteutjamning eller inntektsutjamning). Skatt og rammetilskot er kommunen sine frie inntekter. Saman med momskompensasjonen skal desse inntektene dekke ca. 80 % av utgiftsbehova i kommunen.

For dei resterande 20 % må kommunane sjølv skaffe inntekter, som til dømes brukarbetaling, utbytte, eigedomsskatt og finansinntekter.

Skatteinntektene til kommunane er andel av innbyggjarane sin innbetalte skatt på formue og inntekt. Innbetalt skatt blir fordelt til kommunen, fylkeskommunen, staten og folketrygda. Også når det gjeld skatteinntektene er det ei ordning i inntektssystemet som delvis tek i vare at kommunane har ulik skatteinntekt pr. innbyggjar. 10 gongar årleg vert det utrekna ei gjennomsnittleg inntekt pr. innbyggjar for landet totalt og pr. kommune. Kommunar som har skatteinntekter utover landsgjennomsnittet får eit trekk som blir brukt til kompensasjon til dei kommunane som har lågare skatteinntekter enn landsgjennomsnittet. Kommunane blir ikkje justert heilt ned eller helt opp til landsgjennomsnittet.

Sjå Portal for frie inntekter ([frieinntekter.regjeringen.no](https://frieinntekter.regjeringen.no)) som beskriv alle elementa rammetilskota for kvar kommune.

## Kommunedirektøren si innleiing

Kommunedirektøren forklarar Handlings- og økonomiplan på overordna nivå, samt status og utfordringar Stryn kommune står ovanfor.

Årets arbeid med budsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 har vore prega av at det blir stadig strammare økonomiske rammer. Prioriteringane blir tøffare, og ein må no meir enn før ta avgjerla/gjere vedtak som kan komme på kostnad av andre gode tiltak. Det er gjort eit grundig arbeid i administrasjonen gjennom fleire rundar for å sjå på moglegheiter for innsparing med forslag. Takk for godt arbeid til alle.

Stryn kommune leverer tilfredsstillande tenester til innbyggjarane, men dei økonomiske rammene blir som sagt strammare. Budsjettet for 2023 er ekstra utfordrande å få i balanse då vi ser at driftskostnadane aukar, spesielt på bakgrunn av høgare lønsoppgjer og rentene går opp, utan at vi får kompensert dette i tilstrekkeleg grad i overføringane. Krav og regelverk der det er rom for skjønn opplever vi blir praktisert strengare. Stryn kommune må ha kompetanse og kapasitet til å handtere dette for å sikre vekst og utvikling i kommunen vår. Vi må også ta omsyn til dei finansielle måltala for kommunen i våre prioriteringar for å få til eit balansert budsjett samt over tid nå måltala. Dette betyr at vi må gå nøye gjennom vår verksemd å sjå på mellom anna prioritering av oppgåver, organisering og måten vi planlegger og løyser oppgåvene på, nærvær i jobb med meir.

Covid-19 pandemien sette også sitt preg på vårt arbeid i 2022. I tillegg kom krigen i Ukraina der kommunane vart utfordra på å ta i mot flykningar. Vi rigga oss tidleg for dette, men det tok relativt lang tid før flykningar frå Ukraina kom til kommunane. Dette er eit arbeid som vil halde fram i 2023.

Folketal er vesentleg for inntektene i ein kommune. Vi har ei positiv folketalutvikling hittil i 2022. Statistikken viser at vi er ei av kommunane i Vestland med best utvikling i forhold til folketalet. Det er mange gode prosjekt og initiativ som krev kommunal medverknad. Det er viktig at kommunen også i framtida er med på å legge til rette for gode utvikling som skaper arbeidsplassar. Vi må yte gode offentlege tenester og ha tilgjengelege tomter, bustadar og næringsareal. Godt samarbeid med verksemdar for å få til dette på ein berekraftig måte, er avgjerande for å stimulere til tilflytting. Handlingsrommet til Stryn Kommune er dessverre blitt mindre.

For å skape eit økonomisk handlingsrom for å kunne få den utviklinga ein ønskjer i kommunen må driftsutgiftene bli lågare enn driftsinntektene. Det kan gjerast ved å redusere driftsutgiftene, eller auke driftsinntektene. Uansett kva måte ein skal gjere dette på er det viktig at ein jobbar saman, både politisk – administrativt, samt på tvers av sektorane for å saman kunne finne det handlingsrommet vi treng, med andre ord «Samarbeid for handlingsrom».

Dei einaste inntektene vi sjølve kan auke, er eigedomsskatten. Alternativet er å redusere kostnader. Det som gjev størst effekt, men som samstundes oftast er vanskeleg å gjennomføre, er strukturendringar, t.d. legge ned ein skule eller stenge ei avdeling på ein sjukeheim. Problemet med strukturendringar er at dei ofte står i motsetning til andre politiske målsettingar og at dei skaper stor motstand når dei skal gjennomførast.

Ein annan måte å redusere kostnader på, er å levere eit lågare tenestenivå eller å auke eigenbetalinga for eksisterande teneste. Døme på dette kan vere standarden på kommunale vegar, kriteria for tildeling av teneste, kulturskoletilbod eller SFO-satsar. Også denne type tiltak kan vere politisk vanskeleg å gjennomføre og truleg lite framtidsretta.

Den tredje måten å redusere kostnader på, er å effektivisere organisasjonen og/eller omorganisere. Målet her er å levere minst like gode teneste som i dag, men til ein lågare kostnad. Dette er den enklaste måten å vedta politisk fordi det påverkar brukarar i mindre grad, men tilsette i større grad. Ved å endre måten ein organiserer arbeidet på eller korleis ein utfører arbeidet, kan ein oppnå innsparingar. Det å ha fleksibilitet og arbeide meir på tvers mellom sektorar og avdelingar er avgjerande og det arbeider vi med. Å skape brei oppslutning rundt slike endringar og faktisk klare å hente ut gevinstar, krev dyktig leiarskap på alle nivå. Dette er prosessar som tek tid, og som krev tolmod og uthald. Effektiv bruk av digitale verktøy både ut mot innbyggjarane og internt er ein føresetnad.

Det er store investeringsbehov i kommunen dei komande åra. Kommunestyret vil framover måtte prioritere mellom investeringar ein må gjere og investeringar ein ønskjer å gjere. Stryn kommune er utsett for flaum og skred. Kartlegging og sikringstiltak med hensikt å avgrense risiko for uønska hendingar, vil i større grad binde kapital gjennom distriktsandelen i framtida. Kommunedirektøren må signalisere at den auka kostnaden som følgjer av desse investeringane, ikkje kan berast i dei komande åra utan at dette får konsekvensar for drifta på andre område.

Det vidare arbeidet med utviklingsplanen/kommuneplanen sin samfunnsdel i 2023 er viktig for å kunne gjere dei rette prioriteringane framover for Stryn kommune. Det er gjennom denne planen vi får det styringsverktøyet vi skal bruke vidare for ønska samfunns- og tenesteutvikling. Det er gjennom tiltak i vidare budsjett og økonomiplanar vil vi kunne nå dei måla vi sett oss, og det er viktig at ein kan gjere prioriteringa av tiltak basert på dei strategiane som er vedtekne i samfunnsdelen. Derfor er dette eit arbeid som vil bli høgt prioritert i året som kjem, både politisk og administrativt.

Godt leiarskap er nøkkelen for å lukkast med å nå måla ein set seg. Leiarar som er endringsvillige og framtidsretta, og som leiar dei vanskelege prosessane med klokskap, er viktig. Vi har starta opp leiarutvikling august 2021, gjennomført fleire samlingar i 2022 og vil halde fram med dette utover i 2023.

Kommunedirektøren har gjennom framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023-2026 / budsjett 2023 gitt sine tilrådingar om driftsrammer og tenesteutvikling fireårsperioden. Ved handsaming av formannskapet sitt framlegg i kommunestyremøtet 13. desember, er det kommunestyret sine prioriteringar og vedtak som fastsett kommunen sine mål og rammer for perioden.

Vi er tilgjengelege for informasjon i budsjettprosessen.

Jon B. Nesje

Kommunedirektør

## Budsjettvedtak

### Godkjenning av Handlings- og økonomiplan 2023 - 2026 og Budsjett 2023

#### Kommunestyret 13.12.2022:

#### KS-107/22 Vedtak:

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke med dei endringar som går fram av vedtaka under. Auka tiltak i driftsbudsjett vert å finansiere ved bruk av disposisjonsfond.

#### 1. Handlings- og økonomiplan 2023 - 2026

- *Framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023 – 2026 for Stryn kommune blir godkjent, med dei føringane og premissa for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet med endringar vedteke i sak 107/22*

#### 2. Driftsrammer

##### 2.1. Driftsbudsjett 2023

- *Driftsbudsjett for 2023 blir vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «1A Løyvingsoversikt – drift».*

##### 2.2. Bevilgningsoversikt tenesteområde

- *Netto bevilgningar til sektorane blir vedtekne i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «1B Løyvingar – drift».*

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele midlar frå overordna ansvar, inkludert statlege tilskot og lønsreserven, på dei enkelte tenesteområda.

Ordførar får fullmakt til å disponere formannskapet sin konto «Til disposisjon for formannskapet».

#### 3. Investeringsrammer

Investeringsbudsjettet for 2023 blir vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «2A Løyvingsoversikt – investering».

Oversikt over dei enkelte investeringsprosjekta kjem fram i «*Investeringar i økonomiplanen*», samt kapitla for tenesteområda.

#### 4. Skatt

Skatt på inntekt og formue for 2023 blir skriven ut etter maksimalsats fastsett av Stortinget.

## 5. Lån

For 2023 blir det gjeve fullmakt til følgjande låneopptak («2A Løyvingsoversikter – investering»):

1. Lån til finansiering av egne investeringar, inntil MNOK 105,5
2. Lån til sjølvkostområda, inntil MNOK 10,0
3. Lån til vidareformidling, inntil MNOK 7,0

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkår for ovannemnde lånerammer.

- 1) Aktivitet for ungdom, tilskotsordning kr 100 000.-
- 2) Robust ungdom, førebyggjande program kr 50 000.-
- 3) Driftstilskot løypelegging, auka med kr 150 000.-
- 4) Stryn Næringshage, auke med kr 75 000.-
- 5) 2 leasingbilar for heimehjelp, kr 172 000.-

Driftsbudsjett 2023, ref. pkt 1) til og med 5), blir då auka med kr 547 000.-

### Endring Investeringsbudsjett:

- 1) Eigendel Høgdebasseng Storelva Utvik kr 500 000.- økonomiplan år 2024
- 2) Eigendel Storelva Innvik kr 2 000 000.- økonomiplan år 2025
- 3) Investeringsråme for uforutsett i høve utsette investeringar kr 1 200 000.-
- 4) Utsett 1 år: 2 traktorar til brøyting/ vegvedlikehald kr 4 600 000.-
- 5) Utsett 1 år: Ny kantklippar for traktor kr 635 000.-
- 6) Utsett 1 år: Nytt slåtteutstyr park og grønt kr 570 000.-
- 7) Utsett 1 år: Ny bil til brannførebyggade avdeling kr 600 000.-
- 8) Utsett 1 år: Ny varebil til kommunale vegar kr 700 000.-
- 9) Utsett 1 år: Ny varebil til samfunnsutvikling kr 700 000.-
- 10) Utsett 1 år Dam Langesetvatnet kr 6 250 000.-
- 11) Post Ny brannbil utgår kr 5 000 000.-

Investeringsbudsjett for 2023, ref. pkt. 1) til og med 11), blir då redusert med kr 17 855 000.-

1. Kommunestyret ber Skule- og kulturutvalet fremje ei sak der ein ser på moglegheitene for ytterlegare utvida opningstider i barnehage og SFO, samt vurdering av 5- dagers skuleveke for alle.

2. Kommunestyret ber administrasjonen utgreie ein modell med investeringsråme pr år i handlingsplanperioden for utskifting/fornyng av driftsmiddel i etaten samfunnsutvikling (frå budsjettåret 2024). Det vert opp til administrasjonen å prioritere investeringar innanfor tildelt råme. Investingsråma skal vurderast i budsjettprosessen kvart år. Investeringsstrategien skal leggest til grunn.

Del 2:

Analysa skal innehalde vurdering om alternativt å ytterlegare konkurranseutsette kommunaltekniske tenester.

3. Stryn Næringshage.

1) Kommunestyret ber administrasjonen, i løpet av første halvår, om å avklare korleis førstelinjetjenesta skal organiserast framover.

2) Kommunestyret viser til budsjettvedtak 2022 vedrørende HUB. Kommunestyret ynskjer oversikt over korleis prosjektet ligg an og framdriftsplan for prosjektet. Ber om dette som sak til kommunestyremøtet mars -23.

4. Bygdebok. Stryn Kommune skal sjå til at arbeidet med bygdebøkene held fram utan opphald. Formannskapet får fullakt til eventuelt å yte nødvendig rentefritt lån for trykking.

5. Kommunestyret bed om at det årlege tilskotet til dei 3 kulturinstitusjonane kvart år blir justert etter gjeldande indeks. Det gjeld stiftingane Singerheimen, Gamle Innvik ullvarefabrikk og Liatunet.

6. Kommunestyret ber om at det før neste budsjetthandsaming blir føreteke ei evaluering av driftstilskot for løypelegging / skianlegg.

7. Kommunestyret ber administrasjonen vurdere Stryn kommune sine eigarpostar i ulike lag og bedrifter, med tanke på nedsal av eigarpostar. Kommunestyret ser for seg at dette vert lagt inn som vurderingar og forslag i budsjettarbeidet for 2024.

8. Gjennomføre ulike endringar i organisering av Stryn kommune. Som eit ledd i desse endringane ber kommunestyret administrasjonen legge fram forslag til endring av utvalsstrukturen slik at den er tilpassa nye strukturar. Anbefalte endringar leggast inn i god tid før kommunevalet 2023.

Det blir sett av 30.000 kr kvart år i økonomiplanen frå 2024 til utvikling av "Liv og lyst"-prosjekt.

Formannskapet sitt framlegg samrøystes vedteke med dei endringar som går fram av vedtaka over. Auka tiltak i driftsbudsjett vert å finansiere ved bruk av disposisjonsfond.

**Kommunedirektøren si saksutgreiing og -framlegg:**

***Bakgrunn for saka:***

*Kommunestyret skal vedta årsbudsjettet for komande år og økonomiplanen for komande fire år før årsskiftet inneverande år (Kommunelova §14-2 og 14-3).*

***Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:***

[Kommunelova med føresegnet \(LOV-2018-06-22-83\)](#)

[Plan- og bygningsslova §11-1, 4. ledd](#)

**Ikkje vedlagt sakstilfang:**

- *Kommuneøkonomiproposisjonen frå mai 2022*
- *Framlegget til Statsbudsjett for 2023, 6. oktober 2022*
- *«Grønt hefte», vedlegg til Statsbudsjettet for 2023*
- *Detaljert drifts- og investeringsbudsjett*

**Saksopplysningar:**

*Kommunedirektøren sitt framlegg til [«Handlings- og økonomiplan 2023 – 2026 og budsjett 2023»](#) er lagt ut på heimesida til Stryn kommune. Både ein digital versjon og PDF-versjon er lagt ut der. Ein finn fram til dokumenta slik: [stryn.kommune.no](#) -> Tenester -> Andre tenester -> Økonomi -> Budsjett*

*Kommunelova §14-3, fjerde ledd, seier at innstilling til økonomiplan og årsbudsjett med alle forslag til vedtak, skal offentleggjerast minst 14 dagar før kommunestyret skal handsame saka. Forslag til budsjett vert lagt ut til offentleg ettersyn etter handsaming i Formannskapet 28. november.*

*Innspel til årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023 – 2026 må vere kommunen i hende innan 8. desember.*

**Vurdering:**

*Det har vore ei betydeleg utfordring å «lande» eit driftsbudsjett for 2023 og resten av økonomiplanperioden 2024-2026.*

*Skatteinntektene og rammeoverføringane frå Staten, kalla «dei frie inntektene», er dei to viktigaste inntektskjeldene til kommunen. Utfrå beregningskriteria til Staten for dei frie inntektene får Stryn kommune overført relativt lite (94%) i forhold til landsgjennomsnittet (100%). Forslaget til statsbudsjett som kom 6. oktober viste ein vekst i dei frie inntektene til Stryn frå 2022 til 2023 på 4,2%, som er over landsgjennomsnittet og gjennomsnittet for Vestland fylke på 3,5%.*

*Det er forventa ein lønsvekst på 4,2% i 2023 og ein kostnadsvekst elles på 3,0%. Samla prisvekst etter dette er forventa å bli 3,7%.*

*Vekst i frie inntekter høgare enn forventa prisvekst er eit godt utgangspunkt for budsjettarbeidet. Imidlertid har stor løns- og prisvekst gjennom 2021 og 2022 ikkje blitt kompensert gjennom tilsvarende vekst i dei frie inntektene. Konsekvensjustert budsjett for 2023 med utgangspunkt i 2022-tal viste derfor stort behov for kostnadsreduksjonar for å få 2023-budsjettet «i havn». Utfordringane med å få på plass eit budsjett i balanse utan bruk av disposisjonsfond har sjeldan eller aldri vore større.*

*På toppen av høg generell løns-/prisvekst, har utviklinga i rentekostnaden vore ubehageleg stor. Frå eit rentenivå på under 1 % og rentekostnad på låneporteføljen i 2021 på 7 mill., har renta stige til rundt 4% og ein budsjettert rentekostnad på tilsvarende låneportefølje på 27 mill. i 2023. Veksten i rentekostnaden på 20 mill. iløpet av to år er krevande og lyt dekkast inn gjennom reduksjon av andre kostnader i budsjettet.*

*Budsjett og rekneskap dei siste åra har vist at drifts-/kostnadsnivået i kommunen er for høgt i forhold til dei samla inntektene. Kommunedirektøren har i budsjettarbeidet hatt stor fokus på å vidareføre etablerte og igangsette nye effektiviseringsprosessar i organisasjonen med mål om å sikre eit permanent lågare samla kostnadsnivå. Dèt er krevande, men heilt nødvendig for å på sikt kunne skape positive*

*netto driftsresultat og derved bygge opp større disposisjonsfond. Politikerane sine fastsette mål for kommuneøkonomien ligg alltid til grunn for budsjettarbeidet.*

*Demografiutviklinga er kjent: Vi vil bli langt fleire eldre og færre ungar i åra som kjem. Dette vil skape ekstra utfordringar også for Stryn kommune. Det vil bli behov for betydeleg auka innsats i helse- og omsorgssektoren. Forventa reduksjon i antal barnehage- og skuleborn bør innebere anledning til å flytte ressursar frå oppvekstsektoren til helsesektoren. Slik er ikkje bildet i dag: Behovet for forsterka innsats også innanfor barnehage og grunnskule er utvilsom. Alle våre effektiviseringsprosessar har fokus på rett ressursbruk og rett fordeling av den samla ressurstilgangen.*

*Stadig auka myndigheits- og prosesskrav innanfor areal/plan- og teknisk sektor samt innbyggjarane sine forventningar til kort respons- og avklaringstid stiller auka krav til organisasjonen. Rett organisering og effektive prosessar har høg fokus. Arbeidet med og prosessar knytt til dette er allereie i gang.*

*Kommunedirektøren sitt forslag til budsjett og økonomiplan er pressa både på inntekts- og kostnadssida. Det er store og aukande behov i alle sektorar, og budsjettforslaget fokuserer på å bruke dei knappe ressursane i dei lovpålagde tenestene. Gjennom tøffe kostnadskutt og krav til omorganisering/omstrukturering i organisasjonen har ein klart å saldere eit budsjett med tilnærma null netto driftsresultat. Budsjettforslaget inneheld også nødvendige prioriteringar av lovpålagde oppgåver på bekostning av andre oppgåver. Det er uråd i årets budsjett- og økonomiplanforslag å skape større positive resultat og oppbygging av disposisjonsfondet. Det vil kreve tett og «nitidig» oppfølging gjennom 2023 for å sikre gjennomføring i tråd med budsjett.*

*Framlegget til investeringsbudsjett for 2023 – 2026 er ambisiøst dei to første åra. I tillegg til vidareføring av tidlegare vedtekne investeringar, er det kome til nye. Kommunedirektøren meiner det er nødvendig å få investert i tråd med forslaget, og nokre av enkeltinvesteringane vil gje positive utslag på drifta gjennom redusert vedlikehaldskostnad. I tillegg er det mange, og til dels store, «ønska investeringar» som er viktige men som ein har valt å ikkje ta inn i forslaget. Det er utfordrande å tilrå så høge investeringar med tanke på utviklinga i lånegjelda og rente- og avdragsbelastninga som vil bli konsekvensen for seinare driftsbudsjett. Tidlegare års investeringsbudsjett har vist at det er krevande å ha gjennomføringskapasitet til så store årlege investeringar. Det kan bli realiteten også komande år, men ambisjonen er klar. I driftsbudsjettet er det synleggjort nivået på forventa minimumsavdrag.*

*Kommunedirektøren har gjennom framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023 – 2026 og budsjett for 2023 gjeve si tilråding om driftsrammer og tenestutvikling i fireårsperioden. Ved handsaming av formannskapet sitt framlegg for kommunestyret etter sitt møte 27. november i år, er det kommunestyret sine prioriteringar og vedtak i kommunestyremøtet 13. desember som fastset kommunen sine mål og rammer for komande fireårsperiode.*

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**1. Handlings- og økonomiplan 2023- 2026**

- Framlegg til Handlings- og økonomiplan 2023 – 2026 for Stryn kommune blir godkjent, med dei føringane og premissa for kommunen sin tenesteproduksjon som går fram av dokumentet.

**2. Driftsrammer**

**2.1. Driftsbudsjett 2023**

- Driftsbudsjett for 2023 blir vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «1A Løyvingsoversikt – drift».

**2.2. Bevilgningsoversikt tenesteområde**

- Netto bevilgningar til sektorane blir vedtekne i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «1B Løyvingar – drift».

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele midlar frå overordna ansvar, inkludert statlege tilskot og lønsreserven, på dei enkelte tenesteområda.

Ordførar får fullmakt til å disponere formannskapet sin konto «Til disposisjon for formannskapet».

**3. Investeringsrammer**

Investeringsbudsjettet for 2023 blir vedteke i samsvar med kommunedirektøren sitt framlegg i «2A Løyvingsoversikt – investering».

Oversikt over dei enkelte investeringsprosjekta kjem fram i «Investeringar i økonomiplanen», samt kapitla for tenesteområda.

**4. Skatt**

Skatt på inntekt og formue for 2023 blir skriven ut etter maksimalsats fastsett av Stortinget.

**5. Lån**

For 2023 blir det gjeve fullmakt til følgjande låneopptak («2A Løyvingsoversikter – investering»):

i) Lån til finansiering av eigne investeringar, inntil MNOK 120,8

ii) Lån til sjølvkostområda, inntil MNOK 10,3

iii) Lån til vidareformidling, inntil MNOK 7,0

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne lånevilkår for ovannemnde lånerammer.

Økonomiplan for 2023-2026

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd (1A)

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2021 | Opph. budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 |
|--|-------------------|------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Rammetilskot   | -270 361          | -265 173               | -287 900        | -290 400        | -291 000        | -291 000        |
| Inntekt- og formuesskatt                                       | -214 998          | -209 158               | -222 800        | -222 800        | -222 800        | -222 800        |
| Eigedomsskatt  | -17 715           | -18 096                | -18 411         | -18 054         | -18 096         | -18 096         |
| Andre generelle driftsinntekter                                | -18 621           | -20 212                | -28 212         | -28 212         | -28 212         | -28 212         |
| <b>Sum generelle driftsinntekter</b>                           | <b>-521 695</b>   | <b>-512 639</b>        | <b>-557 323</b> | <b>-559 466</b> | <b>-560 108</b> | <b>-560 108</b> |
| <b>Korrigert sum løyvingar drift, netto</b>                    | <b>492 189</b>    | <b>489 026</b>         | <b>516 511</b>  | <b>513 044</b>  | <b>513 432</b>  | <b>513 106</b>  |
| Avskrivningar  | 30 440            | 27 505                 | 32 203          | 32 203          | 32 203          | 32 203          |
| <b>Sum netto driftsutgifter</b>                                | <b>522 629</b>    | <b>516 531</b>         | <b>548 713</b>  | <b>545 247</b>  | <b>545 634</b>  | <b>545 309</b>  |
| <b>Brutto driftsresultat</b>                                   | <b>934</b>        | <b>3 892</b>           | <b>-8 610</b>   | <b>-14 219</b>  | <b>-14 474</b>  | <b>-14 800</b>  |
| Renteinntekter   | -795              | -1 287                 | -1 162          | -1 162          | -1 162          | -1 162          |
| Utbytte  | -2 861            | -8 500                 | -8 500          | -8 500          | -8 500          | -8 500          |
| Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel                   | -758              | -786                   | -750            | -750            | -750            | -750            |
| Renteutgifter  | 7 099             | 10 469                 | 26 224          | 29 491          | 29 965          | 30 515          |
| Avdrag på lån  | 27 424            | 24 000                 | 26 671          | 27 418          | 28 388          | 28 388          |
| <b>Netto finansutgifter</b>                                    | <b>30 110</b>     | <b>23 895</b>          | <b>42 483</b>   | <b>46 496</b>   | <b>47 940</b>   | <b>48 490</b>   |
| Motpost avskrivningar  | -30 440           | -27 505                | -32 203         | -32 203         | -32 203         | -32 203         |
| <b>Netto driftsresultat</b>                                    | <b>603</b>        | <b>282</b>             | <b>1 670</b>    | <b>74</b>       | <b>1 263</b>    | <b>1 487</b>    |
| <b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>       |                   |                        |                 |                 |                 |                 |
| Overføring til investering                                     | 4 212             | 520                    | 241             | 241             | 241             | 241             |
| Avsettingar til bundne driftsfond                              | 8 663             | 1 610                  | 2 838           | 2 881           | 2 881           | 2 881           |
| Bruk av bundne driftsfond                                      | -13 064           | -2 129                 | -2 748          | -1 983          | -1 983          | -1 983          |
| Avsettingar til disposisjonsfond                               | 9 265             | 1 456                  | 300             | 300             | 300             | 300             |
| Bruk av disposisjonsfond                                       | -9 679            | -1 739                 | -2 302          | -1 513          | -2 702          | -2 927          |
| Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen       | 0                 | 0                      | 0               | 0               | 0               | 0               |
| <b>Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat</b> | <b>-603</b>       | <b>-282</b>            | <b>-1 670</b>   | <b>-74</b>      | <b>-1 263</b>   | <b>-1 487</b>   |
| <b>Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)</b>      | <b>0</b>          | <b>0</b>               | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |

## Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd (1B)

Beløp i 1000

|   | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 |
|---|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Sentraladministrasjon                           | 87 938            | 85 568                    | 79 167          | 78 427          | 79 044          | 78 707          |
| Skule og kultur                                 | 187 470           | 179 927                   | 191 610         | 188 232         | 188 232         | 188 032         |
| Helse og sosial                                 | 223 318           | 198 067                   | 215 600         | 214 799         | 214 480         | 214 483         |
| Samfunnsutvikling                               | 27 305            | 23 427                    | 35 618          | 35 779          | 35 536          | 35 536          |
| Skattar, rammetilskot og finans                 | -32 294           | 7 596                     | 4 020           | 6 102           | 6 103           | 6 103           |
| <b>Sum løyvingar drift, netto</b>               | <b>493 738</b>    | <b>494 585</b>            | <b>526 014</b>  | <b>523 339</b>  | <b>523 395</b>  | <b>522 860</b>  |
| Av dette:                                       |                   |                           |                 |                 |                 |                 |
| Avskrivinger                                    | 9 340             | 7 792                     | 10 170          | 10 170          | 10 170          | 10 170          |
| Netto renteutgifter og -<br>inntekter           | -7                | 25                        | 25              | 25              | 25              | 25              |
| Overføring til investering                      | 2 297             | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Avsetninger til bundne<br>driftsfond            | 5 282             | 1 610                     | 2 838           | 2 881           | 2 881           | 2 881           |
| Bruk av bundne driftsfond                       | -9 695            | -2 129                    | -2 748          | -1 983          | -1 983          | -1 983          |
| Avsetninger til disposisjonsfond                | 427               | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Bruk av disposisjonsfond                        | -6 095            | -1 739                    | -783            | -799            | -1 130          | -1 339          |
| <b>Korrigert sum løyvingar drift,<br/>netto</b> | <b>492 189</b>    | <b>489 026</b>            | <b>516 511</b>  | <b>513 044</b>  | <b>513 432</b>  | <b>513 106</b>  |

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd (2A)

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 |
|--|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Investeringar i varige<br>driftsmidlar         | 46 160            | 163 651                   | 121 099         | 123 593         | 46 125          | 3 000           |
| Tilskot til andre sine<br>investeringar        | 1 300             | 0                         | 0               | 500             | 2 000           | 0               |
| Investeringar i aksjar og andelar<br>i selskap | 97 997            | 0                         | 1 500           | 1 500           | 1 500           | 1 500           |
| Utlån av egne midlar                           | 8 800             | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Avdrag på lån                                  | 2 201             | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| <b>Sum investeringsutgifter</b>                | <b>156 458</b>    | <b>163 651</b>            | <b>122 599</b>  | <b>125 593</b>  | <b>49 625</b>   | <b>4 500</b>    |
| Kompensasjon for<br>meirverdiavgift            | -7 226            | -15 550                   | -4 735          | -11 938         | -8 825          | -600            |
| Tilskot frå andre                              | -2 409            | -26 950                   | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Sal av varige driftmiddel                      | -10 112           | 0                         | 0               | -80             | 0               | 0               |
| Sal av finansielle anleggsmiddel               | -43 024           | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Mottatte avdrag på utlån av<br>egne middel     | -44 675           | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Bruk av lån                                    | -29 853           | -120 631                  | -115 499        | -111 555        | -38 780         | -2 400          |
| <b>Sum investeringsinntekter</b>               | <b>-137 299</b>   | <b>-163 131</b>           | <b>-120 234</b> | <b>-123 573</b> | <b>-47 605</b>  | <b>-3 000</b>   |
| Vidareutlån                                    | 0                 | 7 000                     | 7 000           | 7 000           | 7 000           | 7 000           |
| Bruk av lån til vidareutlån                    | 0                 | -7 000                    | -7 000          | -7 000          | -7 000          | -7 000          |
| Mottatte avdrag på vidareutlån                 | -4 163            | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| <b>Netto utgifter vidareutlån</b>              | <b>-4 163</b>     | <b>0</b>                  | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |

## Økonomiplan for 2023-2026

|  | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 |
|--|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Overføring frå drift                                 | -4 212            | -520                      | -520            | -520            | -520            | 0               |
| Avsetningar til bundne investeringsfond              | 5 685             | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Bruk av bundne investeringsfond                      | -1 955            | 0                         | -345            | 0               | 0               | 0               |
| Avsetningar til ubunde investeringsfond              | 8 489             | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| Bruk av ubunde investeringsfond                      | -23 003           | 0                         | -1 500          | -1 500          | -1 500          | -1 500          |
| Dekning av tidlegare års udekkede beløp              | 0                 | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| <b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b> | <b>-14 996</b>    | <b>-520</b>               | <b>-2 365</b>   | <b>-2 020</b>   | <b>-2 020</b>   | <b>-1 500</b>   |
| <b>Framført til inndekning i seinare år (udekt)</b>  | <b>0</b>          | <b>0</b>                  | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |

## Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd (2B)

### 1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>Sum<br>2023-<br>2026 |
|--|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------------------------|
| Stryn kommune                              | 46 160            | 163 651                   | 121 099         | 123 593         | 46 125          | 3 000           | 293 817                         |
| <b>Investeringar i varige driftsmidlar</b> | <b>46 160</b>     | <b>163 651</b>            | <b>121 099</b>  | <b>123 593</b>  | <b>46 125</b>   | <b>3 000</b>    | <b>293 817</b>                  |

### 2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

|   | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>Sum<br>2023-<br>2026 |
|---|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------------------------|
| Forebygging av Storeelva i Innvik           | 0                 | 0                         | 0               | 0               | 2 000           | 0               | 2 000                           |
| Investeringstilskot til andre               | 1 300             | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               | 0                               |
| Høgdebasseng Storelva Utvik - eigenandel    | 0                 | 0                         | 0               | 500             | 0               | 0               | 500                             |
| <b>Tilskot til andre sine investeringar</b> | <b>1 300</b>      | <b>0</b>                  | <b>0</b>        | <b>500</b>      | <b>2 000</b>    | <b>0</b>        | <b>2 500</b>                    |

## Økonomiplan for 2023-2026

### 3. Investeringar i aksjer og andelar i selskap

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>Sum<br>2023-<br>2026 |
|--|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------------------------|
| Eigenkapitalinnskot KLP                            | 1 323             | 0                         | 1 500           | 1 500           | 1 500           | 1 500           | 6 000                           |
| Kjøp og salg av aksjar og andelar                  | 86 524            | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               | 0                               |
| Kjøp av Visnes Industripark AS                     | 10 150            | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               | 0                               |
| <b>Investeringar i aksjar og andelar i selskap</b> | <b>97 997</b>     | <b>0</b>                  | <b>1 500</b>    | <b>1 500</b>    | <b>1 500</b>    | <b>1 500</b>    | <b>6 000</b>                    |

### 4. Utlån av egne midler

Beløp i 1000

|                             | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 | Øk.plan<br>Sum<br>2023-<br>2026 |
|-----------------------------|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|---------------------------------|
| Utlån                       | 8 800             | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               | 0                               |
| <b>Utlån av egne midlar</b> | <b>8 800</b>      | <b>0</b>                  | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>                        |
| <b>Sum del 1-4</b>          | <b>154 257</b>    | <b>163 651</b>            | <b>122 599</b>  | <b>125 593</b>  | <b>49 625</b>   | <b>4 500</b>    | <b>302 317</b>                  |

### Økonomisk oversikt drift etter § 5-6 (3)

Beløp i 1000

|  | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 |
|--|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Rammetilskot                             | -270 361          | -265 173                  | -287 900        | -290 400        | -291 000        | -291 000        |
| Skatt på inntekt og formue               | -214 998          | -209 158                  | -222 800        | -222 800        | -222 800        | -222 800        |
| Eigedomsskatt                            | -17 715           | -18 096                   | -18 411         | -18 054         | -18 096         | -18 096         |
| Andre skatteinntekter                    | -528              | -33                       | -33             | -33             | -33             | -33             |
| Andre overføringer og tilskot frå staten | -18 093           | -20 179                   | -28 179         | -28 179         | -28 179         | -28 179         |
| Overføringer og tilskot frå andre        | -86 938           | -42 135                   | -40 087         | -39 566         | -39 587         | -39 566         |
| Brukarbetalingar                         | -27 336           | -26 078                   | -28 232         | -28 232         | -28 232         | -28 232         |
| Sals- og leigeinntekter                  | -53 975           | -62 031                   | -66 713         | -66 711         | -66 711         | -66 711         |
| <b>Sum driftsinntekter</b>               | <b>-689 944</b>   | <b>-642 884</b>           | <b>-692 355</b> | <b>-693 975</b> | <b>-694 638</b> | <b>-694 617</b> |
| Utgifter til løn                         | 381 810           | 356 655                   | 377 398         | 376 003         | 375 395         | 375 231         |
| Sosiale utgifter                         | 75 510            | 87 224                    | 87 196          | 89 119          | 89 157          | 89 119          |
| Kjøp av varer og tenester                | 153 377           | 139 912                   | 148 980         | 147 492         | 148 451         | 148 305         |
| Overføringer og tilskot til andre        | 49 740            | 35 479                    | 37 969          | 34 939          | 34 959          | 34 959          |
| Avskrivningar                            | 30 440            | 27 505                    | 32 203          | 32 203          | 32 203          | 32 203          |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                | <b>690 878</b>    | <b>646 776</b>            | <b>683 746</b>  | <b>679 756</b>  | <b>680 164</b>  | <b>679 818</b>  |
| <b>Brutto driftsresultat</b>             | <b>934</b>        | <b>3 892</b>              | <b>-8 610</b>   | <b>-14 219</b>  | <b>-14 474</b>  | <b>-14 800</b>  |

Økonomiplan for 2023-2026

|  | Rekneskap<br>2021 | Opph.<br>budsjett<br>2022 | Øk.plan<br>2023 | Øk.plan<br>2024 | Øk.plan<br>2025 | Øk.plan<br>2026 |
|--|-------------------|---------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Renteinntekter   | -795              | -1 287                    | -1 162          | -1 162          | -1 162          | -1 162          |
| Utbytte  | -2 861            | -8 500                    | -8 500          | -8 500          | -8 500          | -8 500          |
| Gevinst og tap på finansielle<br>omløpsmidlar                      | -758              | -786                      | -750            | -750            | -750            | -750            |
| Renteutgifter  | 7 099             | 10 469                    | 26 224          | 29 491          | 29 965          | 30 515          |
| Avdrag på lån  | 27 424            | 24 000                    | 26 671          | 27 418          | 28 388          | 28 388          |
| <b>Netto finansutgifter</b>  | <b>30 110</b>     | <b>23 895</b>             | <b>42 483</b>   | <b>46 496</b>   | <b>47 940</b>   | <b>48 490</b>   |
| Motpost avskrivningar  | -30 440           | -27 505                   | -32 203         | -32 203         | -32 203         | -32 203         |
| <b>Netto driftsresultat</b>  | <b>603</b>        | <b>282</b>                | <b>1 670</b>    | <b>74</b>       | <b>1 263</b>    | <b>1 487</b>    |
| <b>Disponering eller dekning av<br/>netto driftsresultat</b>       |                   |                           |                 |                 |                 |                 |
| Overføring til investering   | 4 212             | 520                       | 241             | 241             | 241             | 241             |
| Avsettingar til bundne<br>driftsfond                               | 8 663             | 1 610                     | 2 838           | 2 881           | 2 881           | 2 881           |
| Bruk av bundne driftsfond  | -13 064           | -2 129                    | -2 748          | -1 983          | -1 983          | -1 983          |
| Avsettingar til disposisjonsfond                                   | 9 265             | 1 456                     | 300             | 300             | 300             | 300             |
| Bruk av disposisjonsfond   | -9 679            | -1 739                    | -2 302          | -1 513          | -2 702          | -2 927          |
| Dekning av tidlegare års<br>meirforbruk                            | 0                 | 0                         | 0               | 0               | 0               | 0               |
| <b>Sum disponeringar eller<br/>dekning av netto driftsresultat</b> | <b>-603</b>       | <b>-282</b>               | <b>-1 670</b>   | <b>-74</b>      | <b>-1 263</b>   | <b>-1 487</b>   |
| <b>Framført til inndekning i<br/>seinare år (meirforbruk)</b>      | <b>0</b>          | <b>0</b>                  | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>        |

## Plangrunnlaget

### Visjon

Vi vil utvikling!

### Verdiar

**Vi er:**

**STOLTE** - Vi er myndiggjorte og verdsette medarbeidarar. Vi bidrag til at samfunnet har tillit til og respekt for arbeidet vårt.

**TYDELEGE** - Vi er synlege og klare. Vi har forventningar og stiller krav til oss sjølve og andre.

**RAUSE** - Vi er inkluderande, og vi har tillit, respekt og lojalitet for kvarandre og brukarane.

**YTANDE** - Vi er imøtekommande og serviceinnstilte. Vi tek initiativ, er aktive og tek ansvar i utforming og løysing av oppgåver.


**NYSKAPANDE** - Vi nyttar og utviklar erfaringar og kunnskap. Vi er engasjerte og endringsvillige, og vi arbeider kontinuerleg for auka kvalitet på tenestene.



## Samanhengen mellom plansystemet og økonomiplanen

### Plansystemet

Kommunen har ei rekkje planar for sine areal og verksemdområde. Planar blir utarbeidde både etter plan- og bygningslova og etter anna lovverk. Figuren under skisserer plansystemet.



### Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel, og er det overordna styringsdokumentet for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen fastset mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Arealdelen skal vise samheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og er juridisk bindande.

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjeld for perioden 2013-2024, og har eit tidsperspektiv på 12 år. Den skal ha ein handlingsdel med 4 års perspektiv som syner korleis planen skal følgjast opp. Arbeidet med ny samfunnsdel og utviklingsplan for Stryn kommune har starta og vil bli jobba vidare med gjennom heile 2023.

I samband med utarbeiding av samfunnsdelen blei det bestemt at handlingsdelen og økonomiplanen skal utgjere eitt dokument, slik at overordna føringar frå samfunnsdelen og økonomiske prioriteringar blir betre knytt saman.

### Kommunedelplanar

Kommunedelplanar kan utarbeidast for eit avgrensa geografisk område eller for avgrensa tema, og skal følgje opp mål og strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel. Kva for planar som skal utarbeidast/reviderast i kommunestyreperioden står i kommunen sin planstrategi 2020-2024.

Dei tematiske kommunedelplanane skal også ha ein handlingsdel. I desse handlingsdelane bør det ikkje fattast økonomiske bindande vedtak, då dette kan føre til at summen av alle tiltaka er større enn kommunen sine samla ressursar. Ressursfordelinga skal skje i dette dokumentet, handlingsdelen med økonomiplan, som skal vere kommunen sitt økonomiske styringsverktøy.

Sektor-, tema- og fagplanar er planar som i stor grad utarbeidast etter anna lovverk enn plan- og bygningslova. Desse er ofte viktige i oppfølging av kommuneplanen sin samfunnsdel, med konkretisering

av mål og oppfølging med tiltak.

### **Kommuneplanen sin handlingsdel**

Handlingsdelen skal konkretisere mål og tiltak knytt til målsetjinga, satsingsområda og strategiar i samfunnsdelen. Handlingsdelen gjer ei prioritering av kva vi bør få utført gjennom økonomiplanen, dei økonomiske ramma vil avgjere kva vi kan få utført. Det skal vere samsvar mellom samfunnsdelen og økonomiplanen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er delt inn etter tema, med tilhøyrande mål og strategiar. Desse står i kap. 2.3. Føringar frå samfunnsdelen. Ein har her berre teke med dei tiltaka som kan krevje økonomisk løyving for gjennomføring, i og med at dei økonomiske ressursane blir fordelt på sektorene er strukturert etter teneste/ansvarsområde.

Handlingsdelen med økonomiplan skal reviderast kvart fjerde år, men skal i tillegg bli rullert årleg. For den årlege rulleringa skal kommunen innhente synspunkt frå berørte statlege og regionale organ og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsdelen.

## **Kommuneplanen si målsetjing**

### **Hovudmål**

Hovudmål for kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2024 er:

### **VEKST BASERT PÅ BULYST OG NÆRINGSUTVIKLING**

I denne samanheng er vekst både auke i folketal og næringsverksemd. For å få til dette må ein leggje til rette for gode bustadtilbod, godt kommunalt tenestetilbod og god folkehelse. Kommunen må i tillegg prioritere faktorar som gjer at Stryn kommune er ein god stad å bu i samt leggje til rette for utvikling av næringslivet.

### **Satsningsområde**

I arbeidet for å nå hovudmålsetjinga har kommunen valt ut tre satsingsområde med tilhøyrande mål og strategiar:

- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet
- Bulyst og bustadtilbod

## **Økonomiske nøkkeltal - ambisjon**

Stryn kommune vedtek årleg som del av budsjett-vedtak **økonomiske måltal**. Kommunane er pålagde å styre etter sine vedtekne måltal.

I budsjettvedtaket desember 2021 vart det bestemt disse måltala:

- *Stryn kommune sitt disposisjonsfond skal vere 10 % av brutto driftsinntekter*
- *Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter*
- *Netto lånegjeld skal ikkje vere større enn 80 % av brutto driftsinntekter*
- *Arbeidskapitalen fråtrekt premieavvik skal vere større enn 20 % av brutto driftsinntekter*

## Økonomiplan for 2023-2026

Målet med dei økonomiske måltala er å skape ein robust og berekraftig kommuneøkonomi.

Måltala er handlingsregler i kommunen sitt budsjettarbeid. Det betyr at ein administrativt skal "tilstrebe" å nå dei vedtekne måltala. Siste års budsjett og rekneskap har vist at det er vanskeleg å nå dei viktige måla for netto driftsresultat og størrelsen på disposisjonsfondet. Den enkle forklaringa er at dei samla kostnadane i kommuneøkonomien er for store i forhold til samla inntekter.

Sjølv om det blir arbeidd målretta med å redusere kostnads-nivået permanent, for derved å nå vedtekne mål, er spesielt målet om årleg netto driftsresultat på 1,75 % særst ambisiøst. Det vil vere naturleg å revurdere spesielt dette målet, som i så fall vil medføre lenger tid på å oppnå målsetjinga om størrelsen på Disposisjonsfondet - 10 % av brutto driftsinntekter.

### Økonomiske måltal

Økonomisk handlingsrom er avgjerande for å kunne oppretthalde og vidareutvikle tenestetilboda til innbyggjarane i kommunen. Det er viktig med stabilitet og forutsigbarheit i den økonomiske politikken, noko som vidare vil gje god kvalitet i tenestene, fornøgde brukarar, innbyggjarar og tilsette.

Stryn kommune sin økonomi har vore prega av relativ god budsjettkontroll samla sett siste åra. Imidlertid har det vore vanskeleg å utarbeide og vedta driftsbudsjett med positive netto driftsresultat. Dermed har ein heller ikkje bygd opp større disposisjonsfond i tråd med målsetjinga dei siste åra. Derfor har ein lite handlingsrom til å løyse behov som oppstår utanom budsjettet og ein er sårbar for sviikt på inntektssida og ikkje-budsejttert kostndsvekst.

Stryn kommune har heldigvis hatt auke i folketalet siste par åra - ein viktig faktor for tildeling av rammetilskot frå Staten. Ein håpar denne trenden vil fortsetje !

Tabellen under viser oppnådde størrelsar 2018 - 2021, prognose for inneverande år samt måltala slik dei blir utfrå økonomiplan-framlegget. Ein har hatt betydeleg utfordringar med å balansere økonomiplanen med årlege netto driftsresultat i null. Null-resultat inneber uendra disposisjonsfond. Måla er vidare å klare rundt 20% arbeidskapital og at netto lånegjeld skal stabilisere seg nær 80 %. Dei politisk vedtekne måla er oppgjevne i kolonnen "Langsitkig målsetting".

| Hovedmål                    | Målsetting Stryn kommune   | 2018   | 2019   | 2020   | 2021   | Prognose 2022 | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 | Langsitkig målsetting | Gj.sn kostragruppe 2021 | Gj.sn landet 2021 |
|-----------------------------|--|--------|--------|--------|--------|---------------|----------|----------|----------|----------|-----------------------|-------------------------|-------------------|
| Godt økonomisk handlingsrom | Arbeidskapitalen fråtrekt premieøvik i prosent av brutto driftsinntekt skal minimum ver 20%                                | 26,9 % | 24,8 % | 24,4 % | 14,0 % | 15,0 %        | 20,0 %   | 20,0 %   | 20,0 %   | 20,0 %   | 20 %                  | 20,2 %                  | 23,0 %            |
|                             | Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter skal vere minimum 1,75% så lenge disposisjonsfondet er under 10 % | 2,5 %  | -2,8 % | 0,6 %  | 0,0 %  | 0,0 %         | 0,0 %    | 0,0 %    | 0,0 %    | 0,0 %    | 1,75 %                | 3,6 %                   | 4,2 %             |
|                             | Disposisjonsfondet skal vere minimum 10 % av brutto driftsinntekter  | 7,0 %  | 6,1 %  | 5,6 %  | 5,6 %  | 5,6 %         | 6,0 %    | 6,0 %    | 6,0 %    | 6,0 %    | 10,0 %                | 11,2 %                  | 13,7 %            |
|                             | Netto lånegjeld skal ikkje vere større enn 80 % av brutto driftsinntekter  | 74,3 % | 81,8 % | 79,0 % | 86,0 % | 85,0 %        | 80,0 %   | 80,0 %   | 80,0 %   | 80,0 %   | 80,0 %                | 96,2 %                  | 93,0 %            |

## Strategi for å nå mål

### Strategiar

#### Føringar frå samfunnsdelen

I samfunnsdelen har ein sett fleire mål og strategiar innan dei ulike tema. Dei som kan krevje økonomiske løyvingar er følgjande strategiar:

#### FOLKEHELSE

- Helse og førebygging skal ha vekt i planlegging og tenesteutøving
- Tilrettelegging av god infrastruktur for fellesskap, tryggleik, deltaking og sunne levevanar
- Vidareføre og utvikle MOT arbeidet
- Satse på konseptet Frisklivssentral for strukturert hjelp til endring av livsstil
- Delta i interkommunal samfunnsmedisinsk teneste og andre relevante samarbeidstiltak

#### OPPVEKST

- IKT som administrativt og fagleg verktøy i skule og barnehage
- Intensiv norskopplæring for språklege minoritetar
- Utvikle og få til betre samanheng mellom vaksenopplæring, arbeid og utdanning i samarbeid med NAV, flyktingetenesta og utdanningsinstitusjonane
- Dagleg fysisk aktivitet og fokus på kosthald i skule og barnehage
- Styrke samarbeidet med næringslivet
- Stimulere til auka aktivitet etter skuletid
- Gje tilbod om kulturelle opplevingar i skule og barnehage
- Sikre ein framtidsretta og berekraftig barnehage- og skulestruktur. Tilbodet i kommunen må byggast ut slik at ein til ei kvar tid har kapasitet til ein forventa vekst i barne- og elevtalet
- Auke barnehagekapasiteten i Stryn sentrum – Loen – Olden
- Sikre gode og tidsmessige lokale og aktivitetsområde
- Utarbeide kommunedelplan for oppvekstsektoren

#### HELSE OG SOSIAL OMSORG

##### Barneverntenesta

- Interkommunalt samarbeid (tiltaksstillingar, fagleg samarbeid m.m.)

##### Sosial tenester i NAV

- Samarbeid med flyktingtenesta, vaksenopplæring og næringsliv for å kvalifisere flyktingar og innvandrarak til arbeid
- Gode samarbeidsstrukturar kring rusproblematikk og ressurs for samordning og innsats

##### Helse- og omsorgstenester

- Syte for funksjonelle lokalitetar for helse - og omsorgstenestene
- Utvikle samarbeid og samhandling med frivillige

## Økonomiplan for 2023-2026

- Satse på interkommunalt samarbeid om oppgaver som er vanskeleg å takle åleine

### FLYKTNINGAR OG INNVANDRING

- Nytte barnehage, grunnskule og SFO aktivt for å sikre god språkutvikling og integrering
- Ha arbeidsretta norskopplæring
- Aktivt samarbeid mellom kommune, næringsliv og NAV om språkopplæring og kvalifiseringstiltak for vaksne

### IDRETT OG FRILUFTSLIV

- Avklare og setje av areal til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Godt samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen som stimulerer til utbygging, god drift og aktivitet
- Legge til rette for eigenorganisert aktivitet blant barn og unge ved å ha gode nærmiljø/aktivitetsanlegg
- Legge til rette for sentrumsnære turstiar og god tilgang til naturområder
- Sikre dei viktigaste friluftsområda, dette gjeld særleg turstiar og badeområde med parkering

### KULTUR

- Utvikle eksisterande og nye kulturtilbod
- Gode støtteordningar/økonomiske rammevilkår for lag og organisasjonar som stimulerer til innsats og aktivitet
- Utvikle Stryn kulturhus vidare som kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling. Kulturhuset skal i tillegg vere eit naturleg val for møteverksemd, kurs og konferansar
- Utvikle og legge til rette for at Stryn kulturskule skal bli eit ressurscenter for kultur og kunstfag
- Arbeide for å få nye lokale til kulturskulen
- Utvikle og legge til rette for at Stryn bibliotek skal vere eit framtidsretta og moderne folkebibliotek og skulebibliotek
- Synleggjere og inkludere eit aukande etnisk mangfald i kulturlivet
- Profesjonalisere tenestetilbodet innafor kultursegmentet
- Arbeide for å få gjenopprette stillinga som ungdomskontakt

### KYRKJA

- Sikre tilstrekkelege rammeløyvingar og tenesteyting

### NATUR, KULTURMILJØ OG LANDSKAP

- Utarbeide kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø

### TETTSTADER OG BUSTADOMRÅDE

- Setje av nye areal til bustadområde kring Stryn sentrum gjennom arbeidet med kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde
- Opne for samarbeid kommune/næringsliv om bygging av rimelege gjennomgangsbustader
- Initiere prosjekt for tettstadutvikling basert på fylkeskommunal deltaking
- Setje i gang planarbeid knytt til vidareutvikling av Olden som cruisedestinasjon

## SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

- Arealdelen skal avklare viktige spørsmål som
  - Stryn er eit trafikalt knutepunkt for storbil og buss
  - framtidig vegsystem for tilkomst til hytteområda nord for Stryn sentrum
- Prioritere finansiering og realisering av gang- og sykkelveg frå Loen til Solvik
- Utreie behovet for framtidige løysingar for trafikken gjennom Stryn sentrum, og kvalitetssikre at arealdelen tek høgde for desse
- Bidra til regional og lokal samordning ved utbygging av breibandnett, stille krav om tilrettelegging av breiband ved ny utbygging. Vurdere økonomisk deltaking i utbyggingsprosjekt som ikkje har kommersielt grunnlag
- Kartlegge kritiske brukarar i høve breiband og framføringsvegar i beredskaps-samanheng i samband med heilskapleg ROS-analyse
- Prioritere sikring av vasskjelder og god vasskvalitet
- Utreie utbygging og vedlikehald av vassforsyning og avløpsnett i sine respektive kommunedelplanar

## NÆRINGSUTVIKLING OG VERDISKAPING

- Følgje opp næringsanalysa frå 2012 med ein tydeleg næringsstrategi. God oppfølging av gründerar. Kommunen sitt næringsapparat skal vere meir offensive i høve landbruket ved utadretta verksemd, særleg i høve rekruttering, investering og tilleggsnæringar på garden
- Auke produksjonen innanfor landbruket med 1 % per år.
- Støtte opp om utvikling av reiselivsnæringa, særleg tiltak for betre inntening, utvida sesong og kommersiell utnytting av naturen i samsvar med reiselivsplanen for Sogn og Fjordane

## KLIMA OG ENERGI

- Alle større bygg, som vert planlagt i nærleiken av fjernvarmeleidning, må ha vassboren varme samt kople seg til fjernvarmenettet. Plikta til tilknytning baserast på at fjernvarmeenergien er konkurransedyktig med andre energikjelder
- Vurdere elektrisitetsforsyning til cruiseskip i Olden som alternativ til dagens bruk av dieselaggregat. Energibehovet er svært stort og vil krevje ei styrking av el-nettet lokalt
- Stryn Sommarskisenter bør få el-forsyning fram til anleggsområdet, enten via nett eller ved lokal vasskraftproduksjon i eit småkraftverk
- Arbeide for meir kollektiv persontransport i kommunen gjennom arbeidsbussruter og tettare lokalbussnett skal redusere utslepp av klimagassar. Prøve å få til samarbeid mellom kommunen og fylkeskommunen for å etablere arbeidsruter til dei største arbeidsplassane i kommunen
- Etablering av ladepunkt for EL-bilar
- Offensiv for utbygging av gang- og sykkelveger

## FN sine bærekraftsmål

FN sine bærekraftsmål er den felles arbeidsplanen verda har for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskapar og stoppe klimaendringane innan 2030. Her kan du lese meir om [FN sine bærekraftsmål](#).

Regjeringa slår i kommuneproposisjonen for 2020 fast at «Regjeringen anser FNs bærekraftsmål som grunnleggende for å løse vår tids utfordringer... ..Regjeringen vil bidra til at bærekraftsmålene blir et godt verktøy for kommunesektoren...»

Det er difor naturleg at bærekraftsmåla skal vere ein del av det overordna rammeverket for utviklinga av Strynesamfunnet.

For Stryn peikar 6 av bærekraftsmåla seg ut som viktige. Desse skal framover vere utgangspunktet for satsingsområda i kommune- og økonomiplanar. I tillegg inngår fleire av bærekraftsmåla som ein del av kommunen sine 3 tidlegare utvalde satsingsområde.

Desse satsingsområda er:

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

Dette kan koplast mot følgjande av FN sine bærekraftsmål:



Gjennom arbeidet med ny samfunnsdel i 2023 må ein jobbe meir med innarbeiding av bærekraftmåla, for forståing for kva dei betyr for oss og korleis vi vidare skal jobbe med dei.

## Status og rammevilkår

### Utvalde nøkkeltal

| Hovudtal i budsjettet                                | Handlingsregel |
|--|----------------|
| Totale driftsinntekter                               | 692 355        |
| Totale driftsutgifter                                | 683 746        |
| Netto driftsresultat                                 | 1 670          |
| Driftsresultat i prosent av driftsinntekter          | -0,2 %         |
| Antall innbyggere                                    | 7 276          |
| Renteutgifter  | 26 224         |
| Netto lånegjeld                                      | 680 907        |
| Avdrag   | 26 671         |
| Eiendomsskatt  | 18 411         |
| Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter | 6,1 %          |
| Disposisjonsfond                                     | 33 775         |
| Årlige investeringer                                 | 121 099        |
| Andel lånefinansiering                               | 94,2 %         |

### Utvikling i økonomiske nøkkeltal

|  | Stryn<br>2020 | Stryn<br>2021 | Stad    | Gloppen | Kostragruppe<br>01 | Vestland | Landet<br>uten Oslo |
|--|---------------|---------------|---------|---------|--------------------|----------|---------------------|
| <b>Økonomi</b>   |               |               |         |         |                    |          |                     |
| Frie inntekter i kroner per innbygger                    | 64 053        | 67 414        | 69 731  | 73 225  | 64 824             | 64 219   | 63 840              |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter | 0,6 %         | 0,0 %         | 4,3 %   | 4,4 %   | 3,6 %              | 4,1 %    | 4,2 %               |
| Netto lånegjeld i kroner per innbygger                   | 80 706        | 85 065        | 127 070 | 127 389 | 93 328             | 84 184   | 90 299              |
| Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter      | 81,5 %        | 86,0 %        | 118,9 % | 114,9 % | 96,2 %             | 85,7 %   | 93,0 %              |

### Statsbudsjettet 2023

Dei to store inntektskjeldene til kommunane er rammetilskotet frå Staten i tillegg til skatteinntektene – samla kalla dei «frie inntektene». Staten sin berekningsformel for tildeling av rammetilskot inneheld mange kriterier der innbyggjartal, alderssamansetjing, busettingsmønster, helse- og sosiale forhold m.m. spelar ei vesentleg rolle.

For 2023 viser Støre-regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett at veksten i dei samla frie inntektene for Stryn (4,2%) ligg over både Vestland fylke samla (3,5 %) og landsgjennomsnittet (3,5%). Den forventa samla kostnadsveksten (gjennomsnittet av løns- og prisvekst, kalla «deflator») er av Staten berekna til 3,7% for 2023.

Den nominelle veksten i dei samla frie inntektene på 4,2% for Stryn kommune sin del frå 2022 til 2023 er positiv sett opp mot forventa pris- og lønsvekst på 3,7%. Det er på same tid verdt å merke seg at Stryn har låge samla frie inntekter (94%) målt mot gjennomsnittet til kommunane (100%). Årsaka til dette er behovs-berekningane gjennom 24 nøkkeltal/indikatorar Staten legg til grunn.

Sjølv om dei frie inntektene har positiv utvikling for vår kommune, er det veldig krevande å balansere driftsbudsjettet for 2023 og økonomiplanen for påfølgjande år. Løns- og kostnadsveksten gjennom 2022, berekna til heile 5,3%, som vi tek med oss inn i 2023-budsjettet, er ikkje kompensert fullt ut gjennom vekst i dei frie inntektene i 2022.

Auken i rentenivået i Norge gjennom 2022 har vore betydeleg. Renteauken er forventa å fortsetje og frå eit nivå på under 1% i 2021 vil renta stige til over 4% i 2023. Dette har stor betydning for rentebelastninga i kommunen sitt driftsbudsjett. Frå ein samla rentekostnad på omlag 7 mill. i 2021 vil budsjettert rentekostnad for 2023 vere på omlag 27 mill. Auken i inntekter strekk ikkje til og ein er avhengig av å få effekt av målretta arbeid med kostnadsreduksjonar og effektiviseringsprosessar for å balansere driftsbudsjettet for 2023 og økonomiplanen for 2024 - 2026.

Ein har fokus både på inntekts- og kostnadssida, men det vil vere heilt avgjerande å få ned det samla kostnadsnivået i kommunen til eit meir berekraftig nivå. Parallelt må ein «håpe på» at den pågåande sentrale gjennomgangen av inntektssystemet til kommunane vil føre til auka frie inntekter til vår kommune gjennom overføringane frå Staten.

Styn kommune har før ofte vore nøydde til å bruke disposisjonsfondet for å finansiere negative driftsresultat og saldere driftsbudsjettet. Dette forringar det økonomiske handlingsrommet til kommunen og eit av hovudmåla i økonomiplanperioden blir å stabilisere drifta i kommunen på eit nivå der ein unngår vidare nedbygging og bruk av disposisjonsfondet.

I brev til kommunane frå Statsforvaltaren etter framlegging av statsbudsjettet 6. oktober 2022 er ganske informativt og gjengjeve under:

### ***Statsbudsjettet 2023 - kommuneopplegget***

Regjeringa presenterer framlegg til statsbudsjett for 2023. Statsforvaltaren vil her gi eit samandrag som kan vere nyttig for kommunane i samband med budsjettarbeidet i haust.

Det er ein pårekna vekst frå 2022 til 2023 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland på 3,5 prosent. Pårekna vekst for kommunane samla i landet er også 3,5 prosent. 22 kommunar i Vestland ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 21 kommunar ligg under.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Vi tek i innleiinga med endringar i kommuneøkonomien for inneverande år.

### **Det økonomiske opplegget for 2022**

I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år på 6,8 prosent. I denne veksten inngår ekstraordinær og mellombels skatt frå auka utbytte, i tillegg til pårekna løns- og sysselsetjingsvekst.

Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr 2,4 mrd. for kommunesektoren frå nivået i revidert nasjonalbudsjett, av dette i underkant av kr 2,0 mrd. for kommunane.

Det blir som meldt i revidert nasjonalbudsjett gjennomført eit samla trekk på rammetilskotet for kommunane i år på kr 9,7 mrd. som følgje av ekstraordinære inntekter frå utbytteskatt. Trekket blir gjort på dei fire siste terminutbetalingane for rammetilskot i år, t.o.m. november.

## Økonomiplan for 2023-2026

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane var i revidert nasjonalbudsjett 3,7 prosent. Pårekna lønsvekst var også 3,7 prosent i revidert nasjonalbudsjett.

Det har vore ein betydeleg kostnadsvekst i 2022. Den samla pris- og kostnadsveksten i år er auka frå 3,7 prosent til 5,3 prosent. Denne består av:

|                          |             |
|--------------------------|-------------|
| Prisvekst produktinnsats | 7,3 prosent |
| Prisvekst investeringar  | 7,5 prosent |
| Lønsvekst                | 3,8 prosent |
| Samla prisvekst          | 5,3 prosent |

Pårekna samla prisvekst vart utarbeidd i månadsskiftet juli/august, og det vil vere stor uvissheit knytt til denne.

Det er ikkje lagt opp til kompensasjon av kostnadsveksten i år. Samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjettet, utgjør meirskatteveksten om lag 1/3 av kostnadsveksten.

### **Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2023**

Det er rekna med ein korrigert skatteauke for kommunane frå 2022 til 2023 med 0,5 prosent. Pårekna skatteinntekter i 2023 byggjer blant anna på pårekna lønsvekst (4,2 prosent) og oppjustering av det kommunale skatteøyret. I denne prosentveksten for skattevekst frå 2022 til 2023 er ekstraordinær utbytteskatt i år korrigert ut av grunnlaget for 2022.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til at det kommunale skatteøyret blir oppjustert frå 10,95 prosent i 2022 til 11,15 prosent i 2023.

Det er lagt opp til at skattedelen av kommunane sine samla inntekter skal vere om lag 40 prosent også for 2023.

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane - kommunal deflator - er i framlegget 3,7 prosent. Deflatoren blir nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet. Kostnadsdeflatoren består av:

|                          |             |
|--------------------------|-------------|
| Prisvekst produktinnsats | 3,0 prosent |
| Prisvekst investeringar  | 3,2 prosent |
| Lønsvekst                | 4,2 prosent |
| Samla prisvekst          | 3,7 prosent |

### Samla vekst i frie inntekter

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for primærkommunane frå 2022 til 2023 på om lag kr 1,7 mrd. Denne veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Den ekstraordinære og mellombelse skatteveksten i år frå utbytteskatt er ikkje med i grunnlaget for inntektsvekst frå 2022 til 2023. Kompensasjon for andre mellombelse tiltak som koronatiltak er også korrigert ut av grunnlaget for pårekna inntektsvekst.

Veksten i dei frie inntektene er realauke slik at priskompensasjonen frå 2022 til 2023 vil kome som eit tillegg i inntektene.

Veksten i frie inntekter må blant anna dekke auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga.

Det er ein vesentleg auke i pårekna demografikostnader for 2023 samanlikna med det som var lagt til grunn i kommuneproposisjonen. Dette kjem i hovudsak som følgje av flyktningar frå Ukraina.

Pårekna meirkostnader demografi i 2023 er førebels rekna til om lag kr 1,7 mrd. for primærkommunane. Dette er den delen av meirkostnadene som må bli dekte av veksten dei frie inntektene.

Auken i frie inntekter og demografikostnader er difor om lag på same nivå, kr 1,7 mrd. Det er m.a.o. lagt til grunn at auken i dei pårekna demografikostnadene blir dekte inn med auken i frie inntekter.

For pensjonskostnader samanlikna med pårekna lønsvekst i 2023, er det rekna med ein nedgang på totalt om lag kr 100 mill. Fordelinga er 90 prosent på kommunane og 10 prosent på fylkeskommunane. Det er stor uvisse knytt til overslaget.

### Frie inntekter – skatt og rammeoverføring – på kvar kommune

Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2023. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabellen byggjer på kommunane sin faktiske skatteinngang i 2021. Dette grunnlaget er justert opp i samsvar med pårekna samla skattevekst i 2022 og 2023.

I berekning av skatteprognose for 2023 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2021 for alle kommunane, uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2021. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning. Kommunane må justere for lokale tilhøve i budsjetteringa av skatt for 2023.

Veksten i frie inntekter vil variere mellom kommunane. Årsaker er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt frå år til år :

- *endringar i inntektssystemet*
- *endringar i folketalet og alderssamansetjing*
- *endring i andre kriteriedata*
- *endring i fordelinga av skjønstilskot*
- *endring i veksttilskot*
- *endring i distriktstilskot eller småkommunetillegg*
- *endringar i skattegrunnlaget*

- *opptrapping av kompensasjon for gradvis reduksjon i eidegdomsskatt i overgangsperiode frå endring i skattereglar f.o.m. 2019 (reduksjon i eidegdomsskatt inngår ikkje i utrekninga av prosentvekst i vedlagt tabell).*

Priskompensasjon frå 2022 til 2023 er innarbeidd i oversynet over dei frie inntektene i vedlagt tabell.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane i landet sine samla frie inntekter frå 2022 til 2023 med 3,5 prosent. Denne veksten er rekna i høve til pårekna inntektsnivå i år (rekneskap 2022), medrekna oppjusteringa av skatteinntektene. Den pårekna veksten for kommunane samla i Vestland er også 3,5 prosent.

Auka rammeoverføring blir gitt for nye oppgåver og omfattar også heilårsverknader i denne samanhengen. Utrekna prosentvekst for dei frie inntektene er korrigert for dette i vedlagt tabell, slik at kompensasjon i denne samanheng ikkje inngår i prosentveksten. I utrekning av prosentvekst er det også korrigert for innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet.

I vedlagt tabell er ekstraordinære løyvingar i samband med koronatiltak i 2022 og meirskattevekst i 2022 frå utbytte korrigert ut av grunnlaget for 2022 i berekninga av veksten i frie inntekter frå 2022 til 2023.

### **Aktuelle saker**

#### Tilskot per grunnskule

For 2022 er det gitt eit tilskot på kr 500 000,- per kommunal grunnskule. Tilskotet er gitt med ei særskilt fordeling basert på talet for grunnskular i kommunane i skuleåret 2021/2022 og er finansiert med eit likt beløp per innbyggjar innafor innbyggjartilskotet til kommunane.

Tilskotet er vidareført i framlegget for 2023, i underkant av kr 1,3 mrd. samla for kommunane i landet. Tilskotet inngår i beløpa for innbyggjartilskot i kolonne i vedlagt tabell. Tilskotssats blir prisjustert for 2023 til kr 519 000,- per grunnskule.

#### Helsestasjon og skulehelseteneste

Den delen av rammetilskotet som er grunnlagt med satsinga på helsestasjon og skulehelsetenesta blir vidareført frå 2022 til 2023, med priskompensasjon på 3,7 prosent. For 2023 er rammetilskotet knytt til føremålet kr 987,4 mill. Midlane blir fordelte mellom kommunane på grunnlag av talet på innbyggjarar i alderen 0–19 år, med eit minstenivå på kr 100 000,- per kommune.

#### Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerkte tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år. Utbetaling av tilskot til kommunane i 2023 vil vere basert på direkte lønsutgifter i 2022 knytte til tenestemottakarar.

Det er lagt opp til følgjande for 2023:

- Kompensasjonsgraden blir vidareført med 80 prosent av netto utgifter ut over innslagsnivået. Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2023 er netto utgifter i 2022.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1 470 000,- til kr 1 526 000,-. Auken i innslagsnivå er lik pårekna lønsvekst i prosent i 2022 (3,8 prosent).

## Økonomiplan for 2023-2026

- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2023, skal kommunane inntektsføre i sine rekneskap for 2022. Kommunane skal inntektsføre den pårekna kompensasjonen i rekneskapen for det same året som utgiftene har vore.
- Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øyremerkte tilskot blir også trekte frå berekningsgrunnlaget.

### Ressurskrevjande tenester - tilleggskompensasjon

Mindre kommunar som har særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenester, får ein særskilt kompensasjon. Kompensasjonen kjem i tillegg til det ordinære toppfinansieringstilskotet for ressurskrevjande tenester. Det er følgjande kriterium for at kommunar skal få tilskotet:

- mindre enn 3200 innbyggjarar
- høge utgifter til ressurskrevjande tenester per innbyggjar
- gjennomsnittlege skatteinntekter dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet

Det blir t.d. ikkje teke omsyn til eigedomsskatteinntekter eller andre kraftinntekter/havbruksmidlar. Ramma for tilskotet er kr 55 mill. i 2022. Kommunane blir i 2022 kompenserte med 80 prosent av netto utgiftene over ein terskelverdi per innbyggjar.

Det er framlegg om å auke ramma for tilleggskompensasjon frå 2022 med kr 26 mill., til kr 82,8 mill., medrekna prisjustering til 2023. Auken i tilskotsramma blir finansiert av eit like stort trekk per innbyggjar på innbyggjartilskotet, som del av rammetilskotet til kommunane.

### Heildøgns omsorgsplassar

I statsbudsjettet for 2023 er det ikkje framlegg om å prioritere egne stimuleringsmidlar i investeringstilskotet til heildøgns omsorgsplassar. Det er pårekna at tilsegnsramma for 2022 vil bli brukt opp. Den delen av tilsegnsramma som kan nyttast til rehabilitering og modernisering/ utskifting av eksisterande plassar (ikkje netto tilvekst), er allereie brukt opp.

### Vedtak for 2022 - heilårsverknad i 2023

I statsbudsjettet for 2022 vart det løyvd kr 640 mill. meir til gratis kjernetid i SFO for førsteklassingar frå hausten 2022 og kompensasjon kr 187 mill. for bortfall av avkorting av barnetrygd i sosialhjelp frå 1. september 2022. Begge dei nemnde tiltaka vil gi heilårsverknad i 2023.

### Konsesjonskraftinntekter

Høge straumprisar har gitt vesentleg høgare verdi på konsesjonskrafta. Det er difor framlegg om eit eittårig trekk på rammetilskotet i 2023 frå kommunar og fylkeskommunar som har inntekter frå konsesjonskraft, og som ligg i område med høgaste prisar. Det samla trekket på landsbasis er kr 3 mrd., fordelt med kr 2,2 mrd. for kommunane og kr 0,8 mrd. for fylkeskommunane.

Kraftkommunane skal rapportere til departementet om verdien av konsesjonskraft innan 1. desember d.å., som eit grunnlag for berekning av trekk i rammetilskotet i 2023. Den endelege fordelinga av trekket vil difor bli fastsett etter 1. desember og innan året er omme. Departementet vil gi nærare informasjon om rapporteringa.

### Grunnrenteskatt på havbruk og vindkraft

Kommunane har inntekter frå havbruk frå vekst i oppdrettsnæringa frå Havbruksfond og produksjonsavgift. Frå 1. juli 2022 er det ei ny særavgift på landbasert vindkraft som skal gå til vertskommunane. Kommunane kan også ha eigedomsskatt knytt til havbruk og vindkraft.

Regjeringa gjer framlegg om å innføre grunnrenteskatt for landbaserte vindkraftverk og på havbruk (laks, aure, regnbogaure) frå 2023, med ein skattesats på 40 prosent. Regjeringa legg opp til at halvparten av inntektene frå grunnrente skal gå til kommunesektoren. Skatten vil bli kravd inn av staten f.o.m. 2023, men vil bli fordelt ut til kommunesektoren først f.o.m. 2024. Totalt er dette pårekna å utgjere om lag kr 3,1 - 3,2 mrd. i inntekter til kommunesektoren i 2024, knytt til skatten som blir kravd inn i 2023. Alle kommunar og fylkeskommunar vil få inntekter frå grunnrenta, men vertskommunar vil få ein større del.

Kommunesektoren sine inntekter frå grunnrenteskatt havbruk og vindkraft vil vere tredelte:

- Ein produksjonsavgift som vil gå direkte til vertskommunane (for havbruk vil også noko gå til vertsfylkeskommunane). Denne er pårekna til kr 750 mill. for havbruk og kr 334 mill. for vindkraft.
- Ein naturressursskatt som vil gå inn i berekningsgrunnlaget for inntektsutjamninga i rammetilskotet til kommunane og fylkeskommunane. Denne er rekna til kr 750 mill. for havbruk og kr 217 mill. for vindkraft.
- Ei ekstraløyving som vil gå inn i rammetilskotet. Denne skal sikre at kommunesektoren får den fastsette delen av grunnrenta på 50 prosent. Denne inntekta er rekna til kr 325 - 400 mill. for havbruk og kr 700 mill. for vindkraft.

Det er førebels ikkje gjort nokon berekningar for den einskilde kommune knytt til desse inntektene. Departementet vil vurdere dette nærare.

Framlegget har ikkje direkte konsekvensar for ordninga med inntekter frå Havbruksfond. Framlegget til auka skattlegging vil likevel kunne bidra til at verdien på konsesjonane blir lågare dersom interessa for å by på desse blir mindre. Dette kan få konsekvensar for utbetalingar frå Havbruksfond.

### ***Inntektssystemet i 2023***

#### Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunen sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for kommunane i landet. Tilleggskompensasjonen – for kommunar med lågt skattenivå – er 35 prosent av det skattenivået i kommunen er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

#### Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eitt år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vere den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet, som blir kompensert.

## Økonomiplan for 2023-2026

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønsttilskot. INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og personar med psykisk utviklingshemming), bortfall av småkommunetillegg og nedgang eller bortfall av distriktstilskot.

### Teljetidspunkt

For 2023 gjeld folketal per 1. juli 2022 for innbyggjartilskotet (medrekna overgangsordninga INGAR) og kriteria for aldersgrupper i utgiftsutjamninga. Andre kriteriedata i utgiftsutjamninga er frå 1. januar 2022. Oppdatering av folketal i inntektsutjamninga blir vidareført med teljedata 1. januar i sjølve budsjettåret (2023).

### Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent (gjennomsnitt per år). I 2023 blir vekstgrensa ført vidare med 1,4 prosent.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa. Beløpet blir prisjustert i 2023 til kr 64.555,-.

Fjaler kommune er einaste kommune i Vestland som får veksttilskot i 2023.

### Distriktstilskot Sør-Noreg utanom småkommunetillegg

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsutvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

### Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo større trekk i høve til fullt tilskot (opp til 50 prosent). Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot. Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

### Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einskilde kommune. Utgangspunktet for berekning av utgiftsutjamninga for 2023 blir rekneskapstal for 2019. På bakgrunn av koronapandemien, blir korkje rekneskapsåret for 2020 eller 2021 nytta som berekningsgrunnlag.

### Inndelingstilskot

Samanslåingskommunar får eit årleg inndelingstilskot. Tilskotet blir gitt årleg frå og med år 2020 for ein periode på femten år og blir deretter trappa ned over fem år. Inndelingstilskotet blir tillagt priskompensasjon kvart år. Tilskotet erstattar bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetilskot/reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåinga. Berekningsgrunnlaget er inntektssystemet i 2016 då basistilskotet var kr 13,2 mill. for kvar kommune (før endringane i inntektssystemet i 2017 med gradering av basistilskot m.m.).

Inndelingstilskotet er tillagt priskompensasjon frå 2022 til 2023 (3,7 prosent).

### Framlegg til endringar i inntektssystemet

I mai 2020 vart det sett ned eit offentleg utval som skulle gjere ei heilskapleg gjennomgang av inntektssystemet. Utvalet har no lagt fram si utgreiing i ein NOU og kome med framlegg til endringar. Framlegget er no på høyring. Regjeringa tek sikte på å kome med framlegg til nytt inntektssystem for kommunane i kommuneproposisjonen våren 2023, med verknader frå 2024.

### **Skjønstilskot**

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir redusert frå kr 850 mill. i 2022 til kr 800 mill. i 2023. Vestland si ramme er redusert frå kr 145,0 mill. i 2022 til kr 139,1 mill. i 2023.

Ein del av skjønnsramma for 2023 vil først bli fordelt mellom kommunane i budsjettåret 2023. Statsforvaltaren i Vestland har gjort ei overordna fordeling av skjønsmidlane mellom ordinært skjøn i statsbudsjettet (kr 109,1 mill.), fornyings- og innovasjonsprosjekt (kr 15,0 mill.) og til fordeling i budsjettåret (kr 15,0 mill.).

Fordelinga av ordinært skjønstilskot for 2023 er vist i eigen kolonne i vedlagt tabell. Vi viser til vår nettside der det blir lagt ut meir informasjon om fordelinga av skjønstilskot mellom kommunane.

*Med helsing*

*Liv Signe Navarsete*


*Nils Erling Yndesdal*

*Kommunaldirektør*

## Folketalsutvikling

### Demografi

#### Befolkningsprognose




|                         | 2022         | 2027         | 2032         | 2037         | 2042         | 2047         |
|-------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 0 - åringar             | 68           | 69           | 68           | 67           | 64           | 62           |
| Barnehage (1-5 år)      | 382          | 370          | 361          | 355          | 350          | 338          |
| Grunnskole (6-15 år)    | 916          | 858          | 808          | 771          | 759          | 749          |
| Videregående (16-19 år) | 387          | 397          | 350          | 325          | 313          | 309          |
| Voksne (20-66 år)       | 4 109        | 4 172        | 4 092        | 3 955        | 3 836        | 3 722        |
| Eldre (67-79 år)        | 955          | 950          | 969          | 1 053        | 1 099        | 1 107        |
| Eldre (80-89 år)        | 307          | 397          | 503          | 534          | 547          | 608          |
| Eldre (90 år og eldre)  | 83           | 81           | 91           | 135          | 178          | 196          |
| <b>Total</b>            | <b>7 207</b> | <b>7 294</b> | <b>7 242</b> | <b>7 195</b> | <b>7 146</b> | <b>7 091</b> |

Prognose type : Middels nasjonal vekst

Prognose periode : 25

0 - åringer


Befolkningsprognose



|       | 2022 | 2027 | 2032 | 2037 | 2042 | 2047 |
|-------|------|------|------|------|------|------|
| 0 år  | 68   | 69   | 68   | 67   | 64   | 62   |
| Total | 68   | 69   | 68   | 67   | 64   | 62   |

## Barnehage (1-5 år)


### Befolkningsprognose



|        | 2022 | 2027 | 2032 | 2037 | 2042 | 2047 |
|--------|------|------|------|------|------|------|
| 1 år   | 77   | 71   | 70   | 68   | 66   | 64   |
| 2 år   | 67   | 72   | 71   | 70   | 68   | 66   |
| 3-5 år | 238  | 227  | 220  | 217  | 216  | 208  |
| Total  | 382  | 370  | 361  | 355  | 350  | 338  |

## Grunnskole (6-15 år)


### Befolkningsprognose



|          | 2022 | 2027 | 2032 | 2037 | 2042 | 2047 |
|----------|------|------|------|------|------|------|
| 6-9 år   | 336  | 319  | 307  | 300  | 296  | 292  |
| 10-12 år | 287  | 273  | 243  | 230  | 229  | 227  |
| 13-15 år | 293  | 266  | 258  | 241  | 234  | 230  |
| Total    | 916  | 858  | 808  | 771  | 759  | 749  |

## Videregående (16-19 år)


### Befolkningsprognose



|          | 2022 | 2027 | 2032 | 2037 | 2042 | 2047 |
|----------|------|------|------|------|------|------|
| 16-17 år | 177  | 205  | 181  | 166  | 159  | 157  |
| 18 år    | 118  | 95   | 78   | 80   | 78   | 77   |
| 19 år    | 92   | 97   | 91   | 79   | 76   | 75   |
| Total    | 387  | 397  | 350  | 325  | 313  | 309  |

## Voksne (20-66 år)


### Befolkningsprognose



|          | 2022  | 2027  | 2032  | 2037  | 2042  | 2047  |
|----------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| 20 år    | 97    | 89    | 85    | 86    | 75    | 72    |
| 21 år    | 87    | 81    | 81    | 81    | 74    | 69    |
| 22 år    | 87    | 71    | 87    | 71    | 65    | 65    |
| 23-29 år | 561   | 537   | 491   | 477   | 448   | 422   |
| 30-34 år | 411   | 434   | 400   | 369   | 371   | 351   |
| 35-44 år | 866   | 924   | 909   | 865   | 809   | 781   |
| 45-49 år | 468   | 448   | 467   | 469   | 457   | 430   |
| 50-66 år | 1 532 | 1 588 | 1 572 | 1 537 | 1 537 | 1 532 |
| Total    | 4 109 | 4 172 | 4 092 | 3 955 | 3 836 | 3 722 |

## Eldre (67-79 år)


### Befolkningsprognose



|          | 2022 | 2027 | 2032 | 2037  | 2042  | 2047  |
|----------|------|------|------|-------|-------|-------|
| 67-69 år | 251  | 218  | 246  | 280   | 266   | 264   |
| 70-74 år | 392  | 374  | 381  | 417   | 442   | 427   |
| 75-79 år | 312  | 358  | 342  | 356   | 391   | 416   |
| Total    | 955  | 950  | 969  | 1 053 | 1 099 | 1 107 |

## Eldre (80-89 år)


### Befolkningsprognose



|          | 2022 | 2027 | 2032 | 2037 | 2042 | 2047 |
|----------|------|------|------|------|------|------|
| 80-84 år | 188  | 263  | 308  | 301  | 315  | 353  |
| 85-89 år | 119  | 134  | 195  | 233  | 232  | 255  |
| Total    | 307  | 397  | 503  | 534  | 547  | 608  |

## Eldre (90 år og eldre)

### Befolkningsprognose



|                    | 2022      | 2027      | 2032      | 2037       | 2042       | 2047       |
|--------------------|-----------|-----------|-----------|------------|------------|------------|
| 90-94 år           | 62        | 61        | 71        | 111        | 137        | 140        |
| 95-99 år           | 19        | 19        | 19        | 23         | 39         | 51         |
| 100 år eller eldre | 2         | 1         | 1         | 1          | 2          | 5          |
| <b>Total</b>       | <b>83</b> | <b>81</b> | <b>91</b> | <b>135</b> | <b>178</b> | <b>196</b> |

## Investeringar i økonomiplanen

### Investeringstabell for kommunen samla

#### Andre investeringer

Beløp i 1000

|  | Økonomiplan   |              |              |              | Sum           |
|--|---------------|--------------|--------------|--------------|---------------|
|  | 2023          | 2024         | 2025         | 2026         | 2023-26       |
| <b>Investeringsprosjekter</b>  |               |              |              |              |               |
| <b>Sentraladministrasjon</b>   |               |              |              |              |               |
| 2 nye varebilar - Bygg og vedlikehaldsavdelinga                                | 1 000         | 0            | 0            | 0            | 1 000         |
| Eigenkapitalinnskott KLP   | 1 500         | 1 500        | 1 500        | 1 500        | 6 000         |
| IKT Nordfjord investering 2023   | 1 906         | 0            | 0            | 0            | 1 906         |
| IKT Strategi - investeringar 2023  | 518           | 0            | 0            | 0            | 518           |
| Klatrepark i Oppstryn - 2023   | 125           | 0            | 0            | 0            | 125           |
| Rehabilitering klatrepark Stryn sentrum - 2023                                 | 750           | 0            | 0            | 0            | 750           |
| Renovering Stryn Ungdomsskule  | 9 300         | 0            | 0            | 0            | 9 300         |
| Stillas bygg og eigedom -2023  | 125           | 0            | 0            | 0            | 125           |
| Tilknytning fjernvarme kommunale bygg i Innvik                                 | 2 000         | 0            | 0            | 0            | 2 000         |
| Varmepumpe Stryn arbeidssenter   | 750           | 0            | 0            | 0            | 750           |
| Vikane omsorgssenter - ombygging til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar          | 0             | 6 250        | 0            | 0            | 6 250         |
| <b>Sum Sentraladministrasjon</b>   | <b>17 974</b> | <b>7 750</b> | <b>1 500</b> | <b>1 500</b> | <b>28 724</b> |
| <b>Skule og kultur</b>   |               |              |              |              |               |
| Kulturhuset - nye stolar i kommunestyresal                                     | 175           | 0            | 0            | 0            | 175           |
| <b>Sum Skule og kultur</b>   | <b>175</b>    | <b>0</b>     | <b>0</b>     | <b>0</b>     | <b>175</b>    |
| <b>Helse og sosial</b>   |               |              |              |              |               |
| Bekkenspylere Stryn omsorgssenter - 7 stk.                                     | 750           | 0            | 0            | 0            | 750           |
| <b>Sum Helse og sosial</b>   | <b>750</b>    | <b>0</b>     | <b>0</b>     | <b>0</b>     | <b>750</b>    |
| <b>Samfunnsutvikling</b>   |               |              |              |              |               |
| 2 traktorar til brøyting og vegvedlikehald                                     | 0             | 4 600        | 0            | 0            | 4 600         |
| Bygging veg med fortau Solvik - Leite  | 13 000        | 0            | 0            | 0            | 13 000        |
| Dam Langesetvatnet   | 0             | 6 250        | 6 250        | 0            | 12 500        |
| Delfinansiering gangveg Loen - Solvik  | 18 000        | 0            | 0            | 0            | 18 000        |
| Elvaforebygging Sunndøla/Hjelledøla  | 3 000         | 4 000        | 0            | 0            | 7 000         |
| Forebygging av Storeelva i Innvik - eigenandel                                 | 0             | 0            | 2 000        | 0            | 2 000         |
| Gangveg Storelva Utvik   | 5 000         | 0            | 0            | 0            | 5 000         |
| Grunninnløyising, areal til bustad og næringsføremål                           | 15 000        | 8 000        | 0            | 0            | 23 000        |
| Høgdebasseng Storelva Utvik - eigenandel                                       | 0             | 500          | 0            | 0            | 500           |
| Investeringsråme pga. utsette investeringar                                    | 1 200         | 0            | 0            | 0            | 1 200         |
| Kommunalt bustadfelt Solvik i Loen   | 29 000        | 18 300       | 0            | 0            | 47 300        |
| Kvikkleirekartlegging  | 500           | 2 500        | 0            | 0            | 3 000         |
| Ny kantklippar for traktor   | 0             | 635          | 0            | 0            | 635           |
| Nykartlegging, ortofot og oppdatering AR5                                      | 0             | 0            | 1 000        | 0            | 1 000         |
| Nytt slåtteutstyr park og grønt  | 0             | 570          | 0            | 0            | 570           |
| Oppmålingsbil  | 0             | 0            | 875          | 0            | 875           |
| Opprusting og sikringstiltak kommunale vegar                                   | 3 000         | 3 000        | 3 000        | 3 000        | 12 000        |
| Regulering av bustad- og næringsareal  | 1 000         | 0            | 0            | 0            | 1 000         |
| Samlokalisering av brannstasjon og lokale for tekniske tenester og vaktmeister | 5 000         | 35 000       | 34 000       | 0            | 74 000        |

## Økonomiplan for 2023-2026

|   | Økonomiplan    |                |               |              | Sum            |
|---|----------------|----------------|---------------|--------------|----------------|
|   | 2023           | 2024           | 2025          | 2026         | 2023-26        |
| <b>Investeringsprosjekter</b>                                 |                |                |               |              |                |
| Skifte ut varebil kommunale vegar                             | 0              | 700            | 0             | 0            | 700            |
| Skifte ut varebil til samfunnsutvikling                       | 0              | 700            | 0             | 0            | 700            |
| Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp | 0              | 9 188          | 0             | 0            | 9 188          |
| <b>Sum Samfunnsutvikling</b>                                  | <b>93 700</b>  | <b>93 943</b>  | <b>47 125</b> | <b>3 000</b> | <b>237 768</b> |
|   |                |                |               |              |                |
| <b>Sum</b>  | <b>112 599</b> | <b>101 693</b> | <b>48 625</b> | <b>4 500</b> | <b>267 417</b> |

## Sjølvkost

Beløp i 1000

|   | Økonomiplan   |               |              |          | Sum           |
|---|---------------|---------------|--------------|----------|---------------|
|   | 2023          | 2024          | 2025         | 2026     | 2023-26       |
| <b>Investeringsprosjekter</b>   |               |               |              |          |               |
| <b>Samfunnsutvikling</b>  |               |               |              |          |               |
| Førebuing prosjektering nytt avløpsrenseanlegg Loen                         | 250           | 0             | 0            | 0        | 250           |
| Kloakksanering Perhustunet  | 0             | 0             | 1 000        | 0        | 1 000         |
| Loen vassverk - etablere ny gravd brønn                                     | 1 100         | 0             | 0            | 0        | 1 100         |
| Ny bil til brannforebyggande avdeling                                       | 0             | 600           | 0            | 0        | 600           |
| Ny varebil vatn og avløp  | 700           | 0             | 0            | 0        | 700           |
| P 44082 Loen vassverk - oppgradering eksisterande VBA                       | 2 250         | 0             | 0            | 0        | 2 250         |
| Prosjektering nytt avløpsrenseanlegg Loen                                   | 2 500         | 5 000         | 0            | 0        | 7 500         |
| Rehabilitering trykkreduksjonskum (Hydlamyra) og VA-ledningsanlegg (Visnes) | 2 800         | 0             | 0            | 0        | 2 800         |
| Storesunde Nymarka VA   | 0             | 17 550        | 0            | 0        | 17 550        |
| Utskifting varebil vatn og avløp  | 0             | 750           | 0            | 0        | 750           |
| Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader                                 | 400           | 0             | 0            | 0        | 400           |
| <b>Sum Samfunnsutvikling</b>  | <b>10 000</b> | <b>23 900</b> | <b>1 000</b> | <b>0</b> | <b>34 900</b> |
|   |               |               |              |          |               |
| <b>Sum</b>  | <b>10 000</b> | <b>23 900</b> | <b>1 000</b> | <b>0</b> | <b>34 900</b> |

## Andre investeringer

### Sentraladministrasjon

#### Grunninnløyising, areal til bustad og næringsføremål

Det vert lagt opp til innløyising av fleire område med grunn til bustad- og næringsføremål i 2021 og 2022. På grunn av at det ikkje føreligg avtalar/intensjonsavtalar for alle områda har ein valt føreslå avsett ein felles pott til dette i budsjettet.

Innløyising av grunn til bustad og næringsføremål, følgjande område er aktuelle;

"Demmehaug"- innløyising av regulert område til bustad- og fritidsbustad, totalt 12 einingar

"Arnfinbakken" område i Vik regulert til einebustadar – 12 einingar

Innløyising av «Øvre Hogane» innløyising av område i Hogane (B 135), avsett til bustadføremål i kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde

Innløyising av «Vetlevika næringsområde» område i Vetlevika, regulert til næringsføremål, om lag 17 dekar

Innløyising av areal på Ytreeide til næringsføremål- om lag 45 dekar landbruksareal tenkt nytta til næringsføremål

### **Klatrepark i Oppstryn - 2023**

Klatreparken i Oppstryn må sanerast. To alternativ førelegg: Unnlata å setje opp ny og betale tilbake tippemidlar ein har fått, eller investere/rehabiliterare. Det er kostbart å byggje ny / rehabiliterare, men saneringsalternativet med tilbakebetaling av tippemidlane er dårlegare økonomisk. Samtidig er det ønskjeleg å fortsatt ha dette tilbodet, anlegget er mykje brukt.

### **Rehabilitering klatrepark Stryn sentrum - 2023**

Klatreparken ved Kulturhuset i Stryn sentrum må sanerast. To alternativ førelegg: Unnlata å setje opp ny og betale tilbake tippemidlar ein har fått, eller investere/rehabiliterare. Det er kostbart å byggje ny / rehabiliterare, men saneringsalternativet med tilbakebetaling av tippemidlar er dårlegare økonomisk. Samtidig er det ønskjeleg å fortsatt ha dette tilbodet, anlegget er veldig mykje brukt.

### **Stillas bygg og eigedom -2023**

Kostnadmessig meir effektivt å kjøpe eige stillas kontra å leige stillas. Denne investeringa vil spare pengar over tid.

### **Tilknytning fjernvarme kommunale bygg i Innvik**

Kommunestyret gjorde i sak 11/20 vedtak om å knytte kommunale bygg i Innvik til eit framtidig biovarmeanlegg i Innvik.

Det har blitt framforhandla avtale med Stryn Nærvareme c/o Norsk bioenergi AS.

Der er nokre endringar frå førre vedtak etter reforhandla avtale:

- Vi har fått redusert den abonnerte effekten frå 500 kW til 400 kW ved Vikane omsorgssenter.
- Ved Vikane skule vil ein i staden for nytt radiatoropplegg kople til vassboren varmebatteri på ventilasjonsanlegget. Dette vil erstatte det eksisterande EL-batteriet. Dette er ein betydeleg redusert investeringskostnad for Stryn kommune enn om ein skulle installere nytt radiatoropplegg. Levert energi frå leverandøren vil bli på same nivå.

### **Varmepumpe Stryn arbeidssenter**

Varmepumpe med god kapasitet vil redusere bruken av gassfyring betydeleg. Dette vil medføre reduserte fyringsutgifter og klimautslipp.

### **Vikane omsorgssenter - ombygging til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar**

Bygge om eksisterande omsorgsbustadar til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar på Vikana omsorgssenter. Berekna til 5 mill. med oppstart og ferdigstillelse i 2023.

## **Helse og sosial**

### **Bekkenspylere Stryn omsorgssenter - 7 stk.**

Stryn omsorgssenter har 7 bekkenspylere. Dei er alle 7 i dårlig forfatning/fått avvik i forbindelse med tilsyn frå hygienesjukepleiar frå Helse Førde. Det legger seg eit svart belegg i spylaren og i utstyret som blir vaska i spylarne. Spylarne sine slanger for vatn gir feilsignalar og slutte å fungere av samme grunn. Bekken blir ikke rene. Det er ikkje mogleg å vaske utstyr som sakser mv - som det er berekna for - i maskinene. Belegget i maskinene kan gi grunnlag for UVI og sårproblematikk i forhold til å få sår til å gro. Det er tatt opp med vaktmeister/bygg utfordringa og kva som kan vere årsaken til dette, men pr i dag er det ikkje satt inn tiltak. Utan eksterne tiltak vil det bli behov for ny utskifting før maskinene normalt trenger å byttast ut.

## Samfunnsutvikling

### 2 traktorar til brøyting og vegvedlikehald

Kommunen har 2 traktorar som vert nytta til brøyting og vegvedlikehald. Desse traktorane er over 5 år, og har gått ca. 3.000 timar. Bruktverdien på desse traktorane er no svært høg med stor etterspørsell slik at det gunstig for kommunen å bytte dei. I tillegg har traktorane gått så mykje, 3.000 timar, at service og vedlikehaldskostnader vil stige framover. Det er såleis viktig å bytte ut traktorane før driftskostnadane går opp. Traktorane er vesentleg å ha i drift spesielt om vinteren. Då tåler kommunen ikkje lenger driftsstans.

Eit alternativ til å kjøpe nye traktorar er å lease traktorar over 5 år. Dette bør vurderast som eit alternativ.

### Bygging veg med fortau Solvik - Leite

Veg frå Leitekviakrysset til Solvik med tilkopling til Fv60. Prosjektet må kome samtidig, eller før GS-veg Loen-Solvik.

Med dette tiltaket vil ein kunne vidareutvikle Rake bustadfelt. Er framleis ein stor del av feltet som var regulert i 1985 som ikkje er bygd ut.

### Dam Langesetvatnet

Kommunal veg kryssar ein kombinert bru/demning ved utløpet av Langesetvatnet. Tiltaket gjeld innleige av fagansvarleg konsulent for å sjå på ulike løysingar for at demning skal vere i samsvar med damsikkerheitsforskrift. Krav om innmelding av damsikkerheitsklasse til NVE 6.jan.2020.

### Elvforebygging Sunndøla/Hjelledøla

Prosjekt omfattar sikring av Sunndøla og Hjelledøla, samt utbetring av bru til Nygård.

### Forebygging av Storeelva i Innvik - eigenandel

Kommunal eigenandel, forbygging av Storeelva i Innvik.

### Gangveg Storelva Utvik

Bygging av gangveg frå ny bru over Storelva og austover langs Fv.60, omlag 70 meter.

### Grunninnløysing, areal til bustad og næringsføremål

Det vert lagt opp til innløysing av fleire område med grunn til bustad- og næringsføremål i 2021 og 2022. På grunn av at det ikkje føreligg avtalar/intensjonsavtalar for alle områda har ein valt føreslå avsett ein felles pott til dette i budsjettet.

Innløysing av grunn til bustad og næringsføremål, følgjande område er aktuelle;

"Demmehaug"- innløysing av regulert område til bustad- og fritidsbustad, totalt 12 einingar

"Arnfinbakken" område i Vik regulert til einebustadar – 12 einingar

Innløysing av «Øvre Hogane» innløysing av område i Hogane (B 135), avsett til bustadføremål i kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde

Innløysing av «Vetlevika næringsområde» område i Vetlevika, regulert til næringsføremål, om lag 17 dekar

Innløysing av areal på Ytreeide til næringsføremål- om lag 45 dekar landbruksareal tenkt nytta til næringsføremål

### Kvikkleirekartlegging

Avklare reell naturføre knytt til kvikkleire for deler av Stryn sentrum.

### **Ny kantklippar for traktor**

Kommunen treng å skifte ut kantklippeaggregatet for slått av vegskråning langs kommunal veg. Eksisterande slåtteaggregat er frå 2012 og veldig slete. Det har vore større reparasjonar både i 2021 og 2022, noko som reduserar driftstida og aukar driftskostnadane. Stryn kommune har 153 km veg der det skal utførast kantslått. Kommunen er avhengig av at utstyret fungerer for å kunne nå over alle vegane rundt i kommunen.

### **Nykartlegging, ortofot og oppdatering AR5**

Ajourføring av kart og nye ortofoto for å ha eit godt og oppdatert datagrunnlag.

### **Nytt slåtteutstyr park og grønt**

Park og grønt treng nytt slåtteutstyr for vedlikehald av kommunale plenar, parkar og grøntanlegg, samt vegkantar langs kommunale vegar. Kommunen har i dag ein John Deere plenetraktor, men slåttepanna er heilt utsleta slik at lager og reimdrift ikkje lenger set slik dei skal. Sesongen 2022 har medført meir reparasjonar enn driftstid. Plantraktoren er tung å handtere, noko som har resultert i fleire sjukemeldingar hjå mannskapet. Kommunen treng sårt fornying av slåtteutstyr for å kunne oppretthalde den standard som er i dag.

Dersom nytt slåtteutstyr ikkje vert prioritert, vil kommunen ikkje klare å halde alle kommunale grøntanlegg vedlike. Det vil bli redusert slått av grøntområder for skule og barnehage, og i kommunale byggjefelt.

### **Oppmålingsbil**

Oppmålingsbilen Toyota HIACE 4WD 2004 modell er 17 år gamal og bør skiftast ut med ein ny.

### **Opprusting og sikringstiltak kommunale vegar**

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

### **Regulering av bustad- og næringsareal**

Regulering/reguleringsendring, aktuelle område kan vere; Demmehaug, Øvre Hogane, Storesunde, nytt bustadområde i Olden

Regulering av nytt næringsareal, aktuelle område kan vere; nytt næringsareal aust for Skarsmyra, næringsareal på Langesethøgda (N103), Ytreeide, vurdere nytt næringsareal Olden.

### **Samlokalisering av brannstasjon og lokale for tekniske tenester og vaktmeister**

Stryn brannvesen har pålegg frå Arbeidstilsynet om utbetring av eksisterande brannstasjon med omsyn til reine/skitne soner, ventilasjon og garderobetilhøver. I K-sak 034/17 er det omtala at brannstasjon og tekniske tenester bør flyttast. I K-sak 014/21 er det vedtek at Stryn kommune skal samlokalisere tekniske tenester, vaktmeistertenester og ny brannstasjon. Det må setjast av tilstrekkeleg areal for vognhall, verkstad, lager, garderobar, kontor, møterom- og opphaldsrom for tenester frå kommunalteknikk, bygg og eigedom. Det må etablerast kaldt lager for lagring av sesongutstyr og anna materiale.

### **Skifte ut varebil til samfunnsutvikling**

Park og grønt har ein gamal varebil som arbeidsbil. Dette er ein 1994-modell Toyota HiAce som er i svært dårleg forfatning og med bensinmotor. Bilen vil være veteranbil om 2 år, og er ikkje tenleg eller forsvarleg til drift av parkar og grøntområder i kommunen

### Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp

Tiltaket gjeld bygging av ny veg frå Fv722 til Grendahus på Storesunde i samsvar med reguleringsplan frå 25.6.2015. Stryn kommune har inngått rettsforlik der kommunen skal yte tilskot til gbnr 69/1 mot at kommunen slepp oreigning av areal til veg. Stryn kommune er saksøkt for manglande etablering av veg, okt 2017. I forhold til gjennomføringsevne er det lagt opp til oppstart i 2020 med ferdigstilling i 2021.

### Sjølvkost

### Samfunnsutvikling

#### Kloakksanering Perhustunet

Gjeld sanering av næring og bustad frå gbnr 57/175 ved gamlebrua til gbnr 57/86. Kloakk frå området går i dag på Stryneelva. Er etablert delvis ferdig pumpestasjon ved gbnr 57/228 som lyt ferdigstillast.

#### Ny varebil vatn og avløp

Driftsavdelinga for vatn og avløp manglar ein bil for driftspersonellet. Pr. i dag lånar driftspersonellet varebil frå avdeling for kommunalteknikk, men dette medfører mykje køyring for tilsyn med private bilar. Bruk av private bilar er ikkje ynskjeleg når tilsette må ha med utstyr som spade, spett, kumnøklar, kjepler, m.m.

#### Storesunde Nymarka VA

Vedtak KS059/18.

Gjeld etablering av vatn og avløp til 6 hytter og 3 bustadar ved Nymarka på Storesunde. For å få dette til må ein i tillegg til VA-grøft byggje trykkaukestasjon for vatn og veg fram til denne. I tillegg ynskjer ein å etablere høgdebasseng noko Storesunde vassverk manglar. Var løyvt i 2019, men på grunn av kapasitet må prosjektet overførast til 2020. Ny handsaming i kommunestyre i 2019 KS040 der anleggsbidrag på kr. 50.000,- er teke bort. Abonentane skal i staden betale tilknytingsgebyr på kr. 5.000,- x 2 for vatn og avløp (gjeld eksisterande abonnentar) og framtidige abonnentar skal betale kr. 15.000,- x 2.

#### Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader

Utbetring og tilsyn av utsleppspunkt for avløp i sjø.

### Oversikt Investering og finansiering


Beløp i 1000

|   | Økonomiplan    |                |               |              |
|---|----------------|----------------|---------------|--------------|
|   | 2023           | 2024           | 2025          | 2026         |
| Investeringer i varige driftsmidler           | 121 099        | 123 593        | 46 125        | 3 000        |
| Tilskudd til andres investeringer             | 0              | 500            | 2 000         | 0            |
| Investeringer i aksjer og andeler i selskaper | 1 500          | 1 500          | 1 500         | 1 500        |
| Utlån av egne midler                          | 0              | 0              | 0             | 0            |
| Avdrag på lån                                 | 0              | 0              | 0             | 0            |
| <b>Sum finansieringsbehov</b>                 | <b>122 599</b> | <b>125 593</b> | <b>49 625</b> | <b>4 500</b> |
| Kompensasjon for merverdiavgift               | -4 735         | -11 938        | -8 825        | -600         |
| Tilskudd fra andre                            | 0              | 0              | 0             | 0            |
| Salg av varige driftsmidler                   | 0              | -80            | 0             | 0            |
| Bruk av lån                                   | -115 499       | -111 555       | -38 780       | -2 400       |
| Videreutlån                                   | 7 000          | 7 000          | 7 000         | 7 000        |

## Økonomiplan for 2023-2026


|  | Økonomiplan     |                 |                |               |
|--|-----------------|-----------------|----------------|---------------|
|  | 2023            | 2024            | 2025           | 2026          |
| Bruk av lån til videreutlån              | -7 000          | -7 000          | -7 000         | -7 000        |
| Mottatte avdrag på videreutlån           | 0               | 0               | 0              | 0             |
| Overføring fra drift                     | -520            | -520            | -520           | 0             |
| Avsetninger til bundne investeringsfond  | 0               | 0               | 0              | 0             |
| Bruk av bundne investeringsfond          | -345            | 0               | 0              | 0             |
| Avsetninger til ubundet investeringsfond | 0               | 0               | 0              | 0             |
| Bruk av ubundet investeringsfond         | -1 500          | -1 500          | -1 500         | -1 500        |
| <b>Sum finansiering</b>                  | <b>-122 599</b> | <b>-125 593</b> | <b>-49 625</b> | <b>-4 500</b> |
| <b>Sum finansieringsbehov</b>            | <b>122 599</b>  | <b>125 593</b>  | <b>49 625</b>  | <b>4 500</b>  |
| <b>Sum finansiering</b>                  | <b>-122 599</b> | <b>-125 593</b> | <b>-49 625</b> | <b>-4 500</b> |
| <b>Udekt finansiering</b>                | <b>0</b>        | <b>0</b>        | <b>0</b>       | <b>0</b>      |

## Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter



| Tabell         | KOSTRA<br>2018 | KOSTRA<br>2019 | KOSTRA<br>2020 | KOSTRA<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Økplan<br>2023 | Økplan<br>2024 | Økplan<br>2025 | Økplan<br>2026 |
|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Stryn          | 0,0 %          | 0,0 %          | 79,4 %         | 84,3 %         | 92,1 %           | 100,7 %        | 112,5 %        | 113,9 %        | 110,2 %        |
| Handlingsregel | 80,0 %         | 80,0 %         | 80,0 %         | 80,0 %         | 80,0 %           | 80,0 %         | 80,0 %         | 80,0 %         | 80,0 %         |


## Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



| Tabell         | KOSTRA<br>2018 | KOSTRA<br>2019 | KOSTRA<br>2020 | KOSTRA<br>2021 | Budsjett<br>2022 | Økplan<br>2023 | Økplan<br>2024 | Økplan<br>2025 | Økplan<br>2026 |
|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Stryn          | 0              | 0              | 76 161         | 80 764         | 84 373           | 95 782         | 106 890        | 108 327        | 104 827        |
| Handlingsregel | 80 000         | 80 000         | 80 000         | 80 000         | 80 000           | 80 000         | 80 000         | 80 000         | 80 000         |


## Økonomisk utvikling i planperioden

### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter



| Tabell         | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Stryn          | 0,0 %       | 0,0 %       | 0,6 %       | -0,1 %      | -0,2 %        | -0,2 %      | 0,0 %       | -0,2 %      | -0,2 %      |
| Handlingsregel | 1,8 %       | 1,8 %       | 1,8 %       | 1,8 %       | 1,8 %         | 1,8 %       | 1,8 %       | 1,8 %       | 1,8 %       |

## Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter



| Tabell         | KOSTRA 2018 | KOSTRA 2019 | KOSTRA 2020 | KOSTRA 2021 | Budsjett 2022 | Økplan 2023 | Økplan 2024 | Økplan 2025 | Økplan 2026 |
|----------------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Stryn          | 0,0 %       | 0,0 %       | 5,5 %       | 5,4 %       | 5,4 %         | 4,9 %       | 4,7 %       | 4,3 %       | 4,0 %       |
| Handlingsregel | 10,0 %      | 10,0 %      | 10,0 %      | 10,0 %      | 10,0 %        | 10,0 %      | 10,0 %      | 10,0 %      | 10,0 %      |

## Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

|   | Budsjett 2022 | Økonomiplan   |                |                |                |
|---|---------------|---------------|----------------|----------------|----------------|
|   |               | 2023          | 2024           | 2025           | 2026           |
| Sum inntekter   | -642 884      | -692 355      | -693 975       | -694 638       | -694 617       |
| Sum utgifter  | 646 450       | 683 746       | 679 756        | 680 164        | 679 818        |
| <b>Brutto resultat</b>                                  | <b>3 566</b>  | <b>-8 610</b> | <b>-14 219</b> | <b>-14 474</b> | <b>-14 800</b> |
| Netto finansutgifter og inntekter                       | 23 895        | 42 483        | 46 496         | 47 940         | 48 490         |
| Motpost avskrivinger                                    | -27 505       | -32 203       | -32 203        | -32 203        | -32 203        |
| <b>Netto resultat</b>                                   | <b>-45</b>    | <b>1 670</b>  | <b>74</b>      | <b>1 263</b>   | <b>1 487</b>   |
| Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat | -282          | -1 670        | -74            | -1 263         | -1 487         |
| <b>Årsresultat</b>                                      | <b>-326</b>   | <b>0</b>      | <b>0</b>       | <b>0</b>       | <b>0</b>       |
| Netto resultat i prosent av sum inntekter               | 0,0 %         | -0,2 %        | 0,0 %          | -0,2 %         | -0,2 %         |

## Utvikling av lånegjeld i økonomiplanperioden

Tabellen under viser utviklinga i lånegjelda til kommunen komande fireårsperiode. Forusetninga er at planlagde investeringar blir gjennomført og lånefinansiert fullt ut.

Strame driftsbudsjett i økonomiplanperioden tillet ikkje avdragsbetaling utover minimumsnivået. Nivået ligg rundt 30 mill. årleg. Med eit såpass betydeleg investeringsnivå som økonomiplanen legg opp til vil kommunen få ei utvikling i lånegjelda som ikkje harmonerer med politisk vedtekne målsetningar på området.

I 2022 har vi nytta "unytta lånemidlar" til fleire av investeringane og har teke opp berre omlag 22 mill. i nye lån. Frå 2023 til 2025 er det imidlertid store lånebehov og lånegjelda pr. innbyggjar vil nærme seg 110.000,-. Det vil vere eit viktig mål å halde lånegjelda nede for å unngå for stor rente- og avdragsbelastning på dei årlege driftsbudsjetta.

Oversikta er utan formidlingslån/startlån.

| <b>Lånegjeld (MNOK)</b>         | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>2023</b> | <b>2024</b> | <b>2025</b> | <b>2026</b> |
|---------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <i>IB lånegjeld 1.1.</i>        | 642         | 614         | 610         | 698         | 779         | 788         |
| <i>Avdrag</i>                   | -28         | -26         | -27         | -30         | -30         | -31         |
| <i>Nye låneopptak</i>           | 0           | 22          | 115         | 111         | 39          | 2           |
| <i>UB lånegjeld 31.12</i>       | 614         | 610         | 698         | 779         | 788         | 759         |
| Lånegjeld pr. innbyggjar        |             |             |             |             |             |             |
| <b>7253</b> innbyggjarar 1.7.22 | 85          | 84          | 96          | 107         | 109         | 105         |

## Kommunen sine tenesteområde

### Sentraladministrasjon

#### Beskriving av dagens verksemd

Tenesteområdet Sentraladministrasjonen består av:

Kommunedirektør, Økonomiavdeling, HR-avdeling, Bygg- og vedlikehaldsavdeling, Avdeling service og kommunikasjon og IKT, fellestenester, samt Politisk styring og overføringar til Stryn kyrkjelege fellestråd.

Kommunedirektøren er kommunen sin øvste leiar for heile kommunen sin administrasjon, og skal sørge for at administrasjonen drivast i samsvar med lovar, forskrifter og retningslinjer. Kommunedirektøren er bindeleddet mellom politikarane og administrasjonen. Tenesteområdet har ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring, samt ein rekke fellesfunksjonar på vegne av heile organisasjonen. Til dømes overordna HR-arbeid, løn, tilrettelegging, koordinering og oppfølging av politisk verksemd, vedlikehald og reinhald av kommunale eigedomar, post- og arkivteneste, sentralbord, digitalisering og IKT.

#### Utfordringar og strategi

Gjennom ansvaret for ei rekke fellesfunksjonar på vegne av heile kommunen, har tenesteområdet ein viktig funksjon knytt til å sikre ein gjennomgåande praksis og samhandling i heile organisasjonen. Sentraladministrasjonen skal også legge til rette for at dei folkevalde kan utøve god politisk styring gjennom utarbeiding av gode politiske avgjerslegrunnlag og sekretariatstenester. Tenesteområdet skal også støtte kommunedirektøren med å sikre god administrativ styring gjennom utarbeiding av eit heilskapleg og koordinert administrativt avgjerslegrunnlag.

Både private og offentlege verksemdar nasjonalt møter større krav om ein meir effektiv og sentralisert administrasjon. Dette for å skape meir robuste fagmiljø som vil gjere organisasjonen til ein meir attraktiv arbeidsplass, både for eksisterande og nye arbeidstakarar. Auka digitalisering av administrative prosessar stiller krav til ny kompetanse som skal bidra til betre kvalitet og optimalisering av ressursbruken. Kompetanseutvikling vil vere avgjerande for å nå dette målet. Stryn kommune har starta prosessen med effektivisering av administrasjonen med til dømes oppretting av HR-avdeling, og avdeling for service og kommunikasjon som også inkluderer IKT. Arbeidet med effektivisering av administrasjonen vil fortsette.

Utviklinga av nye digitale løysingar går raskt. For å møte større krav til effektiv, brukarvennleg og open forvaltning er det ofte ikkje nok å digitalisere dagens tenester og prosessar ved berre å ta i bruk eit nye digitale løysingar åleine. Vi må tenkje vidare enn dette når vi i framtida må løyse samfunnsoppdraget vårt på nye måtar. Menneska og teknologien må spele på lag og vi må vere endringsvillige. Organisasjonen må jobbe ilag for å hente gevinstar i alle arbeidsprosessar. Omgrepet digital transformasjon er det avgjerande for å hente ut gevinstar av digitalisering.

Digital transformasjon kan skildrast som (Digdir):

- ein prosess der verksemda endrar korleis den utfører sine oppgåver, tilbyr betre tenester, jobbar meir effektivt eller utviklar heilt nye tenester
  - der brukarfokus og brukaroppleving er sjølv kjernen i endringa
  - som baserer seg på å utnytte digital teknologi

## Økonomiplan for 2023-2026

- ein grunnleggande og omfattande endring, og ikkje en mindre justering
- redesign av verksemda på alle nivå – folk, prosesser, teknologi og styring

Kommunane i IKT Nordfjord (Bremanger, Gloppen, Kinn, Stad og Stryn) jobbar med revisjon av felles IKT Strategi. Revidert IKT Strategi skal vere ferdig våren 2023

Stryn kommune har hatt stor auke i tal eigedommar vi eig dei siste 10 åra. Mange av eigedommane har store vedlikehaldsbehov. I 2022 har ein hatt ein gjennomgang av status på ein del av eigedommane våre og nokre har vore taksert med tanke på sal. Framover vil kommunen vurdere kva for eigedomar ein skal behalde eller avhende med tanke på framtidige behov.

### Overordna mål

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

### Måltabell

| Hovudmål                         | Delmål   | Indikator | Mål<br>2023 | Mål<br>2024 | Mål<br>2025 | Mål<br>2026 | Gj.sn.<br>Kostra gr |
|----------------------------------|--|-----------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------------|
| Bulyst og bustadtilbod           | Kommunen skal prioritere å få på plass attraktive bustadfelt i vekstområdet Stryn sentrum – Loen. Dette gjeld mellom anna bustadfeltet Solvik/Rake. Når det gjeld resten av kommunen skal ein leggje i hovudsak ut område for LNF – område med spreidd bustader, i tillegg til nokre få bustadfelt i dei største tettstadane |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Legge til rette for gode møteplassar i alle tettstader   |           |             |             |             |             |                     |
| Folkehelse                       | Auka fysisk aktivitet for alle, mellom anna ved å leggje til rette for fleire gang- og sykkelveggar, sentrumsnære turstiar, badeplassar og sikker tilgang til natur- og friluftsområde   |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester   |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar   |           |             |             |             |             |                     |
| Tilrettelegging for næringslivet | Gode vilkår for grunderånda  |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Godt samarbeid mellom skule og næringsliv  |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Plassere nye næringsareal i nærleik til hovudvegssystemet, primært kring Stryn sentrum og på Langeset. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, natur- og kulturlandskap og friluftsområde  |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Vidareutvikle Olden som cruisedestinasjon  |           |             |             |             |             |                     |

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

|   |                       | Økonomiplan   |               |               |               |
|---|-----------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|   | Avdeling              | 2023          | 2024          | 2025          | 2026          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>   |                       | <b>86 138</b> | <b>86 138</b> | <b>86 138</b> | <b>86 138</b> |
| Sum Vedtak forrige periode  |                       | -1 651        | -2 000        | -2 216        | -2 545        |
| Sum Lønns- og prisvekst   |                       | 3 456         | 3 456         | 3 456         | 3 456         |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>   |                       | <b>1 805</b>  | <b>1 456</b>  | <b>1 240</b>  | <b>911</b>    |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>  |                       | <b>87 943</b> | <b>87 595</b> | <b>87 379</b> | <b>87 050</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>  |                       |               |               |               |               |
| Fylkesarkiv - får ikkje levert noko i 2023 og 2024                        | Sentraladministrasjon | -300          | -300          | 0             | 0             |
| Omstrukturering / bemanningsreduksjon sentraladministrasjonen             | Sentraladministrasjon | -1 500        | -1 500        | -1 500        | -1 500        |
| Reduksjon straumkostnad   | Sentraladministrasjon | -1 000        | -1 000        | -1 000        | -1 000        |
| Redusere samla omfang abonnement, annonsering, kontingentar               | Sentraladministrasjon | -100          | -100          | -100          | -100          |
| Reduserte kostnader eigne bygg etter salg                                 | Sentraladministrasjon | 0             | -260          | -260          | -260          |
| Sommarjobb for ungdom   | Sentraladministrasjon | -518          | -518          | -518          | -518          |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>  |                       | <b>-3 418</b> | <b>-3 678</b> | <b>-3 378</b> | <b>-3 378</b> |
| <b>Nye tiltak</b>   |                       |               |               |               |               |
| Arrangere Nordfjordtreffet  | Sentraladministrasjon | 75            | 0             | 0             | 0             |
| Budsjettjustering etter budsjettvedtak IKT Nordfjord og IKT Strategi 2023 | Sentraladministrasjon | 1 983         | 1 983         | 1 983         | 1 983         |
| Tilskot Arena Stryn   | Sentraladministrasjon | 672           | 672           | 672           | 672           |
| <b>Sum Nye tiltak</b>   |                       | <b>2 730</b>  | <b>2 655</b>  | <b>2 655</b>  | <b>2 655</b>  |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                               |                       | <b>-688</b>   | <b>-1 023</b> | <b>-723</b>   | <b>-723</b>   |
| <b>Budsjettendringer</b>  |                       |               |               |               |               |
| Andre tiltak  | Sentraladministrasjon | -8 639        | -8 639        | -8 639        | -8 639        |
| <b>Sum Budsjettendringer</b>  |                       | <b>-8 639</b> | <b>-8 639</b> | <b>-8 639</b> | <b>-8 639</b> |
| <b>Budsjettendringer</b>  |                       | <b>-8 639</b> | <b>-8 639</b> | <b>-8 639</b> | <b>-8 639</b> |
| <b>Ramme 2023-2026</b>  |                       | <b>78 617</b> | <b>77 933</b> | <b>78 017</b> | <b>77 688</b> |

### Innsparingstiltak

#### Fylkesarkiv - får ikkje levert noko i 2023 og 2024

Stryn kommune har omlag 150 meter papirarkiv til avlevering. Kommunearkivordninga i Vestland har ikkje kapasitet til å ta imot arkivmateriale.

Det er vedteke å bygge nytt arkivbygg i Leikanger. Stryn kommune legg til grunn at det ikkje blir mogleg å levere arkiv før i 2025. Difor er budsjettposten for avlevering nedjustert med kr 300' for åra 2023 og 2024.

#### Omstrukturering / bemanningsreduksjon sentraladministrasjonen

Alle stillingar i sentraladministrasjonen blir gjennomgått og gjennom konkretisering av arbeidsoppgåver og -fordeling skal samla lønskostnad reduserast med permanent verknad frå og med 2023 på 1,5 mill.

#### Reduksjon straumkostnad

Krav om permanent reduksjon av kommunen sine samla energikostnader med 1 mill. Synleggjort gjennom kontering 11810-1170 og ulike tenester/funksjonar.

#### Redusere samla omfang abonnement, annonsering, kontingentar

Gjennomgang av alle abonnement, annonseringskostnader og kontingentar for å redusere samla kostnader med 100.000,- i sentraladministrasjonen med effekt frå og med 2023.

### Reduserte kostnader egne bygg etter salg

Gjennom planlagte sal av eigedomar vil ein oppnå ein effekt også via reduserte drifts- og vedlikehaldskostnader. Sal må gjennomførast i 2023 og vi legg inn effekt på driftskostnadane frå og med 2024.

### Sommarjobb for ungdom

Siste åra har kommunen hatt tilbod til ungdom om inntil 3 veker sommarjobb. Med bakgrunn i blanda erfaringar med ordninga og behovet for kostnadsreduksjonar, vert ordninga foreslått teken bort.

## Nye tiltak

### Arrangere Nordfjordtreffet

Kommunane i Nordfjord byter på å arrangere Nordfjordtreffet - eit treff med mål å promotere Nordfjord som arbeidsstad.

### Tilskot Arena Stryn

Tilskot til Stryn Turn og Idrettslag til dekning av årlege renter og avdrag langsiktig lån Arena Stryn-bygget

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter                          | Økonomiplan  |              |              |              | Sum           |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|---------------|
|   | 2023         | 2024         | 2025         | 2026         | 2023-26       |
| 2 nye varebilar - Bygg og vedlikehaldsavdelinga | 1 000        | 0            | 0            | 0            | 1 000         |
| Eigenkapitalinnskot KLP                         | 1 500        | 1 500        | 1 500        | 1 500        | 6 000         |
| IKT Nordfjord investering 2023                  | 1 906        | 0            | 0            | 0            | 1 906         |
| IKT Strategi - investeringar 2023               | 518          | 0            | 0            | 0            | 518           |
| Klatrepark i Oppstryn - 2023                    | 125          | 0            | 0            | 0            | 125           |
| Rehabilitering klatrepark Stryn sentrum - 2023  | 750          | 0            | 0            | 0            | 750           |
| Stillas bygg og eigedom -2023                   | 125          | 0            | 0            | 0            | 125           |
| Tilknytning fjernvarme kommunale bygg i Innvik  | 2 000        | 0            | 0            | 0            | 2 000         |
| Varmepumpe Stryn arbeidssenter                  | 750          | 0            | 0            | 0            | 750           |
| <b>Sum investeringsprosjekt</b>                 | <b>8 674</b> | <b>1 500</b> | <b>1 500</b> | <b>1 500</b> | <b>13 174</b> |

### Klatrepark i Oppstryn - 2023

Klatreparken i Oppstryn må sanerast. To alternativ førelegg: Unnlate å setje opp ny og betale tilbake tippemidlar ein har fått, eller investere/rehabiliterere. Det er kostbart å byggje ny / rehabiliterere, men saneringsalternativet med tilbakebetaling av tippemidlane er dårlegare økonomisk. Samtidig er det ønskjeleg å fortsatt ha dette tilbodet, anlegget er mykje brukt.

### Rehabilitering klatrepark Stryn sentrum - 2023

Klatreparken ved Kulturhuset i Stryn sentrum må sanerast. To alternativ førelegg: Unnlate å setje opp ny og betale tilbake tippemidlar ein har fått, eller investere/rehabiliterere. Det er kostbart å byggje ny / rehabiliterere, men saneringsalternativet med tilbakebetaling av tippemidlar er dårlegare økonomisk. Samtidig er det ønskjeleg å fortsatt ha dette tilbodet, anlegget er veldig mykje brukt.

### **Stillas bygg og eigedom -2023**

Kostnadmessig meir effektivt å kjøpe eige stillas kontra å leige stillas. Denne investeringa vil spare penger over tid.

### **Tilknytning fjernvarme kommunale bygg i Innvik**

Kommunestyret gjorde i sak 11/20 vedtak om å knytte kommunale bygg i Innvik til eit framtidig biovarmeanlegg i Innvik.

Det har blitt framforhandla avtale med Stryn Nærvarme c/o Norsk bioenergi AS.

Der er nokre endringar frå førre vedtak etter reforhandla avtale:

- Vi har fått redusert den abonnerte effekten frå 500 kW til 400 kW ved Vikane omsorgssenter.
- Ved Vikane skule vil ein i staden for nytt radiatoropplegg kople til vassboren varmebatteri på ventilasjonsanlegget. Dette vil erstatte det eksisterande EL-batteriet. Dette er ein betydeleg redusert investeringskostnad for Stryn kommune enn om ein skulle installere nytt radiatoropplegg. Levert energi frå leverandøren vil bli på same nivå.

### **Varmepumpe Stryn arbeidssenter**

Varmepumpe med god kapasitet vil redusere bruken av gassfyring betydeleg. Dette vil medføre reduserte fyringsutgifter og klimautslipp.

## Skule og kultur

### Beskriving av dagens verksemd

Skule- og kulturetaten dekker tenesteområda:

- Grunnskule
- SFO
- Barnehage
- PPT
- Vaksenopplæring
- Kultur

Stryn kommune skal vere ein god stad å bu og leve i. Dette skal sikrast gjennom gode barnehagar, skular, kultur- og fritidsaktivitetar.

Kommunen har åtte grunnskular, der fem har SFO-tilbod, åtte kommunale og ein privat barnehage, eiga PP-teneste, eit vaksenopplæringsenter for flyktingar/innvandrarar, kulturavdeling med ansvar for kulturhus/symjehall/idrettshall, kulturskule og bibliotek. Fem av skulane/barnehagane er organisert som oppvekstsenter med felles leiging.

Etaten har omlag 310 tilsette fordelt på omlag 260 årsverk.

Per 01.10.2022 er det 928 elevar i grunnskulen

Per 01.10.2022 er det 341 barn i barnehage (kommunale og private barnehagar).

### Administrasjon skule og kultur

Administrasjonen i skule- og kulturetaten er slik samansett:

Kommunalsjef  
Nestleiar/avdelingsleiar skule  
Avdelingsleiar barnehage/SFO  
Avdelingsleiar kultur  
50% rådgjevar

### Grunnskule

Det grunnleggande prinsippet i skulen er einskapsskulen, tufta på trivsel, likeverd og læring. Viktige strategiar er m.a. å arbeide målretta for gode læringsmiljø med relasjonsbygging og god klasseleiing. Kommunen har desentralisert skulestruktur med 8 grunnskular og svært ulikt elevtal.

**Rand skule** er den minste med 11 elevar og er udelt. **Nordsida skule** har 39 elevar. Begge skulane er saman med barnehagane organiserte som eit oppvekstsenter.

**Oppstryn skule** (27 elevar), **Loen skule** (59 elevar) og **Vikane skule** (51 elevar) er saman med barnehage og SFO organisert som oppvekstsenter.

**Tonning skule** er den største skulen i kommunen og er lokalisert i Stryn sentrum. Skulen har 355 elevar

**Olden skule** er ein 1 - 10 skule med 180 elevar.

**Stryn ungdomsskule** har i dag 206 elevar fordelt på tre trinn.

Det er for skuleåret 2022/2023 94 elevar i 1.klassingar.

### Skulefri

Skulefritidsordningane har som hovudmål å legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar tilpassa barna sine behov. Det er 235 elevar som nyttar seg av SFO. 43 har heil plass. SFO skal gje barna omsorg og tilsyn og vere ein læringsarena for gode opplevingar og erfaringar. Kommunen har SFO-tilbod ved fem skular; Tonning, Oppstryn, Loen, Olden og Vikane. SFO ved dei minste skulane har noko avgrensa tilbod.

### Barnehage

Barnehagen skal i samarbeid med heimen, ta i vare barna sine behov for omsorg, leik, læring og sosial kompetanse. Barnet sitt beste er eit grunnleggande omsyn. Gjennom helsefremjande miljø skal ein legge til rette for at alle barn får gode utviklingsmogelegheiter og får ein god start på den livslange læringa. Målet er å skape robuste barn som er best mogeleg rusta til å meistre livet sitt.

**Rand barnehage** er den minste i kommunen og har no berre 6 barn. Også **Nordsida barnehage** har no 18 barn. Begge barnehagane er samlokalisert med skule og er organiserte som oppvekstsenter.

**Oppstryn barnehage** ligg ganske stabilt rundt ei heil avdeling.

**Loen barnehage** med 2,25 avdelingar og **Olden barnehage** med 3 avdelingar har fleire søkjarar enn dei har plass til. Utbygginga av Loen barnehage er forventa ferdig heilt i starten av 2023 og vil betre kapasiteten i løpet av barnehageåret. Loen vil etter ferdig utbygging ha 3,5 avdelingar.

**Vikane barnehage** har hatt ein oppgang siste åra og er no komne opp i nesten to avdelingar. I sentrum har **Vikalida barnehage** med 5 avdelingar og **Tonning barnehage** med 7 avdelingar god nok kapasitet til å også ta inn ein del barn som treng plass utenom hovudopptaket og som ikkje har lovfesta rett til plass. Frå januar vil barnehagane ha fullt.

### PPT

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) skal hjelpe skular og barnehagar i arbeidet med å leggje opplæringa betre til rette, slik at born og unge skal få lære å utvikle seg så godt som råd, ut i frå egne føresetnadar og behov.

PPT sine arbeidsoppgåver er mellom anna å skrive sakkunnig vurdering, individuell oppfølging av barn og unge, rådgje foreldre/føresette, samarbeid med barnehagar og skular og rettleie tilsette i barnehagar og skular. PPT-kontoret samarbeider ofte, etter samtykke frå brukarane, med andre kommunale tenester i høve tiltak t.d. med helsesjukepleiarar, psykisk helsearbeider for barn og unge og eining for velferd og miljø samt regionale tenester som BUP og Stat.ped.

### Vaksenopplæring

Stryn Vaksenopplæringscenter

Ansvarsområda til vaksenopplæringscenteret er:

- Norskopplæring med samfunnskunnskap for flyktingar og innvandrarar
- Grunnskuleopplæring for vaksne
- Grunnskuleopplæring for ungdom frå 16-24 år

- Norskundervisning på kveldstid
- Spesialundervisning for vaksne

Det er 7 tilsette på senteret og nesten 50 deltakarar. Det er 17 stk i grunnskuleopplæringa.

### Kultur

Stryn kommune skal tilby kunst- og kulturaktivitetar og opplevingar i eit breitt spekter og av høg kvalitet. Eit vitalt kunst- og kulturliv er nødvendig i eit moderne samfunn. Tilgangen til eit mangfald av kunst- og kulturopplevingar skal vere god og alle som ønskjer, skal ha høve til å uttrykke seg gjennom kunst og kultur.

Vi har som mål at innbyggjarar og tilreisande får gode opplevingar, god helse og livskvalitet gjennom dei kommunale tenestene, og idretts- og friluftstilbod. Stryn kommune skal stimulere sine innbyggjarar til auka deltaking, glede og meistring i kultur, idrett og friluftsliv.

Vi skal tilby profesjonelle tenester og ha eit kvalitetstilbod gjennom dei ulike kunst- og og kulturareneane i kommunen.

Målet er at **Stryn kulturhus** skal vere ein viktig møteplass for lag og organisasjonar, frivillig kulturliv og generell møteverksemd. Symjehall, kino, kultursal, danselokale, skytebane og møterom under eit og same tak. Kulturhuset er ope måndag til søndag med dagleg drift av kaffibar og kiosk. Det skal vere ein stad der innbyggerane ønsker å vere.

**Stryn kulturskule** skal vere eit ressurscenter for heile kommunen. Undervisninga føregår både i Stryn sentrum og desentralisert i bygdene der det er nok elevar til det. Kulturskulen har fokus på eleven, meistringsglede, kunnskap og kreativitet. Kulturskulen følg Norsk kulturskuleråd sin rammeplan for kulturskule, og tilbyr undervisning i ulike musikkinstrument, dans, teater og kunst.

**Stryn bibliotek** - ein stad å oppleve, ein stad å vere, ein stad å låne, lese og lære. Stryn bibliotek er eit kombinasjonsbibliotek; folkebibliotek for kommunen og skulebibliotek for vidaregåande skule. Det gjev ei unik mogelegheit til god kontakt med ungdom, samtidig som det har fleire arbeidsoppgåver enn eit vanleg folkebibliotek. Biblioteket er eit meir-ope bibliotek og ligg sentralt plassert i sentrum av kommunen. Dei satsar også på å vere delaktig i arrangement utanfor Biblioteket.

### Utfordringar og strategi

Eit hovudmål for Stryn kommune må vere at fleire ønskjer å flytte til bygdene våre. Det er då viktig å ha fokus på å sikre at tenestene har høg kvalitet, og at skule- og barnehagar skal vere rusta for auka barne- og elevtal der folk buset seg.

Forutsigbare rammevilkåret er avgjerande for kvalitet i tenestetilbodet og for å møte utfordringane i skule, SFO og barnehage. Særleg innanfor skule er det aukande behov for ressursar til elevar med utfordringar i skulekvardagen.

Etter nokre år med nedgang i barne- og elevtalet i dei fleste krinsar, har elevtalet no siste åra gått litt opp. Særleg dei minste barnehagane/skulane er sårbare for nedgang og svingingar i barne- og elevtalet. Små barnehagar og skular med lågt barne- elevtal gjev mindre robuste einingar med omsyn til fagkompetanse og fagtilbod. Det sosiale miljøet i barnehagen, men særleg i skulen vert prega av at der er få eller ingen jamaldringar. Små barnehagar og skular har også ein vesentleg høgare kostnad per barn/elev enn større.

For å sikre busetting i alle bygder og handlingsrom i tenestetilbodet, må ein ha eit langsiktig og overordna perspektiv på busettingsmønster og barnehage- skulestruktur. Dette må henge saman. Skal kommunen oppretthalde eksisterande desentraliserte struktur, må det leggest til rette for busetting i alle bygdelag, med tilgang på tomter, arbeidsplassar og god infrastruktur. Skal yngre folk flytte til bygdene våre, er dette overordna. Løpande opptak – gje tilbod til barn som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass er også viktig. I tillegg er det aukande etterspurnad etter å kunne nytte SFO i større grad enn i dag.

Kommunen har ein relativt stor del minoritetsspråklege barn/elevlar. Det har vore ein nedgang i flyktningar siste åra. Tal flyktningar, særleg då barnefamiljar er viktige i høve det å oppretthalde barne- og elevtalet. Det er viktig med målretta tiltak for integrering av fleirspråklege, både barn, unge og vaksne. Fleirkulturell forståing er positivt for alle. Rask nok norskopplæring og målretta tiltak for god nok integrering er ei utfordring. Det er viktig å kunne tilføre ressursar i barnehage, skule og vaksenopplæringa når ein får fleire nye flyktningar i løpet av året. Det er også viktig å vurdere kvar ein buset flyktningane våre. Erfaringar har vist at mindre lokalmiljø kan ha vel så effektive tiltak for integrering og rask språkopplæring som større stader. Siste år er auken i tal flyktningar grunna krigen i Ukraina.

Vi treng tilsette med høg fagleg kompetanse på alle nivå, og kommunen må tenke langsiktig for å sikre dette. Gode og målretta rekrutteringstiltak må til for å møte dei forventingane og krava som vil følgje dei komande åra. Stryn har per i dag relativt gode søkjartal på utlyste ledige stillingar, og høg grad av fagutdanna personale. Men med nye krav til kompetanse, er det utfordrande å dekke krava på alle område. Det er eit behov for personale med anna høgskuleutdanning enn pedagogikk for å møte utfordringane i skulane.

Nasjonale satsingar på vidareutdanning er viktig å nytte seg av for å stette kompetansekrava i faga, og kommunen prioriterer så mange som råd innfor rammene. Det er også viktig med kompetanseheving retta mot språkopplæring og integrering av fleirspråklege, både barn, unge og vaksne. Vi ønskjer eit kulturelt mangfald og legg til rette for eit allsidig læringsmiljø.

Stryn kommune ønskjer å vere eit berekraftig samfunn i vekst og utvikling. Skule- og kulturetaten vil arbeide målretta gjennom kommunen sitt verktøy for å knyte opplæringsløpet mot berekraftige tiltak i lokalt næringsliv.

Stryn kommune har eit variert, rikt og allsidig kulturliv. Det skal vere lav terskel for å delta i det lokale kulturliv og å oppleve kunst og kultur.

Billettprisar, opningstider og kostnader knytt til medlemskap/leige av hus er med på å avgjere kven og kor mange som kan delta på det som er tilgjengeleg av kulturtilbod i kommunen. Dette kan ekskludere barn og unge frå deltaking. Det er få offentlege transportmiddel mellom Stryn sentrum og bygdene, noko som kan påverke deltakinga, særleg det som er retta mot barn og unge. Det er i tillegg behov for universell utforming på fleire stader som tilbyr kultur- og fritidstilbod.

Dugnadstradisjonen er sterk i Stryn kommune, og mange er villige til å stille opp for fellesskapen med gratisinnsats. Likevel ser vi ei endring ved at fleire ønskjer å delta i tidsavgrensa prosjekt/tiltak, i staden for å bli faste medlemmar i lag og organisasjonar. Vi ser og at fleire ønskjer å delta i aktivitetar utan å vere med i ein organisasjon eller ta på seg styreverv. Framleis vert storparten av den frivillige kulturverksemda drive av lokale eldsjeler på fritida, men det er ein klar tendens til at frivillig sektor vert profesjonalisert, og at dei aktive sjølv har større forventningar og krav til kva lag/organisasjonar kan tilby. Konsekvensen er at det kan verte dyrare å delta, noko som rammar særleg barn og unge.

Kultursektoren er på linje med andre sektorar avhengig av økonomi for å kunne drive eksisterande tilbod, utvikle nye tiltak og sist men ikkje minst, legge til rette for at det lokale kulturliv kan blomstre.

Lokale kulturbygg/grendahus og idrettsanlegg er viktige arena for eit levande, kreativt og inkluderande

samfunn. Vi treng eit større fokus på desse anlegga, både når det gjeld økonomi, vedlikehald og modernisering.

### **Administrasjon skule og kultur**

Det er eit stort arbeidspress på avdelinga. God organisering og fordeling av oppgåver er avgjerande for å kunne imøtekomme alle ein har ansvar for og det arbeidet som skal gjerast. Det er stor variasjon i dei ulike arbeidsområda inna barnehage, skule og kultur som gjer at ein må vere oppdatert på mange ulike områder.

Ei særleg utfordring er å halde seg oppdatert og ha kompetanse nok i høve den digitale utviklinga. Med mange ulike fagsystem og stort behov for oppgradering og utvikling på feltet krev det kompetanse også på overordna nivå slik at ein kan drive denne utviklinga på ein god måte i samarbeid med IKT-avdelinga. Digital kompetanse er sentral i framtida både for administrasjonen og dei ute på einingane.

### **Grunnskule**

Kommunen må ha stort fokus på å tilrette for at tilflyttinga til kommunen aukar. Det har vore ein liten auke i elevtal siste åra. Demografien peikar på ei dreining frå oppvekstsektoren til helsesektoren i løpet av dei komande åra. Vi må ha fokus på å oppretthalde og utvikle ei god og berekraftig satsing på skule. Det vere seg fagleg innhald og fysiske føresetnader. Det er særleg utkantane som er sårbare i høve ein nedgangen i barnetal.

Rand skule har små kull, fleire med berre 1 barn og årskull utan barn. Dette gjev utfordringar både sosialt og fagleg. Det naturlege utviklingsrommet i jamaldringsgruppa manglar for fleire av elevane. Bygdene er sårbare og ein treng fleire tilflyttarar og barnefødsler for å kunne oppretthalde dei einingane vi har.

Mange elever i skule har det vanskelig og vert ei utfordring både for lærarar og medelevar i kvardagen. Ein må arbeide meir enn før med klassemiljø og mange elever treng mykje og tett individuell oppfølging og støtte. Dette gjev igjen mindre tid til tradisjonell læring og undervisning og krev heilt anna kompetanse av lærarane. Utfordringane er også ressurskrevande. Ein ser stadig større behov for å ha miljøterapeutar i skulene som arbeider opp mot enkeltelever og skule-/klassemiljøet generelt.

Der er utfordringa også når det gjeld bygg: Stryn ungdomsskule er eit gammalt bygg som over mange år har hatt utfordring med fukt i grunnen. Planlegging av renovering av skulen er sett i gang. Planlegging av nytt uteområde sett på vent, for å sjå det i samheng med renoveringa. Målet er å få utvide skulen med eit nytt tilbygg innan nokre år. Også Tønning skule har utfordringa med mangel på rom og . Utviding med nytt bygg ved Tønning skule må inn i planane i løpet av dei nærmaste åra.

Når det gjeld digitalisering er dette særleg viktig i skulen. Mykje av undervisning føregår direkte eller indirekte ved hjelp av og via digitale løysingar. Her går utviklinga veldig fort og det er avgjerande for kvaliteten på undervisninga at vi klarer å følgje med både med kompetanse og med nok og rett utstyr. T.d. er no Programmering kome inn i læreplanen. Her må det settast av midlar til både kompetanseheving og ikkje minst til årleg oppgradering og innkjøp av utstyr.

### **Skulefri**

Bemanninga på SFO er sett ut frå tal barn. Når ein har barn med særskilde behov og barn som krev store vaksenressursar, er det utfordrande å finne nok bemanning å sette inn. Skulen sine ekstraressursar må

ofte prioriterast til den obligatoriske undervisninga på skulen. Særleg dei minste SFO-ane har utfordringar her, men det er også ei utfordring på den største Tonning SFO. Tonning SFO har for skuleåret 2022/2023 i underkant av 150 påmelde. Det er eit ønskje frå innbyggjarane i Stryn at ein kan etablere SFO uavhengig av tal påmelde. Fram til i dag har det vore krav om minimum 10 elevar for å opprette SFO ved ein skule.

### **Barnehage**

På Rand og Nordsida er ei stor utfordring synkande barnetal. Rand barnehage er under ei halv avdeling og ein treng fleire barnefamiliar til bygda for å kunne ha barnehage i framtida. Nordsida har på få år gått frå 2 til ei avdeling i barnehagen.

Oppstryn barnehage har lege stabilt i barnetal siste åra, men har ei utfordring med å oppretthalde barnetalet.

Vikane barnehage har hatt ei fin utvikling med stigande barnetal siste åra. Dei har per 01.10.2022 27 barn i barnehagen. Barnehagen er lokalisert til Utvik. Det er utfordrande at barnehagen og skulen er organisert som eit oppvekstsenter når dei ikkje er samlokalisert.

Olden og Loen barnehagar har større pågang enn dei har kapasitet til. Loen barnehage får i starten av 2023 ferdigstilt ei ny avdeling, og vil då ha 3,5 avdelingar.

Vikalida barnehage vart bygt som ein 4-avdelings barnehage, men godkjent for fem. Der er difor utfordringar i høve ein del personal-fasilitetar som til dømes pauserom og arbeidsplassar til tilsette.

Hovudbygget til Tonning barnehage vart bygd tidleg på 80-talet og har stort behov for vedlikehald. Barnehagebussen er etter kvart gammal, og det er eit aukande behov for reparasjonar og vedlikehald. Ein må i nær framtid vurdere kva ein skal gjere med denne "avdelinga"

Elles er der utfordringar i barnehagane med stadig fleire barn som har det vanskelig og krev meir av dei vaksne som jobba der. Vi ser også at der er behov for at barnehagane har lenger opningstid både morgon og ettermiddag. Mange meiner at dagens opningstider skaper vanskar for både næringsliv, kommunale arbeidsplassar og foreldra. Det er også i høve at barnehagane har stengt i feriar og på planleggingsdagar.

### **PPT**

Ein opplever stort arbeidspress og må vere tydelege i prioriteringane.

Ein ynskjer å gå meir over frå individretta tiltak til systemretta tiltak. Dei skal bidra til at der er eit system rundt lærarane når det vert vanskeleg og ivareta barnet/eleven gjennom tidleg innsats.

### **Vaksenopplæring**

Stryn vaksenopplæringscenter

Det er ei utfordring at ein ikkje veit kor mange elevar ein har frå år til år og korleis ein då skal organisere gruppene. Med elevar/deltakarar frå mange ulike land er utfordrande i utforminga av tilbodet.

Ein har i tillegg fleire grupper med særskilde behov; t.d. kvinner med store omsorgsoppgåver, traumatiserte deltakarar og deltakarar med liten eller ingen skulebakgrunn. Den største gruppa er hausten 2022 flyktingar frå Ukraina.

Elles må ein jobbe meir med integrering og inkludering i kommunen. Språk lærer ein best om ein får nytte det i det i daglege sosiale samanhengar. Fleire må ta ansvar for å bidra til betre integrering av desse gruppene. Målet må vere at mange buset seg i Stryn kommune og blir aktive deltakarar i samfunn- og arbeidsliv.

### **Kultur**

Ein barnevenleg og aktiv kulturpolitikk gjev grunnlag for gode oppvekstvilkår og det er eit mål at alle barn og unge i Stryn kommune skal ha høve til å delta i kulturaktivitetar frå tidleg alder uavhengig av sosial bakgrunn og økonomi.

Kultursektoren er avhengig av økonomi for å kunne drive eksisterande tilbod, utvikle nye tiltak og støtte den frivillige sektoren med sitt viktige arbeid. Det er få lovpålagde oppgåver innanfor kultursektoren og ein er avhengig av politisk vilje og prioriteringar for å kunne utvikle og stimulere kulturfeltet lokalt.

### Stryn kulturhus

Kulturhuset skal legge til rette for lokalt kulturliv, tilby eit rikt profesjonelt kulturprogram og utvikle tilbod for ulike brukargrupper.

Kulturhuset har ein sal til kulturarrangement og kino. Symjehallen er også administrert frå kulturhuset. Det er eit ønskje om meir brukarvenlege prisar i kulturhus og symjehall, særleg då i høve aktivitetar retta mot barn og unge.

### Stryn kulturskule

Stryn kulturskule har ligge nasjonalt lågt når det gjeld tal tal elevar. Kulturskulen har jobba aktivt for å få til eit godt tilbod, og har no også desentralisert undervisning. Dei har som mål å bli eit lokalt ressurscenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i kommunen. Det vert jobba aktivt med å nå nye målgrupper, tilby nye og spanande tilbod, vere synleg i lokalmiljøet og ha elevprisar som gjer det mogleg at fleire blir elevar ved skulen.

### Stryn bibliotek

Med berre eitt bibliotek i ein langstrakt kommune blir det mindre tilbod til utkantbygdene, men samtidig moglegheiter til eit godt fagleg arbeidsmiljø med fire tilsette. Stryn bibliotek er meiropebibliotek, og det er viktig for å gje eit betre bibliotektilbod til alle innbyggjarane i kommunen.

Biblioteket skal vere ein møteplass og arena for offentleg samtale og debatt og har hatt stor auke i arrangement, samt utlån og besøk siste åra. Tal bøker er liten i samanlikning med andre kommunar og det er avgrensa areal i lokalet. Det er ei utfordring at biblioteket ikkje når alle i kommunen. Korleis ein skal nå fleire er noko ein må arbeide med for å finne gode løysingar på. Ved ein vidare auke i utlån og besøk er det behov for større lokale, midlar til arrangement, og auka midlar til innkjøp.

## Overordna mål

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

## Måltabell

| Hovudmål                         | Delmål  | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 | Gj.sn. Kostra gr |
|----------------------------------|---|-----------|----------|----------|----------|----------|------------------|
| Bulyst og bustadtilbod           | Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet                                      |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Intensiv norskopplæring og god integrering av språklege minoritetar   |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Legge til rette for gode møteplassar i alle tettstader  |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Rask språkopplæring for språklege minoritetar   |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Sikre god kvalitet i skule og barnehage   |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Stryn kulturhus skal vere kommunen sitt fremste hus for kunst og kulturformidling   |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Stryn skal ha eit attraktivt, inkluderande og mangfaldig kulturliv for å styrkje identitet, omdøme, næringsliv, trivsel og bulyst |           |          |          |          |          |                  |
|                                  |   |           |          |          |          |          |                  |
| Folkehelse                       | Fokus på fysisk aktivitet og sunt kosthald  |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester  |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar  |           |          |          |          |          |                  |
| Tilrettelegging for næringslivet | Godt samarbeid mellom skule og næringsliv   |           |          |          |          |          |                  |
|                                  | Knyte bedrifter og næringsliv til fag i skulen  |           |          |          |          |          |                  |

### Fokus på fysisk aktivitet og sunt kosthald

Avsett tid til dagleg fysisk aktivitet i skulane Sunne måltid i barnehagane

### Knyte bedrifter og næringsliv til fag i skulen

Utdanningsval i 9. klasse, arbeidslivs faget på ungdomstrinnet.

### Rask språkopplæring for språklege minoritetar

Tid avsett til nivåbasert norskopplæring.

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

|   | Avdeling        | Økonomiplan    |                |                |                |
|---|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|   |                 | 2023           | 2024           | 2025           | 2026           |
| <b>Vedtatt budsjett</b>                               |                 | <b>180 702</b> | <b>180 702</b> | <b>180 702</b> | <b>180 702</b> |
| Sum Vedtak forrige periode                            |                 | -2 207         | -3 457         | -3 457         | -3 457         |
| Sum Lønns- og prisvekst                               |                 | 7 741          | 7 741          | 7 741          | 7 741          |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>                     |                 | <b>5 535</b>   | <b>4 285</b>   | <b>4 285</b>   | <b>4 285</b>   |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>                        |                 | <b>186 236</b> | <b>184 986</b> | <b>184 986</b> | <b>184 986</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>                              |                 |                |                |                |                |
| Driftstilskot løypekøyning - reduksjon frå 2022 nivå  | Skule og kultur | -300           | -300           | -300           | -300           |
| Innsparingstiltak - legge ned Rand skule og barnehage | Skule og kultur | -317           | -681           | -681           | -681           |
| Omstrukturering/bemanningsreduksjon skule- og kultur  | Skule og kultur | -750           | -1 500         | -1 500         | -1 500         |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>                          |                 | <b>-1 367</b>  | <b>-2 481</b>  | <b>-2 481</b>  | <b>-2 481</b>  |
| <b>Nye tiltak</b>                                     |                 |                |                |                |                |
| Aktivitet for ungdom, tilskotsordning                 | Skule og kultur | 100            | 100            | 100            | 100            |
| Korrigerering feil i leieinntekter kulturhus          | Skule og kultur | 374            | 374            | 374            | 374            |
| Miljøterapeut i skulen                                | Skule og kultur | 1 250          | 1 250          | 1 250          | 1 250          |
| Robust ungdom - førebyggjande program                 | Skule og kultur | 50             | 50             | 50             | 50             |
| SFO - utvida opningstider                             | Skule og kultur | 800            | 800            | 800            | 800            |
| Vidareføring av styrkingstiltak i skulane våren 2023  | Skule og kultur | 437            | 0              | 0              | 0              |
| <b>Sum Nye tiltak</b>                                 |                 | <b>3 011</b>   | <b>2 574</b>   | <b>2 574</b>   | <b>2 574</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>           |                 | <b>1 644</b>   | <b>93</b>      | <b>93</b>      | <b>93</b>      |
| <b>Budsjettendringer</b>                              |                 |                |                |                |                |
| Andre tiltak  | Skule og kultur | 0              | 0              | 0              | 0              |
| <b>Sum Budsjettendringer</b>                          |                 | <b>0</b>       | <b>0</b>       | <b>0</b>       | <b>0</b>       |
| <b>Ramme 2023-2026</b>                                |                 | <b>187 881</b> | <b>185 080</b> | <b>185 080</b> | <b>185 080</b> |

## Innsparingstiltak

### Innsparingstiltak - legge ned Rand skule og barnehage

Å legge ned Rand skule og barnehage vil føre til ei innsparing på omlag ei lærarstilling og ei assistentstilling ut i frå det vi i dag veit om barne- og elevtal. For skule- og barnehageåret 2022-2023 er det 11 elevar i skulen, og det er 6 barn i barnehagen. Elevane vil då bli overført til Nordsida skule og barna kan takast inn i barnehagen utan ekstra kostnader. I dag ligg ein over bemanningsnorma i barnehagen for å få tre fulle vakter.

Ut frå tala vi har for 2022-2023 ville det blitt 51 elevar i skulen(40+11) og 24 barn(18+6) i barnehagen. Barnehagen ville då vere mellom 1,5 og 2 avdelingar.

I tillegg vil det bli innsparingar på drift av bygget.

Innsparingane blir eventuelt gjeldande frå hausten 2023.

### Omstrukturering/bemanningsreduksjon skule- og kultur

Skule- og kulturetaten skal gjennom omstrukturering av organisasjonen redusere samla lønnskostnad med 750' i 2023 og dobbel effekt frå og med 2024. Ein gjennomgår konkrete stillingar innanfor både skule-/barnehageadministrasjon, kultur, vaksenopplæring og lærarstillingar.

## Nye tiltak

### Aktivitet for ungdom, tilskotsordning

Vidareføring av midlar til tilskotsordning frå i fjor. Ha tilgjengelig midlar som både frivillige og kommunale initiativtakarar kan søkje på for å arrangere og etablere aktivitetstilbod til ungdom.

KS 107/22 Tatt inn i økonomiplanen.

### Korrigerer feil i leieinntekter kulturhus

Reduserte leieinntekter etter at vaksenopplæringa flytta ut av kulturhuset.

### Miljøterapeut i skulen

Miljøterapeut i skulen var sak i skule- og kulturutvalet 01.09.2022. I saka var det framlegg om å tilsette tre miljøterapeutar i skulane i Stryn. Ei stilling på 89 % kostar kr.611 000,-. Målet med stillingane som miljøterapeut er å styrke skulane i arbeidet med nye utfordringar i skulen. Det vart bestemt i utvalsmøtet at Miljøterapeut i skulen vart lag inn som ønska tiltak i høve arbeidet med økonomiplan for 2023 -2026. Administrativt har vi vurdert det som nødvendig å finne plass til 2 miljøterapeutstillingar. Dette er lagt inn i Kommunedirektøren sitt budsjettforslag med samla kostnad kr. 1.250.000,-

### Robust ungdom - førebyggjande program

Midlar til førebyggjande aktivitet og tiltak for ungdommane i ungdomsskulen i tråd med plan for Robust ungdom.

KS 107/22 Tatt med i økonomiplanen.

### Vidareføring av styrkingstiltak i skulane våren 2023

Ref. KS-052/22

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

|  | Økonomiplan  |          |          |          | Sum          |
|--|--------------|----------|----------|----------|--------------|
|  | 2023         | 2024     | 2025     | 2026     | 2023-26      |
| <b>Investeringsprosjekter</b>              |              |          |          |          |              |
| Kulturhuset - nye stolar i kommunestyresal | 175          | 0        | 0        | 0        | 175          |
| Renovering Stryn Ungdomsskule              | 9 300        | 0        | 0        | 0        | 9 300        |
| <b>Sum investeringsprosjekt</b>            | <b>9 475</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>9 475</b> |

## Helse og sosial

### Beskriving av dagens verksemd

Helse- og sosialetaten yter tenester til alle aldrar i befolkninga. Tenesteyting er organisert på følgjande måte:

Eining for pleie- og omsorgstenester, område Stryn og område Vikane. Under desse områda kjem dagtilbod til heimebuande demente, aktivitetstilbod for eldre, institusjonsdrift, heimesjukepleie, praktisk bistand i heimen og kjøkkendrift på kvar av områda. Område Stryn har i tillegg heildøgnsbemanna omsorgsbustadar. Område Vikane har eige reinhaldspersonale.

Eining miljø- og velferdstenester yter tenester i heimen til personar med psykisk utviklingshemma, samt arbeidssenter. I tillegg er tenester innan psykisk helse og rus, transporttenester/følgjekort/parkeringskort, støttekontaktsordning og avlastning for barnefamiliar knytt til denne eininga.

Eining helsetenester omfattar helsestasjon med skulehelseteneste og jordmordteneste, legekontor, legevakt og legevaktformindling samt fysio- og ergoterapitenester, samt frisklivssentral.

I tillegg inneheld helse- og sosialetaten barnevernteneste, sosiale tenester i NAV og flyktningteneste.

Saksbehandling av Husbanksaker og skjenkesaker ligg til denne etaten.

### Utfordringar og strategi

Det vert i mange samanhengar vist til at vi vert fleire eldre som har behov helse- og sosialtenester i åra som kjem. Dette gjeld også for Stryn kommune. Vi må legge til rette for at innbyggjarane også i framtida får trygge og gode tenester. Vi må nytte kompetansen rett, vi må finne effektive måtar å yte tenester på, vi må organisere oss rett og vi må nytte tilgjengeleg teknologi for å oppretthalde eit kvalitativt og forsvarleg tenestetilbod.

Som ein følge av at vi stadig lever lenger vert det fleire med komplekse og samansette behov. Demens viser seg å vere stor auke i forekomstar.

Det vert også vist til at det vert færre tenesteytarar i framtida. Det vert fødde færre enn tidlegare, og mange vel andre fagområde enn helse- og sosialtenesteyting når dei skal velje karriereval. Ei knappheit på kompetanse på landsbasis er særskilt gjeldande for Stryn kommune. Vi ser allereie no at vi har utfordringar med rekruttering. Dette gjeld særskilt lege-, sjukepleie, vernepleie- og psykologkompetanse. Vi ser også at det i dei næraste åra vert mange med helsefagkompetanse som sluttar på grunn av pensjonsalder. Dette er eit område vi må ha fokus på og legge strategiar for rekruttering. Mangel på kompetanse fører til press på lønn og andre kostnadar knytt til stillingar innan dette fagområdet.

I eit godt pasientforløp skal tenestene vere saumlause. Vi opplever utfordringar med dette både i høve eksterne samarbeidspartar (eks. spesialisthelsetenesta) og internt i tenestene våre. Meir komplekse diagnosebilete og helsesituasjon, fleire med kroniske lidningar og yngre med samansette behov skapar større behov for samhandling og heilskapleg kompetanse. Det vert viktig i åra som kjem å ha dette i fokus.

Institusjonsplassar og tilrettelagte bustadar vil verte ein mangel. Fleire må bu lenger heime enn tidlegare. Hjelpa må ystast i heimen, og heimen må vere tilrettelagt for å kunne nytte ulike hjelpemiddel. For å kunne imøtekome auken i behov for tilrettelagte bustadar må innbyggjarane ta eit større ansvar for eigen alderdom. Dette må kommunen kommunisere til innbyggjarane og legge til rette for god informasjon, råd og veiledning samt vurdere tilskotsordningar i høve utbetring m.m.

Kommunen får stadig ført over nye oppgåver frå staten. Store endringar som kan nemnast er samhandlingsreforma der oppgåvene vert flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane. Dette gjeld både somatikk og psykiatri. I tillegg har reforma kravd ei stor endring i legekontordrifta og press på fastlegeordninga. I barneverntenesta ser vi at staten også forventar at kommunen skal ta oppgåvene sjølve. Dette gjeld både å utføre tiltaksarbeid i heimen samt finansiering rundt fosterheimsplassing og institusjonsdrift. Frå 2022 fekk kommunen eit betydeleg større ansvar då barnevernsreforma tredde i kraft.

Nye lovkrav set også tenesteytinga under press. Helsepersonell får stadig større ansvar på ulike områder og brukarane får nye rettigheter som kostar mykje for kommunen å innfri. Det viser seg dessverre ofte at finansiering ikkje følg med på lik linje med nye lovkrav og retningslinjer for tenesteytinga. Det krev ein stadig meir effektiv ressursutnytting frå kommunen for å stette alle krav og forventningar.

Innan personal har vi i helse- og sosialetaten svært mange tilsett som arbeider i deltidstillingar. Ein del har til dels små stillingar. Hovudutfordringa er behov for bemanning i helgane. Ved arbeid kvar 3. helg krev det mange tilsette, det er vanskeleg å fylle desse stillingane til heile stillingsheimlar. Det vert arbeidd aktivt med å få til større stillingsheimlar. Ein viktig faktor her trur vi vil vere langvakter.

I 2022 har vi sagt ja til å motta 110 flyktningar, dette som følgje av krigen i Ukraina. Pr november 22 har vi motteke ca 70 av desse. Det er uvisst korleis situasjonen vert innan flyktningmottak i 2023.

## Overordna mål

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

## Måltabell

| Hovudmål               | Delmål  | Indikator | Mål 2023 | Mål 2024 | Mål 2025 | Mål 2026 | Gj.sn. Kostra gr |
|------------------------|---|-----------|----------|----------|----------|----------|------------------|
| Bulyst og bustadtilbod | Aktivt samarbeid mellom kommune og sivil sektor om ulike integreringstiltak i lokalsamfunnet  |           |          |          |          |          |                  |
|                        | Bruke verktøy frå Husbanken slik at innbyggjarane som har trong for bistand til kjøp og/eller utbetring av bustad får tilbod om tilskot og/eller startlån |           |          |          |          |          |                  |
|                        | Eit godt tenestetilbod innan helse- og omsorg   |           |          |          |          |          |                  |
|                        | Tilgjengelege helse- og omsorgstenester   |           |          |          |          |          |                  |

## Økonomiplan for 2023-2026

| Hovudmål                         | Delmål  | Indikator | Mål<br>2023 | Mål<br>2024 | Mål<br>2025 | Mål<br>2026 | Gj.sn.<br>Kostra gr |
|----------------------------------|---|-----------|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------------|
| Folkehelse                       | Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester  |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Gode helsetenester til innbyggjarane  |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Godt samarbeid mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar  |           |             |             |             |             |                     |
| Tilrettelegging for næringslivet | God dialog mellom kommunen og servering, sal og skjenkestadar med fokus på "Ansvarleg vertskap", samt trygg og forutseileg alkohol- og tobakkhandtering i kommunen.                                     |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | NAV tett dialog med næringslivet for utveksling av kompetanse. Dette for å finne arbeidsplassar for dei som har behov for dette og for å tilby arbeidskraft til næringslivet ved meldt ledighet til NAV |           |             |             |             |             |                     |
|                                  | Oppfølging av verksemder som tilbyr arbeid til flyktningar  |           |             |             |             |             |                     |

### Bruke verktøy frå Husbanken slik at innbyggjarane som har trong for bistand til kjøp og/eller utbetring av bustad får tilbod om tilskot og/eller startlån

- Sende behovsmelding til Husbanken innan fristen og nytte midlar frå Husbanken til Startlån - Nytte avsette midlar til tilskot. Frå 2020 kjem tidlegare øyremerka tilskot via rammeoverføring. Stryn kommune ser ikkje mulighet å setje av nye midlar i 2020, men vil nytte tidlegare avsette midlar til dette føremålet. Dette som eit verktøy for å hjelpe innbyggjarar som stettar kriteria til å få tilskot.

### Eit godt tenestetilbod innan helse- og omsorg

Tilby korttidsplassar og rehabiliteringsplassar med oppfølging og opptrening framfor langtidsplassar ved institusjon. Tilby einerom ved institusjon. Gjennomføre førebyggjande heimebesøk for å tilrette bustad for å kunne bu lengt muleg i eigen heim. Implementere kvardagsrehabilitering i tenestetilbodet Spørje brukar om kva som er viktig for han/henne Tenester basert på brukarundersøkingar Rekruttere til fag- og høgskulestillingar. Motivere ufaglærte til å ta utdanning Gjennomføre leiarutdanningsprogram Nå kommunen si målsetning om nærvær (unngå sjukefråvær så langt det let seg gjere)

### God dialog mellom kommunen og servering, sal og skjenkestadar med fokus på "Ansvarleg vertskap", samt trygg og forutseileg alkohol- og tobakkhandtering i kommunen.

Opplæring ved tildeling av løyve. Informasjonsmøte 1 gang pr. år. Oppfølging ved brot på alkohol- og tobakkreglar. Rullering av Rusmiddelpolitisk handlingplan i løpet av 2020 med involvering frå sal- og skjenkestadar.

### Gode helsetenester til innbyggjarane

- tilgjengelige helsetenester ved fastlege - oppfølging av alle born og unge ved helsestasjonstenester og skulehelsetenester - tilbod til barn og unge om tilgang til psykisk helsearbeidar - driftsavtaler med fysioterapeutar - driftsavtaler med fastlegar - tilgjengelige tenester innan psykisk helse og rus til innbyggjarar som har trong for dette - rehabiliteringstenester for innbyggjarar som har trong for dette

### NAV tett dialog med næringslivet for utveksling av kompetanse. Dette for å finne arbeidsplassar for dei som har behov for dette og for å tilby arbeidskraft til næringslivet ved meldt ledighet til NAV

Faste møtepunkt mellom NAV og næringslivet

## Oppfølging av verksemder som tilbyr arbeid til flyktingar

Dialog mellom flyktingtenesta, NAV og næringslivet

## Tilgjengelege helse- og omsorgstenester

Informasjon om tenesteytinga på heimesida med link til kontaktpunkt/søknadsskjema for å få tenester.

Informasjon om opningstider på heimesida Rask kartlegging av tenestebehov

## Driftsbudsjett med endringar

Beløp i 1000

|   | Avdeling        | Økonomiplan    |                |                |                |
|---|-----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
|   |                 | 2023           | 2024           | 2025           | 2026           |
| <b>Vedtatt budsjett</b>   |                 | <b>197 932</b> | <b>197 932</b> | <b>197 932</b> | <b>197 932</b> |
| Sum Vedtak forrige periode  |                 | -2 968         | -2 468         | -2 968         | -2 965         |
| Sum Lønns- og prisvekst   |                 | 8 406          | 8 406          | 8 406          | 8 406          |
| Konsekvensjustert budsjett  |                 | 5 438          | 5 938          | 5 438          | 5 441          |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>  |                 | <b>203 369</b> | <b>203 869</b> | <b>203 369</b> | <b>203 372</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>  |                 |                |                |                |                |
| Avslutta MOT  | Helse og sosial | -47            | -47            | -47            | -47            |
| Fosterheim - løn  | Helse og sosial | -193           | -193           | -193           | -193           |
| Justere ned vikarbruk legekantoret  | Helse og sosial | -500           | -500           | -500           | -500           |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>  |                 | <b>-740</b>    | <b>-740</b>    | <b>-740</b>    | <b>-740</b>    |
| <b>Nye tiltak</b>   |                 |                |                |                |                |
| Barnekoordinator - inntekt via rammetilskot - kostnad synleggjort her                     | Helse og sosial | 283            | 283            | 283            | 283            |
| Besøksheim løn  | Helse og sosial | 26             | 26             | 26             | 26             |
| Drivstoff - tenestebilar  | Helse og sosial | 60             | 60             | 60             | 60             |
| Endringer i forhold til budsjett sosiale tjenester i NAV                                  | Helse og sosial | 1 837          | 536            | 81             | 81             |
| Gruppelivsforsikring tilsette - lovpålagt   | Helse og sosial | 56             | 56             | 56             | 56             |
| Høgtidstillegg fast tilsette  | Helse og sosial | 130            | 130            | 130            | 130            |
| innkjøp av matvarer   | Helse og sosial | 350            | 350            | 350            | 350            |
| Introduksjonstønad, justering Ukraina flyktingar  | Helse og sosial | 3 600          | 3 600          | 3 600          | 3 600          |
| Justering tilskot Frivillegsentralen  | Helse og sosial | 30             | 30             | 30             | 30             |
| Kvelds/natt-tillegg, endring i tariff   | Helse og sosial | 336            | 336            | 336            | 336            |
| Leasingbil, 1 stk, heimehjelp område Stryn  | Helse og sosial | 86             | 86             | 86             | 86             |
| Leasingbil, 1 stk, heimehjelp område Vikane   | Helse og sosial | 86             | 86             | 86             | 86             |
| Lør/søn - tillegg. Endring av tariff frå 01.01.23   | Helse og sosial | 686            | 686            | 686            | 686            |
| Medisinsk forbruksmateriell   | Helse og sosial | 340            | 340            | 340            | 340            |
| Stryn omsorgssenter, avd. Symra og Kvisten, auke grunnbemanning - 2 fagarbeidarstillingar | Helse og sosial | 1 300          | 1 300          | 1 300          | 1 300          |
| Tolk  | Helse og sosial | 50             | 50             | 50             | 50             |
| Vertskommunesamarbeid NAV - øk. verknad frå 2025  | Helse og sosial | 0              | 0              | 936            | 936            |
| <b>Sum Nye tiltak</b>   |                 | <b>9 256</b>   | <b>7 955</b>   | <b>8 436</b>   | <b>8 436</b>   |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>   |                 | <b>8 516</b>   | <b>7 215</b>   | <b>7 696</b>   | <b>7 696</b>   |
| <b>Budsjettendringer</b>  |                 |                |                |                |                |
| Andre tiltak  | Helse og sosial | 0              | 0              | 0              | 0              |
| <b>Sum Budsjettendringer</b>  |                 | <b>0</b>       | <b>0</b>       | <b>0</b>       | <b>0</b>       |
| <b>Ramme 2023-2026</b>  |                 | <b>211 886</b> | <b>211 085</b> | <b>211 066</b> | <b>211 069</b> |

## Innsparingstiltak

### Avslutta MOT

Stryn kommune har sagt opp avtala om programmet MOT. Dette vil bli organisert på anna måte, og kostnad vert flytta til oppvekst frå 2023.

### **Fosterheim - løn**

Det er fleire av fosterbarna som har blitt 18 år, og sjølv om ettervernet inneber kostnader, blir utgiftene redusert.

### **Nye tiltak**

#### **Besøksheim løn**

Barneverntenesta har plassert barn som er tildels krevjande, og det er behov for avlastning i form av besøksheim. Dette er eit tiltak for at fosterheimar skal ha føresetnadar om å stå i oppdraget over tid.

#### **Drivstoff - tenestebilar**

Diesel og bensin har siste året blitt mykje dyrare enn før, og er ikkje i samsvar med budsjett.

#### **Gruppelivsforsikring tilsette - lovpålagt**

Gruppelivsforsikring til arbeidstakarane/tilsette er lovpålagt. Ugiftene blir lagt til org.enhetene, og da må og budsjettposten ligge her.

#### **Høgtidstillegg fast tilsette**

Nytt tiltak

Fast tilsette skal jobbe halvparten av helligdagane. Tidligere budsjett har ikkje tatt høgde for lønnsauke. Heimehjelp jobbar ikkje heiligdaga derfor er det innsparing.

#### **innkjøp av matvarer**

nytt tiltak

matvareprisane har auka markant. Det er ein auke i tal brukarar som mottar særleg middag

#### **Introdukssjonstønad, justering Ukraina flyktningar**

Kostnad er rekna ut frå prognose med gjennomsnitt 35 deltakarar pr. mnd (ca kr 20 000) månadleg kostnad på ca. kr. 700 000, samla årskostnad vil bli 8,4 mill. Budsjett må aukast med 3,6 mill.

#### **Justering tilskot Frivillegsentralen**

Ref. gjennomgang Heidi 18.10.22. Tilskot frå kommunen må minimum vere 40% av samla driftsinntekter og vi vurderer det nødvendig å auke med 30.000 for å sikre at vi er "innafor".

#### **Kvelds/natt-tillegg, endring i tariff**

Frå 01.01.23 er det endring i tilleggslønn for kveld/natt-tillegg. I dag er det kr 56,- alle timar.

Det er 56,- kr frå kl 17-21. frå kl 21 - 06 er det 22 % minimum kr 70,-. Det utgjør 14 kr i forskjell frå dagens sats.

Fiolen har 6 tilsette på kveldstid mellom kl 21-22. og 3 nattevakter i tidsrommet 22-06.

Utrekning: 14,- x 6 tilsette x 1 time x 365 daga = 30660,- + 14,- x 3 tilsette x 8t x 365 daga = 122 640,-  
totalt kr 153 300

Symra har 4 tilsette på kveldstid mellom kl 21-22 og 2 nattevakter i tidsrommet 22-06

Utrekning: 14,- x 4 tilsette x 1 t x 365 daga = 20 440,- + 14,- x 2 tilsette x 8 t x 365 = 81 760,- Totalt kr 102 200,-

Lyngen har 2 tilsette på kveldstid mellom kl 21-22.

Utrekning:  $14,- \times 2 \text{ tilsette} \times 1 \text{ time} \times 365 \text{ daga} = \underline{\text{Totalt kr 10 220,-}}$

Heimesjukepleien har 2 tilsette på kveldstid mellom kl 21-22 og 1 nattevakt i tidsrommet 22-06.

Utrekning:  $14,- \times 2 \text{ tilsette} \times 1 \text{ t} \times 365 \text{ daga} = 10 220 + 14,- \times 1 \text{ tilsett} \times 8 \text{ t} \times 365 = 40 880,- \underline{\text{Totalt kr 51 100,-}}$

Kvisten har 4 tilsette på kveldstid mellom kl 21-22.

Utrekning:  $14,- \times 4 \text{ tilsette} \times 1 \text{ t} \times 365 \text{ daga} = \underline{\text{Totalt kr 20 440,-}}$

#### **Leasingbil, 1 stk, heimehjelp område Stryn**

Dei som yter praktisk bistand/heimehjelp må nytte private bilar. Det har i fleire år vore bedt om å få nytta firmabil. Dette med begrunning i slitasje og driftskostnader ved eige bilhald. Det er behov for 3 stk. bilar. Sjølv om ein ikkje kan innfri ynskjer fullt ut vil det vere til hjelp å ha firmabil til den lengste ruta/mest krevande ruta i høve bratte m.m.

KS 107/22 Tatt inn i økonomiplanen.

#### **Leasingbil, 1 stk, heimehjelp område Vikane**

Dei som yter praktisk bistand/heimehjelp må nytte private bilar. Det har i fleire år vore bedt om å få nytta firmabil. Dette med begrunning i slitasje og driftskostnader ved eige bilhald. Det er behov for 3 stk. bilar. Sjølv om ein ikkje kan innfri ynskjer fullt ut vil det vere til hjelp å ha firmabil til den lengste ruta/mest krevande ruta i høve bratte m.m.

KS 107/22 Tatt inn i økonomiplanen.

#### **Lør/søn - tillegg. Endring av tariff frå 01.01.23**

Ny tariff frå 01.01.23 Tidligere var satsen kr 56,-. Nå er på 22 %, minimum kr 70,-. det gir en differanse på kr 14,-.

det er og ein bestemmelse som seier om man jobbar over en viss antal timar lør/søn skal det lønnast med kr 100,- pr time, og en sats over der kr 120,- pr time. Alle nattevaktene kjem opp til sats 2. Legg derfor inn kr 46,- ekstra pr lør/søn for nattevaktene.

Fiolen har 12 tilsette på jobb i 7 timar kvar lør og søn (104 dager) mellom kl 0730-22. og 3 nattevakter i 9,5 timar i tidsrommet 22-0730.

Utrekning:  $14,- \times 12 \text{ tilsette} \times 7 \text{ time} \times 104 \text{ dager} = 122 304,- + 46,- \times 3 \text{ tilsette} \times 9,5 \text{ t} \times 104 \text{ dager} = 136 344 \underline{\text{Totalt kr 258 648,-}}$

Symra har 8 tilsette på jobb i 7 timar kvar lør og søn (104 dager) mellom kl 0730-22. og 2 nattevakter i 9,5 timar i tidsrommet 22-0730.

Utrekning:  $14,- \times 8 \text{ tilsette} \times 7 \text{ t} \times 104 = 81 536,- + 46,- \times 2 \text{ tilsette} \times 9,5 \text{ t} \times 104 \text{ daga} = 90896,- \underline{\text{Totalt kr 172432,-}}$

Lyngen har 4 tilsette på jobb i 7 timar kvar lør og søn (104 dager) mellom kl 0730-22

## Økonomiplan for 2023-2026

Utrekning: 14,- x 4 tilsette x 7 time x 104 daga = Totalt kr 40 768,-

Heimesjukepleien har 6 tilsette på jobb i 7 timar kvar lør og søn (104 dager) mellom kl 0730-22. og 1 nattevakt i 10 timar i tidsrommet 22-08.

Utrekning: 14,- x 6 tilsette x 7 t x 104 daga= 61 152,- + 46,- x 1 tilsett x 10 t x 104 daga = 47 840,- totalt kr 108992,-

Kvisten har 8 tilsette på jobb i 7 timar kvar lør og søn (104 dager) mellom kl 0730-22

Utrekning: 14,- x 8 tilsette x 7 t x 104 daga = Totalt kr 81 536,-

Kjøkken har 2 tilsette på jobb i 8 timar kvar lør og søn (104 dager) mellom kl 0700 - 15

Utrekning: 14,- x 2 tilsette x 8 t x 104 daga = Totalt kr 23 296,-

### Medisinsk forbruksmateriell

Pga av korona-pandemien blei prisen på handskar, munnbind og andre produkter som blir nytta innan pleie, fleiredobla. En pk med handsker som kosta før pandemien under kr 100,-, kosta over 400,-. prisen har ikkje gått tilbake til slik det var før pandemien.

### Stryn omsorgssenter, avd. Symra og Kvisten, auke grunnbemanning - 2 fagarbeidarstillingar

Dei to heildøgns-bemanna omsorgsbustadene ved Stryn omsorgssenter, Symra og Kvisten, er meint som eit anna ebu-tilbodnn institusjon. I utgangspunktet skal bebuarar på desse to avdelingane ha eit mindre pleiebehov enn dei som bur på institusjon. På grunn av stor pågang på plassar, viser det seg likevel at også desse bebuarane treng same grad av stell og pleie som bebuarane på Fiolen og Lyngen (institusjonsavdelingane). Pleiefaktoren (årsverk pr. bebuar) er ikkje lik mellom desse to butilboda. Ein trur og forventar at auka grunnbemanning som lagt inn i økonomiplanen vil bidra til å løyse dei betydeleg utfordringane med vikarar.

### Tolk

Ny tolkelov fører til at alle samtalar der det er tvil om norsk kunnskapen til brukaren, skal ein nytte tolk. Dette har barneverntenesta alltid gjort. Utfordringa til barneverntenesta er først og fremst arbeidsinnvandrarar der ein treng tolk i både undersøkingsfasen, men også når ein skal ha vekentleg tiltak inn i heimane, der rettleiinga krevjar tolk. På sikt vil vi sjå effekten ved å ta i mot over 100 flyktningar frå Ukraina, og om dette vil ha noko å seie for barnevernbudsjettet.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekt  | Økonomiplan |              |          |          | Sum          |
|---|-------------|--------------|----------|----------|--------------|
|   | 2023        | 2024         | 2025     | 2026     | 2023-26      |
| Bekkenspylere Stryn omsorgssenter - 7 stk.                            | 750         | 0            | 0        | 0        | 750          |
| Vikane omsorgssenter - ombygging til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar | 0           | 6 250        | 0        | 0        | 6 250        |
| <b>Sum investeringsprosjekt</b>                                       | <b>750</b>  | <b>6 250</b> | <b>0</b> | <b>0</b> | <b>7 000</b> |

### Bekkenspylere Stryn omsorgssenter - 7 stk.

Stryn omsorgssenter har 7 bekkenspylere. Dei er alle 7 i dårlig forfatning/fått avvik i forbindelse med tilsyn frå hygienesjukepleiar frå Helse Førde. Det legger seg eit svart belegg i spylaren og i utstyret som

blir vaska i spylerne. Spylerne sine slanger for vatn gir feilsignaler og slutte å fungere av samme grunn. Bekken blir ikke rene. Det er ikkje mogleg å vaske utstyr som sakser mv - som det er berekna for - i maskinene. Belegget i maskinene kan gi grunnlag for UVI og sårproblematikk i forhold til å få sår til å gro. Det er tatt opp med vaktmeister/bygg utfordringa og kva som kan vere årsaken til dette, men pr i dag er det ikkje satt inn tiltak. Utan eksterne tiltak vil det bli behov for ny utskifting før maskinene normalt trenger å byttast ut.

**Vikane omsorgssenter - ombygging til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar**

Bygge om eksisterende omsorgsbustadar til heildøgnsbemanna omsorgsbustadar på Vikana omsorgssenter. Berekna til 5 mill. med oppstart og ferdigstilling i 2023.

## Samfunnsutvikling

### Beskriving av dagens verksemd

Sektor "Samfunnsutvikling" blei oppretta hausten 2022.

Samfunnsutvikling består av seks avdelingar: teknisk drift, kart og oppmåling, plan, brann- og ulykkesvern, kommunalteknikk, berekraft og næring.

Samfunnsutvikling handsamar mellom anna oppgåver som vedkjem kommunen si handtering av beredskap, risiko- og sårbarheit, plan og byggjesaker, kart og oppmålingstenester samt vatn, avløp og renovasjon.

Samfunnsutvikling har 32,2 stillingar pr 1. juli 2022, og disponerer eit utval køyretøy som omfattar bilar, lastebilar, traktorar og diverse spesialkøyretøy slik som brannbilar og vegskrape. Arbeidsoppgåvene er varierte og både mannskap, utstyr, materiell og maskinpark er sett saman for å dekke heilårsaktivitetar.

På området brannførebyggjande arbeid er Stryn vertskommune for eit samarbeid mellom Stryn, Gloppen og Stad. Hushaldsavfall vert organisert gjennom det interkommunale selskapet Nomil der Stryn er medeigar. Det same gjeld hamnetenester som vert utført av Nordfjord Hamn der Stryn er største eigar. Der er fleire avtaler med nabokommunane om gjensidig bistand ved hendingar innan brann og redning. Snørydding og vintervedlikehald vert utført gjennom eit samarbeid mellom eigne og innleigde ressursar.

Samfunnsutvikling har som mål å tilby kommunen sine innbyggjarar best mogleg tenester både i høve lovpålagde krav og politikarane sin ynskjer og prioriteringar!

### Utfordringar og strategi

#### Planarbeid

Ferdigstilling av kommunedelplan for avløp og overvatn.

Regulering av nye bustad og næringsområder.

Kartlegging av naturfare.

Klausulering av vasskjelde i Loen (Tyva).

#### Strategier

Politisk forventningsavklaring til brannvesen. Kva roller og funksjonar skal brannvesenet ta i vare og vere rigga for i framtida.

Asfaltering av flest muleg kommunale vegar for å minke behov for drift. Forenkling av vinterdrift, og mindre støvplager.

Auka fokus på overvasshandtering for å minske skadar og følgjeskadar.

## Hovudutfordringar

Kapasitet for gjennomføring, er ikkje i samsvar med behov. Medfører sterkt press på enkelte tilsette. Rekruttere og behalde tilsette.

Pågåande planarbeid innan vatn og avløp viser store investeringsbehov innan området. Reinseanlegg i Stryn og Loen, forsterking av vassforsyning, behov for forsterka overvasshandtering. Lyt pårekne auke i kommunale VA-gebyr.

Kommunen lyt stadig bruke meir på skred og flaumsikring, samt drift av nye og eksisterande sikringsanlegg.

Manglande avklaring om nye brannstasjonar.

Kommunale vegar. Vedtatt full gjennomgang av alle private og kommunale vegar for å finne ny kommunal vegstruktur. Forventar at nokre vegar går frå privat til kommunal, og ein del frå kommunal til privat.

Store investeringsbehov på kommunale vegar. Mykje vegar med dårleg bereevne. Hindrar tungtransport som f.eks. tømmertransport. Gjev dårleg framkomelegheit.

Treng felles GIS koordinator for Nordfjordkommunane.

Treng oppretting av faste stillingar for byggjesakstilsyn/ulovlegheitsoppfølging i Nordfjord.

Treng oppretting av faste stillingar for tilsyn innan mindre avløpsanlegg i Nordfjord. Manglande oppfølging av private og kommunale avløpsanlegg der kommunen er myndigheit. Koplast til arbeidet med vassdirektivet.

Brannmannskap har ikkje alle lovpålagte kurs. Treng å fullføre obligatoriske kurs.

Brann får stadig fleire oppgåver frå politi og helse. Set krav til endra kompetanse, og medfører større utstyr- og opplæringsbehov.

Krav om sertifisering av landmålarar. Krav om utdanning/realkompetanse på dei som utfører jobben etter matrikkellova. Kan føre til rekrutteringsproblem og ekstra kostnader i samband med sertifisering.

## Overordna mål

- Bulyst og bustadtilbod
- Folkehelse
- Tilrettelegging for næringslivet

## Måltabell

| Hovudmål   | Delmål   | Indikator  | Mål<br>2023 | Mål<br>2024 | Mål<br>2025 | Mål<br>2026 | Gj.sn.<br>Kostra gr |
|--|--|--|-------------|-------------|-------------|-------------|---------------------|
| Bulyst og bustadtilbod   | Bygging av veg og GS-veg, Leitekvia-Solvik-Loen  |  |             |             |             |             |                     |
|  | Detaljregulering, innløyising og opparbeiding av Tonningkamben med tilførselvegar.   |  |             |             |             |             |                     |
|  | Innløyising av grunn og opparbeiding av bustadfelt i Solvik.   |  |             |             |             |             |                     |
|  | Kommunen skal prioritere å få på plass attraktive bustadfelt i vekstområdet Stryn sentrum – Loen. Dette gjeld mellom anna bustadfeltet Solvik/Rake. Når det gjeld resten av kommunen skal ein leggje i hovudsak ut område for LNF – område med spreidd bustader, i tillegg til nokre få bustadfelt i dei største tettstadane |  |             |             |             |             |                     |
|  | Opparbeiding av bustadfelt på Rake trinn 3 og 4.   |  |             |             |             |             |                     |
|  | Opparbeiding av ny veg på Storesunde inkludert utviding av vatn og avløp.  |  |             |             |             |             |                     |
|  | Folkehelse   | Auka fysisk aktivitet for alle, mellom anna ved å leggje til rette for fleire gang- og sykkelveggar, sentrumsnære turstiar, badeplassar og sikker tilgang til natur- og friluftsområde |             |             |             |             |                     |
| Etablere tilsyn og oppfølging av avløpsanlegg.   |  |  |             |             |             |             |                     |
| Ferdigstilling av kommunedelplan for vassforsyning, og kommunedelplan for avløp og overvatn. |  |  |             |             |             |             |                     |
| Folkehelse skal vere gjennomgripande i kommunen sitt arbeid og sine tenester                 |  |  |             |             |             |             |                     |
| Klausulere og sikre vasskjelder.   |  |  |             |             |             |             |                     |
| Utvide kommunal vassforsyning og auka beredskap innan vassforsyning.                         |  |  |             |             |             |             |                     |
| Tilrettelegging for næringslivet   | Detaljregulering av næringsområde i området ved Langesethøgda/Skarsmyra.   |  |             |             |             |             |                     |
|  | Plassere nye næringsareal i nærleik til hovudvegssystemet, primært kring Stryn sentrum og på Langeset. Minst mogleg konflikt med viktige jordbruksareal, natur- og kulturlandskap og friluftsområde  |  |             |             |             |             |                     |
|  | Regulering, innløyising og opparbeiding av næringsareal.   |  |             |             |             |             |                     |
|  | Rehabilitering av kommunale veggar for å auke berevne og framkomelegheit.  |  |             |             |             |             |                     |
|  | Vidareutvikle Olden som cruisedestinasjon  |  |             |             |             |             |                     |

## Driftsbudsjett med endringer

Beløp i 1000

|   | Avdeling          | Økonomiplan   |               |               |               |
|---|-------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
|   |                   | 2023          | 2024          | 2025          | 2026          |
| <b>Vedtatt budsjett</b>   |                   | <b>23 429</b> | <b>23 429</b> | <b>23 429</b> | <b>23 429</b> |
| Sum Vedtak forrige periode  |                   | 2 652         | 3 225         | 3 173         | 3 173         |
| Sum Lønns- og prisvekst   |                   | 963           | 963           | 963           | 963           |
| <b>Konsekvensjustert budsjett</b>   |                   | <b>3 614</b>  | <b>4 188</b>  | <b>4 136</b>  | <b>4 136</b>  |
| <b>Konsekvensjustert ramme</b>  |                   | <b>27 044</b> | <b>27 617</b> | <b>27 565</b> | <b>27 565</b> |
| <b>Innsparingstiltak</b>  |                   |               |               |               |               |
| Justering bruk eksterne eideomsskatt                                      | Samfunnsutvikling | -100          | -100          | -100          | -100          |
| Leggje ned kommunale vegar - innsparing                                   | Samfunnsutvikling | -2 100        | -2 100        | -2 100        | -2 100        |
| Omstrukturering / bemanningsreduksjon Samfunnsutvikling                   | Samfunnsutvikling | -660          | -660          | -660          | -660          |
| Stryn Næringshage - reduksjon tilskot førstelinjeteneste                  | Samfunnsutvikling | -75           | -75           | -75           | -75           |
| <b>Sum Innsparingstiltak</b>  |                   | <b>-2 935</b> | <b>-2 935</b> | <b>-2 935</b> | <b>-2 935</b> |
| <b>Nye tiltak</b>   |                   |               |               |               |               |
| Applikasjonsdrift Komtek og Gisline                                       | Samfunnsutvikling | 241           | 155           | 155           | 155           |
| Beredskapsanalyse Brannvesenet  | Samfunnsutvikling | 150           | 0             | 0             | 0             |
| Deltidspersonell i beredskap (brannvesen) utan vaktordning - kompensasjon | Samfunnsutvikling | 85            | 85            | 85            | 85            |
| Kle og utstyr til brannvesen  | Samfunnsutvikling | 200           | 200           | 0             | 0             |
| Konsulenttenester sertifisering Miljøfyrtårn                              | Samfunnsutvikling | 100           | 100           | 100           | 100           |
| Kursutgifter plan og byggesak   | Samfunnsutvikling | 72            | 0             | 0             | 0             |
| Nytt planregister - arealplaner.no  | Samfunnsutvikling | 154           | 59            | 59            | 59            |
| Omfordeling av lønsutgifter på teneste 12029 og 30310                     | Samfunnsutvikling | 211           | 211           | 211           | 211           |
| Visit Nordfjord - berekraftig reisemål Nordfjord                          | Samfunnsutvikling | 0             | 0             | 0             | 0             |
| <b>Sum Nye tiltak</b>   |                   | <b>1 214</b>  | <b>810</b>    | <b>610</b>    | <b>610</b>    |
| <b>Nye tiltak og realendringer budsjett</b>                               |                   | <b>-1 721</b> | <b>-2 125</b> | <b>-2 325</b> | <b>-2 325</b> |
| <b>Budsjettendringer</b>  |                   |               |               |               |               |
| Andre tiltak  | Samfunnsutvikling | 8 639         | 8 639         | 8 639         | 8 639         |
| <b>Sum Budsjettendringer</b>  |                   | <b>8 639</b>  | <b>8 639</b>  | <b>8 639</b>  | <b>8 639</b>  |
| <b>Budsjettendringer</b>  |                   | <b>8 639</b>  | <b>8 639</b>  | <b>8 639</b>  | <b>8 639</b>  |
| <b>Ramme 2023-2026</b>  |                   | <b>33 961</b> | <b>34 131</b> | <b>33 879</b> | <b>33 879</b> |

## Innsparingstiltak

### Justering bruk eksterne eideomsskatt

Med bakgrunn i behovet for kostnadsreduksjonar vil ein redusere bruk av ekstern hjelp til gjennomføring at arbeidet på eideomsskatte-kontoret. Det var opprinneleg lagt inn ein viss auke i 2023 fordi vakant stilling ikkje skal fyllast.

### Omstrukturering / bemanningsreduksjon Samfunnsutvikling

Det blir arbeid med omstrukturering og fokus på oppgåveløysing på heile avdelinga. Spesielt i lys av behovet for kostnadsreduksjonar i organisasjonen skal arbeidet med dette resultere i permanent kostnadsreduksjon med økonomisk heilårseffekt for 2023 og seinare som oppført i tiltaket.

### Stryn Næringshage - reduksjon tilskot førstelinjeteneste

Stryn kommune yter årleg tilskot på 300.000,- til Næringshagen i skalla "førstelinjeteneste". Som del av nødvendig kostnadsreduksjonar i organisasjonen vurderer ein at tilskotet kan halverast.

## Nye tiltak

### Applikasjonsdrift Komtek og Gisline

Det er lagt inn oppstartskostnad med kr. 89.500,- i 2023, dette er ein eingongskostnad. Årlege kostnader er lagt inn med kr. 155.000,-

Driften inkluderer vedlikehold og overvåking av alle sentraliserte plattformtjenester, slik som server med operativsystem, databaser, kommunikasjons-tjenester, sikkerhetsløsning samt lagring & backup i henhold til lovverk.

### Beredskapsanalyse Brannvesenet

1 mars 2022 kom det ny " Dimensjoneringsforskrift" av brannvesenet.**Brann- og redningsveseneforskriften .**

Denne forskrifta bestemmer korleis brannvesenet skal vere dimensjonert i forhold til risiko, antal innbyggjarar, avstandar osv.

Denne forskrifta sett krav til at det skal gjennomførast ROS analyser på både beredskap og førebyggjande avdeling. Forebyggjande analysen skal vi klare sjølve i den nye avdelinga som er etablert mellom kommunane Stryn, Stad og Gloppen.

Å gjennomføre beredskapsanalysen ser brannsjef at det blir nytta eksterne rådgjevarar, som ser på Stryn brannvesen / Stryn kommune på ein objektiv måte. Stryn kommune er ein allsidig kommune med mange ulike utfordringar, vi har lange avstandar, vi har ei sentrum med "snart" 3000 innbyggjarar ( 3000 innbyggjarar utløyser nye krav til beredskap), vi har etterkvart mange høge bygningar som muligens utløyser kravet til høgdebil med vakt , 2 omsorgssenter, turisme, landbruk, industri. Alt dette skal takast hensyn til i ein slik analyse.

Brannsjef meiner at denne analysen kan avdekke manglar på beredskapen som kan gi store kostnader.

Brannsjef har vore i kontakt med firma som utfører slike analyser, og fått eit pris estimat på 150.000,-

### Kle og utstyr til brannvesen

Dette er eit tiltak som skal brukast til fornying av personlegg vernebekledning til røykdykkarane og brannmannskap. Brannmannskap/ røykdykkarar skal ha godkjent bekledning. Dette består av brannmannsbekledning , hjelm, hanskar, støvlar. For røykdykkarar kjem hetter og masker i tillegg. Alt dette utstyret er krav til utskifting av etter intervall og beskriving frå produsent.

Alt dette utstyret har ein stor kostnad, ei komplett brannmannsbekledning med hjelm, kle, hanskar og støvlar kjem på omlag 23.000,- pr sett.

Totalt treng 10 komplette sett å skiftast ut som utgjør ein kostnad på 345000,-

Brannvesenet skal drive med vannredning som eit av tre satsingsområde definert i forskrift. Vi har i dag 3 komplette sett med vannredningsutstyr. Dette utstyret er etterkvart begynne å bli slitt, og må erstattast med nytt. Eit komplett nytt sett med drakt, hjelm, hanskar, sko, flytevest kjem på omlag 23.000,- Brannvesenet har også ein oppblåsbar redningsbåt som blir brukt i elv og på vatn. Denne båten har vore reparert fleire gongar, og må skiftast ut snart. Prisen på denne båten er 36.000.- + mva

Totalt treng vi å skifte ut 3 sett i løpet av dei to neste åra som kjem på 60.000,-, i tillegg kjem ny redningsbåt på 36.000,-

## Økonomiplan for 2023-2026

Totalt treng vi då 105.000,- til nytt vannredningsutstyr.

Tilsaman utgjer dette omlag 450.000,- til utskifting av utstyr. Denne summen klarar eg ikkje å ta av det ordinere driftsbudsjettet. Sett derfor opp 200.000,- pr år i 2023 og 2024.

### Konsulenttenester sertifisering Miljøfyrtårn

Kommunestyret har gjort vedtak om at Stryn kommune, sentraladministrasjonen, skal bli Miljøfyrtårn. Etter vedtaket er det kome fram nye opplysningar om kva kostnader som føl med denne ordninga. Det er eit ønskje om at alle kommunale bygg skal bli miljøsertifisert etter denne malen. Dersom det skal brukast konsulent til å sertifisere bygga vil dette ha ein kostnad på ca 100 000 pr år framover i ca fire år. Dei årlege kostnadene vert mindre dersom vi brukar lenger tid på dette.

Sertifisering som Miljøfyrtårn er eit krav dersom vi skal vere Berekraftig Reisemål.

### Nytt planregister - arealplaner.no

Felles innføringsprosjekt for nytt planregister. (for kommunane Kinn, Stryn, Stad, Gloppen og Bremanger). Dette er eit heilt nytt skybasert planregister. Etaberinga koster kr. 95.000,- og den årlege kostnaden er på kr. 59.000,-.

*“ Løsningen vil være en sentral byggekloss i Norkarts portefølje innen planforvaltning og byggesaksbehandling. KS, KDD, DiBK og Kartverket jobber for tiden med modernisering av plan og byggesaksområdet. Eksempler på dette er ny produktspesifikasjon for ePlanSak og eByggeSak, samt ombygging av Geointegrasjonsstandarden til FIKS-plattformen. arealplaner.no er et av flere produkter og tjenester fra Norkart som støtter opp under dette arbeidet. Videreutvikling av løsningen vil skje i takt med nye nasjonale føringer og felleskomponenter.”*

### Omfordeling av lønsutgifter på teneste 12029 og 30310

60% stillingsheimel på eigeidomsskattekontoret står vakant . Ein har valt å ikkje lyse ut stillinga i 2023, men omfordele stillingsheimlane på kart og oppmåling. Det er og lagt opp til innleige av konsulenttenester på eigeidomsskatt. Totalt sett vert det ei innsparing.

## Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

| Investeringsprosjekter                                | Økonomiplan |        |       |      | Sum     |
|---|-------------|--------|-------|------|---------|
|   | 2023        | 2024   | 2025  | 2026 | 2023-26 |
| 2 traktorar til brøyting og vegvedlikehald            | 0           | 4 600  | 0     | 0    | 4 600   |
| Bygging veg med fortau Solvik - Leite                 | 13 000      | 0      | 0     | 0    | 13 000  |
| Dam Langesetvatnet                                    | 0           | 6 250  | 6 250 | 0    | 12 500  |
| Delfinansiering gangveg Loen - Solvik                 | 18 000      | 0      | 0     | 0    | 18 000  |
| Elvaforebygging Sunndøla/Hjelledøla                   | 3 000       | 4 000  | 0     | 0    | 7 000   |
| Forebygging av Storeelva i Innvik - eigenandel        | 0           | 0      | 2 000 | 0    | 2 000   |
| Førebuing prosjektering nytt avløpsrensaneanlegg Loen | 250         | 0      | 0     | 0    | 250     |
| Gangveg Storelva Utvik                                | 5 000       | 0      | 0     | 0    | 5 000   |
| Grunninnløyising, areal til bustad og næringsføremål  | 15 000      | 8 000  | 0     | 0    | 23 000  |
| Høgdebasseng Storelva Utvik - eigenandel              | 0           | 500    | 0     | 0    | 500     |
| Investeringsråme pga. utsette investeringar           | 1 200       | 0      | 0     | 0    | 1 200   |
| Kloakksanering Perhustunet                            | 0           | 0      | 1 000 | 0    | 1 000   |
| Kommunalt bustadfelt Solvik i Loen                    | 29 000      | 18 300 | 0     | 0    | 47 300  |
| Kvikkleirekartlegging                                 | 500         | 2 500  | 0     | 0    | 3 000   |
| Loen vassverk - etablere ny gravd brønn               | 1 100       | 0      | 0     | 0    | 1 100   |

## Økonomiplan for 2023-2026

|  | Økonomiplan    |                |               |              | Sum            |
|--|----------------|----------------|---------------|--------------|----------------|
|  | 2023           | 2024           | 2025          | 2026         | 2023-26        |
| <b>Investeringsprosjekter</b>  |                |                |               |              |                |
| Ny bil til brannforebyggjande avdeling   | 0              | 600            | 0             | 0            | 600            |
| Ny kantklippar for traktor   | 0              | 635            | 0             | 0            | 635            |
| Ny varebil vatn og avløp   | 700            | 0              | 0             | 0            | 700            |
| Nykartlegging, ortofot og oppdatering AR5                                      | 0              | 0              | 1 000         | 0            | 1 000          |
| Nytt slåtteutstyr park og grønt  | 0              | 570            | 0             | 0            | 570            |
| Oppmålingsbil  | 0              | 0              | 875           | 0            | 875            |
| Opprusting og sikringstiltak kommunale vegar                                   | 3 000          | 3 000          | 3 000         | 3 000        | 12 000         |
| P 44082 Loen vassverk - oppgradering eksisterande VBA                          | 2 250          | 0              | 0             | 0            | 2 250          |
| Prosjektering nytt avløpsrensaneanlegg Loen                                    | 2 500          | 5 000          | 0             | 0            | 7 500          |
| Regulering av bustad- og næringsareal  | 1 000          | 0              | 0             | 0            | 1 000          |
| Rehabilitering trykkreduksjonskum (Hydlamyra) og VA-ledningsanlegg (Visnes)    | 2 800          | 0              | 0             | 0            | 2 800          |
| Samlokalisering av brannstasjon og lokale for tekniske tenester og vaktmeister | 5 000          | 35 000         | 34 000        | 0            | 74 000         |
| Skifte ut varebil kommunale vegar  | 0              | 700            | 0             | 0            | 700            |
| Skifte ut varebil til samfunnsutvikling  | 0              | 700            | 0             | 0            | 700            |
| Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp                  | 0              | 9 188          | 0             | 0            | 9 188          |
| Storesunde Nymarka VA  | 0              | 17 550         | 0             | 0            | 17 550         |
| Utskifting varebil vatn og avløp   | 0              | 750            | 0             | 0            | 750            |
| Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader                                    | 400            | 0              | 0             | 0            | 400            |
| <b>Sum investeringsprosjekt</b>  | <b>103 700</b> | <b>117 843</b> | <b>48 125</b> | <b>3 000</b> | <b>272 668</b> |

### 2 traktorar til brøyting og vegvedlikehald

Kommunen har 2 traktorar som vert nytta til brøyting og vegvedlikehald. Desse traktorane er over 5 år, og har gått ca. 3.000 timar. Bruktverdien på desse traktorane er no svært høg med stor etterspørsell slik at det gunstig for kommunen å bytte dei. I tillegg har traktorane gått så mykje, 3.000 timar, at service og vedlikehaldskostnadar vil stige framover. Det er såleis viktig å bytte ut traktorane før driftskostnadane går opp. Traktorane er vesentleg å ha i drift spesielt om vinteren. Då tåler kommunen ikkje lenger driftsstans.

Eit alternativ til å kjøpe nye traktorar er å lease traktorar over 5 år. Dette bør vurderast som eit alternativ.

### Bygging veg med fortau Solvik - Leite

Veg frå Leitekviakrysset til Solvik med tilkopling til Fv60. Prosjektet må kome samtidig, eller før GS-veg Loen-Solvik.

Med dette tiltaket vil ein kunne vidareutvikle Rake bustadfelt. Er framleis ein stor del av feltet som var regulert i 1985 som ikkje er bygd ut.

### Dam Langesetvatnet

Kommunal veg kryssar ein kombinert bru/demning ved utløpet av Langesetvatnet. Tiltaket gjeld innleige av fagansvarleg konsulent for å sjå på ulike løysingar for at demning skal vere i samsvar med damsikkerheitsforskrift. Krav om innmelding av damsikkerheitsklasse til NVE 6.jan.2020.

### Elvaforebygging Sunndøla/Hjelledøla

Prosjekt omfattar sikring av Sunndøla og Hjelledøla, samt utbetring av bru til Nygård.

### Forebygging av Storelva i Innvik - eigenandel

Kommunal eigenandel, forbygging av Storelva i Innvik.

### Gangveg Storelva Utvik

Bygging av gangveg frå ny bru over Storelva og austover langs Fv.60, omlag 70 meter.

### **Grunninnløyising, areal til bustad og næringsføremål**

Det vert lagt opp til innløyising av fleire område med grunn til bustad- og næringsføremål i 2021 og 2022. På grunn av at det ikkje føreligg avtalar/intensjonsavtalar for alle områda har ein valt føreslå avsett ein felles pott til dette i budsjettet.

Innløyising av grunn til bustad og næringsføremål, følgjande område er aktuelle;

"Demmehaug"- innløyising av regulert område til bustad- og fritidsbustad, totalt 12 einingar

"Arnfinbakken" område i Vik regulert til einebustadar – 12 einingar

Innløyising av «Øvre Hogane» innløyising av område i Hogane (B 135), avsett til bustadføremål i kommunedelplan for Langeset – Stryn – Storesunde

Innløyising av «Vetlevika næringsområde» område i Vetlevika, regulert til næringsføremål, om lag 17 dekar

Innløyising av areal på Ytreeide til næringsføremål- om lag 45 dekar landbruksareal tenkt nytta til næringsføremål

### **Kloakksanering Perhustunet**

Gjeld sanering av næring og bustad frå gbnr 57/175 ved gamlebrua til gbnr 57/86. Kloakk frå området går i dag på Stryneelva. Er etablert delvis ferdig pumpestasjon ved gbnr 57/228 som lyt ferdigstillast.

### **Kvikkleirekartlegging**

Avklare reell naturføre knytt til kvikkleire for deler av Stryn sentrum.

### **Ny kantklippar for traktor**

Kommunen treng å skifte ut kantklippeaggregatet for slått av vegskråning langs kommunal veg. Eksisterande slåtteaggregat er frå 2012 og veldig slete. Det har vore større reparasjonar både i 2021 og 2022, noko som reduserar driftstida og aukar driftskostnadane. Stryn kommune har 153 km veg der det skal utførast kantslått. Kommunen er avhengig av at utstyret fungerer for å kunne nå over alle vegane rundt i kommunen.

### **Ny varebil vatn og avløp**

Driftsavdelinga for vatn og avløp manglar ein bil for driftspersonellet. Pr. i dag lånar driftspersonellet varebil frå avdeling for kommunalteknikk, men dette medfører mykje køyring for tilsyn med private bilar. Bruk av private bilar er ikkje ynskjeleg når tilsette må ha med utstyr som spade, spett, kumnøklar, kjegler, m.m.

### **Nykartlegging, ortofot og oppdatering AR5**

Ajourføring av kart og nye ortofoto for å ha eit godt og oppdatert datagrunnlag.

### **Nytt slåtteutstyr park og grønt**

Park og grønt treng nytt slåtteutstyr for vedlikehald av kommunale plenar, parkar og grøntanlegg, samt vegkantar langs kommunale vegar. Kommunen har i dag ein John Deere plenetraktor, men slåttepanna er heilt utsleta slik at lager og reimdrift ikkje lenger set slik dei skal. Sesongen 2022 har medført meir reparasjonar enn driftstid. Plantraktoren er tung å handtere, noko som har resultert i fleire sjukemeldingar hjå mannskapet. Kommunen treng sårt fornying av slåtteutstyr for å kunne oppretthalde den standard som er i dag.

Dersom nytt slåttestyr ikkje vert prioritert, vil kommunen ikkje klare å halde alle kommunale grøntanlegg vedlike. Det vil bli redusert slått av grøntområder for skule og barnehage, og i kommunale byggjefelt.

#### **Oppmålingsbil**

Oppmålingsbilen Toyota HIACE 4WD 2004 modell er 17 år gamal og bør skiftast ut med ein ny.

#### **Opprusting og sikringstiltak kommunale vegar**

Stryn kommune har ca 153km med kommunal veg, inkl. ca. 61 km grusveg.

Det er store behov for å gjere tiltak på desse som t.d. auke bereevne, utbetre flaskehalsar, sikre murar og skjeringar, autovern, asfaltering m.m.

#### **Regulering av bustad- og næringsareal**

Regulering/reguleringsendring, aktuelle område kan vere; Demmehaug, Øvre Hogane, Storesunde, nytt bustadområde i Olden

Regulering av nytt næringsareal, aktuelle område kan vere; nytt næringsareal aust for Skarsmyra, næringsareal på Langesethøgda (N103), Ytreeide, vurdere nytt næringsareal Olden.

#### **Samlokalisering av brannstasjon og lokale for tekniske tenester og vaktmeister**

Stryn brannvesen har pålegg frå Arbeidstilsynet om utbetring av eksisterande brannstasjon med omsyn til reine/skitne soner, ventilasjon og garderobetilhøver. I K-sak 034/17 er det omtala at brannstasjon og tekniske tenester bør flyttast. I K-sak 014/21 er det vedtek at Stryn kommune skal samlokalisere tekniske tenester, vaktmeistertenester og ny brannstasjon. Det må setjast av tilstrekkeleg areal for vognhall, verkstad, lager, garderobar, kontor, møterom- og opphaldsrom for tenester frå kommunalteknikk, bygg og eigedom. Det må etablerast kaldtlager for lagring av sesongutstyr og anna materiale.

#### **Skifte ut varebil til samfunnsutvikling**

Park og grønt har ein gamal varebil som arbeidsbil. Dette er ein 1994-modell Toyota HiAce som er i svært dårleg forfatning og med bensinmotor. Bilen vil være veteranbil om 2 år, og er ikkje tenleg eller forsvarleg til drift av parkar og grøntområder i kommunen

#### **Storesunde - ny veg fram til forsamlingshus - inkl. grunnkjøp**

Tiltaket gjeld bygging av ny veg frå Fv722 til Grendahus på Storesunde i samsvar med reguleringsplan frå 25.6.2015. Stryn kommune har inngått rettsforlik der kommunen skal yte tilskot til gbnr 69/1 mot at kommunen slepp oreigning av areal til veg. Stryn kommune er saksøkt for manglande etablering av veg, okt 2017. I forhold til gjennomføringsevne er det lagt opp til oppstart i 2020 med ferdigstilling i 2021.

#### **Storesunde Nymarka VA**

Vedtak KS059/18.

Gjeld etablering av vatn og avløp til 6 hytter og 3 bustadar ved Nymarka på Storesunde. For å få dette til må ein i tillegg til VA-grøft byggje trykkaukestasjon for vatn og veg fram til denne. I tillegg ynskjer ein å etablere høgdebasseng noko Storesunde vassverk manglar. Var løyvt i 2019, men på grunn av kapasitet må prosjektet overførast til 2020. Ny handsaming i kommunestyre i 2019 KS040 der anleggsbidrag på kr. 50.000,- er teke bort. Abonentane skal i staden betale tilknytingsgebyr på kr. 5.000,- x 2 for vatn og avløp (gjeld eksisterande abonnentar) og framtidige abonnentar skal betale kr. 15.000,- x 2.

#### **Utsleppslinjer kloakk - utbetring av skader**

Utbetring og tilsyn av utsleppspunkt for avløp i sjø.

## Vedlegg

### Budsjett og økonomiplan frå Stryn kyrkjelege fellesråd



DEN NORSKE KYRKJA  
Stryn Kyrkjelege Fellesråd  
MØTEBOK

| SAK      | ORGAN       | MØTEDATO   | JOURN.NR. | ARKIV NR. |
|----------|-------------|------------|-----------|-----------|
| Ky-21/22 | Fellesrådet | 17.11.2022 |           | 111/112   |

**Sakshandsamar:** KSM

#### BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023-2026

##### Presentasjon:

Stryn Kyrkjelege Fellesråd skal levere eit konsekvensjustert budsjett som syner utgifter til noverande drift, der eventuelle endringar i løpet av 2022 er bakt inn. Forslaget vert sendt kommuneadministrasjonen med eit grunngeve forslag til ramme for drifta neste år. Det skal og settast opp ein økonomiplan på grunnlag av planar og behov for dei komande fire åra.

##### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Trussamfunnslova §14  
Økonomireglement for fellesrådet.

##### Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt:  
Forslag til Budsjett 2023  
Forslag til Økonomiplan 2023-2026

##### Saksopplysningar:

Forslag til driftsbudsjett 2023, syner til vedlegg for detaljert oppsett:

| Kostnader for dei ulike ansvar og tenester | Budsjettår 2022 | Budsjettår 2023 |
|--|-----------------|-----------------|
| 11/390 Kyrkjeverjekontor                   | 1.636.506       | 1.731.700       |
| 21/390 Kyrkjeleg administrasjon            | 268.091         | 297.476         |
| 21/391 Kyrkjer                             | 1.896.448       | 2.078.734       |
| 21/392 Andre kyrkjelege føremål            | 72.800          | 84.425          |
| 21/393 Gravplassar                         | 1.741.081       | 2.026.595       |
| 21/880 Statstilskot og finanstransaksjonar | -6.831.880      | -7.488.660      |
| 22/392 Konfirmantundervisning              | 12.060          | 14.060          |
| 23/392 Kateket                             | 853.501         | 907.900         |
| 24/392 Trusopplæring                       | 290.792         | 287.171         |
| 25/390 Prestekontor i Innvik               | 60.600          | 60.600          |



DEN NORSKE KYRKJA  
Stryn Kyrkjelege Fellestråd

MØTEBOK

| SAK      | ORGAN        | MØTEDATO   | JOURN.NR. | ARKIV NR. |
|----------|--------------|------------|-----------|-----------|
| Ky-21/22 | Fellestrådet | 17.11.2022 |           | 111/112   |

Syner til vedlegg for økonomiplan 2023-2026.

**Vurdering:**

Driftsbudsjett for 2023:

Budsjettframlegget baserer seg på å vidareføre drifta utan store endringar. Trusopplæringa er framleis finansiert hovudsakleg av statstilskot og medfinansiering av sokneråda. Trongen for ei diakonal satsing - med diakonressurs, særleg retta mot ungdom, er aukande i lokalmiljøet.

**Kommentar til nokre av postane i driftsbudsjettet for 2022:**

**Løns- og prisvekst:** etter rettleiing frå kommuneadministrasjonen er det lagt inn ein lønsvekst på 4 %, prisvekst på 4,5%.

**KLP-premie** er sett til 17,7% i samsvar med nyleg motteken premieprognose frå KLP.

**Kommentar til Økonomiplan 2023-26 - Tiltak for drift og vedlikehald og investeringar:**

Sokneråda har fått høve til å spele inn tiltak dei ser trong for å få gjennomført i den komande økonomiplanperioden. Ein har her teke med dei mest omfattande tiltaka. Mindre tiltak vil framleis bli utført som løpande vedlikehald, og sokneråda tek sin del gjennom vedlikehald og fornying av inventar og utstyr, t.d. prosjektor/skjerm, liturgisk utstyr og enkelt inventar. Det har høg prioritet å halde bygningsmassen best mogleg ved like. Difor vil det vere nokre tiltak som uansett må prioriterast. Utfordringa er å ta nødvendig omsyn til alle sider av ressursforvaltninga slik at den best mogleg tener det som er kyrkja sitt oppdrag.

Overordna prioriteringar:

**\*Klimaskalsikring:**

- Sørge for tette tak på alle kyrkjene og andre bygningar
- Sørge for regelmessig utandørs måling. Måling av ei kyrkje pr. år vil gje ein tilfredstillande frekvens, og sikre at er a jour..
- Regelmessig vedlikehald av vindu, dører og skifte dårleg treverk.

Det har siste åra kome økonomiske støtteordningar til denne type tiltak, etter ein del kriterium som rettar tilskota mot dei eldste av kyrkjene våre, og som har vore til god hjelp.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Stryn Kyrkjelege Fellestråd**

**MØTEBOK**

| SAK      | ORGAN        | MØTEDATO   | JOURN.NR. | ARKIV NR. |
|----------|--------------|------------|-----------|-----------|
| Ky-21/22 | Fellestrådet | 17.11.2022 |           | 111/112   |

**\*Forvaltning av gravplassane:**

- Når Oppstryn no får ein namna minnelund, står fleire av gravplassane for tur for å få urnelund. Desse bør prioriterast i den grad dei imøtekjem eit reelt ynskje/behov i dei einkilde bygdene. Det er alt vedteke at den neste skal kome i Loen.

- Digitale gravkart etter SOSI-standard er no lovpålagt, og vil gje ei vesentleg forenkling av gravplassforvaltninga.

- Reservekapasiteten for kistegraver ved gravplassane i Nedstryn og Olden minkar fort. På begge dei gravplassane må nye felt vere tilgjengelege innan få år. Dette er tiltak som – i tråd med tidlegare praksis, må bli leia og gjennomført av Stryn kommune.

**\*Oppgradering og utvikling:**

For at kyrkjene og gravplassane skal vere tenelege og velstelte, må det vere økonomisk handlingsrom for ei god og verdig forvaltning. Dei tilsette har ansvar for orden og dagleg drift, og gjer ein god del handtverksarbeid i løpet av året. Dei tilsette skal ha gode rammevilkår, det er viktig å kunne tilby godt og teneleg utstyr til arbeidsoppgåvene, maskinparken må vedlikehaldast og jamnleg fornyast. Det skal og vere rom for fagleg utvikling gjennom kurs og rettleiing. Sokneråda syner og eit betydeleg engasjement, og gjev gode bidrag i praktiske tenester, innspel til drifta og gjennom økonomiske bidrag.

Nye tiltak - drift:

Tiltak som er føreslått prioritert i 2023:

**1.-4.: Vedlikehald av kyrkjene Nordsida og Randabygd:**

Nordsida kyrkje vart sist måla i 2008. Det er sprekker i betongen, som gjer at risikoen for alvorlege korrosjonsskader aukar. Eit akutttiltak sommaren 2022 for å tette vassinntrenging frå takbeslag, stadfesta høg risiko for meir omfattande lekkasjer frå taket innan kort tid. Eit avgrensa tiltak med skifte av beslag og rote treverk vil avhjelpe den akutte risikoen og stanse forfallet.

Randabygd kyrkje vart sist måla i 2010. Trappa opp til kyrkja er i dårleg forfatning, denne må prioriterast av tryggleikssyn.

**5. Tilskot til fri kremasjon:**

Det vert føreslått å sette av ein sum som dekker 20 kremasjonar, som vil vere ca 1/3 av alle gravleggingar i løpet av



DEN NORSKE KYRKJA  
Stryn Kyrkjelege Fellesråd

MØTEBOK

| SAK      | ORGAN       | MØTEDATO   | JOURN.NR. | ARKIV NR. |
|----------|-------------|------------|-----------|-----------|
| Ky-21/22 | Fellesrådet | 17.11.2022 |           | 111/112   |

Nye tiltak – investering:

**Kommentarar til prioriterte investeringstiltak for perioden 2022-2025:**

**1. Universell tilkomst Utvik kyrkje**

Tiltaket har vore under planlegging i fleire år, etter initiativ og forprosjekt av Utvik sokneråd. Riksantikvaren har vore på staden, og ein ventar på godkjenning av planane. Ved sikra finansiering kan tiltaket settast igong når godkjend plan ligg føre.

**2. Omlegging av tak, Randabygd kyrkje**

Ifølge tilstandsvurdering frå 2020, må skifertaket på Randabygd kyrkje leggst om innan få år. Det vart då påpeika at det var løsna skiferheller på taket. Det som har vore av laus skifer er no fjerna, men utifrå tilstanden er der framleis risiko for at meir stein løsnar, som medfører risiko for publikum. Grunna omfattande stillasbygging, bør dette tiltaket utførast samtidig med måling av kyrkja.

**3. Golvrehabilitering i Nordsida kyrkje**

Det har vore ein tidkrevande prosess å sette kyrkja i stand etter omfattande lekkasjeskade i april. Sjølve kyrkjerommet ber tydeleg preg av det som har skjedd, men grunna status/slitasje på skadetidpunkt vil ein ikkje få dekkja den nødvendige oppgraderinga av golvet gjennom skadeoppgjeret. Dette er eit tiltak som har stått på økonomiplanen i fleire år, og utifrå aktuelle situasjon blir den foreslått som eit høgt prioritert tiltak. Fagkonsulent har vore på staden og tilrår sterkt ei oppgradering. Prisoverslag omfattar kyrkjerom, sidesal, våpenhus og mellomgang.

**4. Minnelund Loen**

Soknerådet har – på bakgrunn av at ein er kjend med lokale ynskje, teke initiativ til å få ein namna minnelund på gravplassen. Det er gjort vedtak i Fellesrådet om at Loen gravplass skal få den neste minnelunden, etter Oppstryn.

**5. Universell tilkomst til Loen gravplass/kyrkje**

Det må leggst betre til rette om det skal bli greitt å kome inn på gravplassen med rullestol/rullator. Endå meir omfattande er det å gjere inngangspartiet til kyrkja tilrettelagt med terskelfri tilkomst. Dette må i første omgang planleggast og prosjekterast.



DEN NORSKE KYRKJA  
Stryn Kyrkjelege Fellestråd

MØTEBOK

| SAK      | ORGAN        | MØTEDATO   | JOURN.NR. | ARKIV NR. |
|----------|--------------|------------|-----------|-----------|
| Ky-21/22 | Fellestrådet | 17.11.2022 |           | 111/112   |

**Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:**

1. Stryn kyrkjelege fellestråd vedtek driftsbudsjett for 2023 slik det ligg føre. Ein ber Stryn kommune om ei overføring på kr. 7.000.000 for drift i 2023, som tilsvarer overføringa frå 2022, med deflator på 2,61%. Det vert budsjettert med bruk av kr. 478.660 av ubunde driftsfond.
2. Økonomiplan for 2023-2026 vert vedteken med dei prioriteringar som kjem fram i møtet.

**Vedtak:**

**Sign.**

Kari Synnøve Muri  
-sekr-

**Utskrift sendt til:**

Medlemmane i fellestrådet  
Sokneråda  
Sokneprestane  
Prosten i Nordfjord  
Stryn kommune v/kommunedirektør



Stryn kommune,  
w/kommunedirektør Jon Nesje

Dykkar ref.

Dykkar brev

Vår ref.  
22-163-112

Stryn, 01.11.2022

### INNSPEL TIL STRYN KOMMUNE SITT BUDSJETT/ØKONOMIPLAN 2023-26

Takkar for invitasjon til å kome med innspel til den kommunale budsjettprosessen, og syner til vedlagde framlegg til prioriteringar.

Grunna sjukmelding for kyrkjevevja, og deretter ferie, måtte det budsjettmøtet i Fellesrådet som var planlagt 29. sept., utsettast. Nytt møte er fastsett til 17. november. Dette medfører at det vedlagde framlegget frå kyrkjevevja ikkje har vore politisk hansdsama av Kyrkjeleg Fellesråd. I samråd med kommuneadministrasjonen og leiar i Fellesrådet har ein likevel valt å sende inn framlegget slik det ligg føre. Om den politiske handsaminga i Fellesrådet skulle medføre vesentlege endringar, vil desse bli formidla i etterkant.

Finansiering av den Den norske kyrkja er heimla i Lov om trus- og livssynssamfunn §14 som syner korleis ansvaret er fordelt mellom staten og kommunen.

Det vedlagde driftsbudsjettet (Vedlegg 1) er - etter klare signal frå økonomileiinga i kommunen, lagt på eit svært nøkternt nivå. Utgiftene baserer seg på ei vidareføring av noverande drift, med ein lønsvekst på 4,0%. Etter signala som har kome undervegs i prosessen, og ei erkjening av at ein framleis ikkje har bruk heile driftsfondet, har ein valt å legge inn ein lågare auke på tilskotet frå kommunen.

Med dette ber Stryn kyrkjelege Fellesråd om eit tilskot på kr. 7.000.000,- frå Stryn kommune til drift i 2023. Dette tilsvarer ein deflator på 2,61% i høve overføringa for inneverande år. Budsjettet er i balanse med bruk av kr. 478660 av ubunde driftsfond.

Dei siste åra har det - med nokre få unntak ikkje blitt tilført midlar til ekstra tiltak. Vi har likevel klart å realisere ein del av dei planlagde tiltaka. Dette klarer vi dels grunna mindreforbruk – hovudsakleg grunna sjukmeldingar, som blir sett av på ubunde driftsfond (pr. 01.01.2022 på ca. 1,6 mill.), men og ved hjelp av gåver, medfinansiering av sokneråda og tilskot frå Riksantikvar og andre eksterne organ. Vi kan nemne dei tiltaka som i 2022 blir sluttfinansiert ved bruk av driftsfond:

-Minnelund Oppstryn gravplass, totalt: totalt 1,05 mill. Tilskot frå Stryn kommune: 250.000  
Bruk av gravplassfond: 500.000,-

-Montering av automatisk brannvarsling i fire kyrkjer: 700.000,- Tilskot frå Knif: 200.000,-

-Rehabilitering av Olden gamle kyrkje: tiltak pågår: kr. 900.000 frå Riksantikvaren, kr. 600.000 frå Stryn kommune.

-Rehabilitering av Utvik kyrkje: tiltak pågår: kr. 300.000,- frå Riksantikvaren.

Når vi no i tillegg brukar knapt 0,5 mill for å balansere driftsbudsjettet for 2023, vil det truleg vere lite att på dette driftsfondet til denne type tiltak dei komande åra.

## Økonomiplan for 2023-2026

Vedlegg 2 syner eit oppsett på dei tiltaka som vert vurdert som mest naudsynte å gjennomføre, men som neppe kan gjennomførast i 2023 utan ytterlegare bidrag frå kommunen. Pr. idag føreligg det ikkje tilbod/tilsagn om anna finansiering for nokon av tiltaka.

| Pri | Tiltak  | Kostnad   |
|-----|---|-----------|
|     | <b>Drift og vedlikehald</b>                     |           |
|     |   |           |
| 1   | Utvendig måling og repr., Nordsida kyrkje       | 800 000   |
| 2   | Takrehabilitering Nordsida (mønegavlør, beslag) | 200 000   |
| 3   | Utvendig måling, Randabygd kyrkje               | 500 000   |
| 4   | Rehabilitering av tilkomst/trapp ute, Randabygd | 100 000   |
| 5   | Tilskot til fri kremasjon                       | 110 000   |
|     | <b>Investeringar</b>                            |           |
| 1   | Universell tilkomst, Utvik kyrkje               | 300 000   |
| 2   | Omlegging av tak, Randabygd                     | 1 500 000 |
| 3   | Golvrehabilitering Nordsida                     | 400 000   |
| 4   | Mimehund Loen                                   | 250 000   |
| 5   | Universell tilkomst Loen gravplass/kyrkje       | 300 000   |

For skildring av dei ulike tiltaka, og for fullstendig oversyn over heile økonomiplanperioden, vert det synt til Vedlegg 2 «Framlegg til økonomiplan for SKF 2023-26».

Stryn kyrkjelege fellesråd opplever at samarbeidet med Stryn kommune har vore - og framleis er - konstruktivt og prega av gjensidig forståing. Vi ser fram til at samarbeidet blir vidareført på same måte dei komande åra.

Med helsing

Kari Synnøve Muri  
-Kyrkjeverje-

Vedlagt:

Saksutgreiing til Ky-sak 21/22: «Budsjett 2023 og Økonomiplan 2023-2026»

Vedlegg 1 – Framlegg til Driftsbudsjett 2023

Vedlegg 2 – Framlegg til Økonomiplan 2023-26

## Budsjett Kontrollutvalet

# Kontrollutvalet

## SEKOM sekretariat

Sekretariat for kommunale kontrollutval

| Saksnr. utval | Utval               | Møtedato   |
|---------------|---------------------|------------|
| 43/22         | Stryn kontrollutval | 13.09.2022 |

| Arkiv  | Sakshandsamar  |
|--------|----------------|
| FE-150 | Arnar Helgheim |

### Budsjett 2023 - Stryn kontrollutval

#### Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett 2023 for drift av utvalet:

| Konto | Tekst                  | B2022  | B2023   |
|-------|------------------------|--------|---------|
| 108   | Godtgjersle folkevalde | 45 000 | 47 000  |
| 109   | Arbeidsgjevaravgift    | 5 000  | 5 000   |
| 115   | Opplæring / kurs       | 30 000 | 32 000  |
| 116   | Skyss / diett          | 10 000 | 10 000  |
| 119   | Kontingent FKT         | 8 000  | 8 000   |
|       | Sum                    | 98 000 | 102 000 |

#### 13.09.2022 Stryn kontrollutval

#### Handsaming:

Tilrådinga vart samrøyses vedteken.

#### STR-43/22 Vedtak:

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett 2023 for drift av utvalet:

| Konto | Tekst                  | B2022  | B2023   |
|-------|------------------------|--------|---------|
| 108   | Godtgjersle folkevalde | 45 000 | 47 000  |
| 109   | Arbeidsgjevaravgift    | 5 000  | 5 000   |
| 115   | Opplæring / kurs       | 30 000 | 32 000  |
| 116   | Skyss / diett          | 10 000 | 10 000  |
| 119   | Kontingent FKT         | 8 000  | 8 000   |
|       | Sum                    | 98 000 | 102 000 |

#### Saksutgreiing:

Kontrollutvalet kjem med framlegg til budsjett for drift av utvalet. Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2:

*Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget*

Sekretariatet rår til at budsjettet vert på om lag same nivå som for 2021. Føresetnadar for godtgjersle i budsjettet:

Framlegget bygger på 6 møte i året:

|  |           |
|--|-----------|
| Godtgjersle til leiar på 1,5% av ordførar. | Kr 19.920 |
| Medlemane 0,1% av ordførar pr møte.        | Kr 12.410 |
| Sum møtegodtgjersle i reknestykket:        | kr 32.330 |

Tapt arbeidforteneste er usikkert og difor stipulert.

Budsjettframlegg møtegodtgjersle og tapt arbeidforteneste      Kr 47.000.

Posten for kontingentar gjeld medlemskap i Forum for kontroll og tilsyn (FKT). For kommunar med 5.000 – 10.000 innbyggjarar er satsen kr 7.500 pr år for 2022.

Kommunen er med i interkommunale oppgåvefelleskap om revisjons- og sekretariattjenester. Etter samarbeidsavtalene for selskapa, er det representantskapet som vedtek budsjett. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet sjølv som vert handsama av kontrollutvalet.